



# Årsrapport 2022

# Fylkeskommunedirektøren har ordet



Fylkeskommunedirektør Toril Hovdenak

## Positivt driftsresultat i eit krevjande år

Det er mange grunnar til å vere stolt av det vi fekk til i 2022. I eit krevjande år har vi styrka posisjonen vår som berekraftsfylke, og vi har levert gode tenester til innbyggjarane.

Eksempla på dette er mange. Vi er i landstoppen i tal på elevar som gjennomførte vidaregåande opplæring, i mars starta anleggsarbeidet på Campus Kristiansund, og opera og kulturhuset Normoria er i ferd med å bli realisert. Vi opna Nordøyvegen, og sju av dei 20 ferjesambanda våre vart elektrifisert.

Etter to år med pandemi og restriksjonar trudde vi at 2022 skulle bli eit år der vi gjekk tilbake til normalen, men slik vart det ikkje. Året vart prega av den usikre situasjonen i Europa med krig i Ukraina, og ei energikrise som har ført til høg prisvekst og høgt rentenivå. Dette har hatt direkte konsekvensar for fylkeskommunen. Den statlege finansieringa av fylkeskommunen har ikkje halde følgje med den sterke pris- og renteveksten. Så til trass for at vi i 2022 har fått eit positivt driftsresultat, må vi ta grep og omstille driftsnivået vårt til eit berekraftig nivå i åra framover.

Sjølv om vi har utfordringar, så skal vi likevel fortsette oppdraget vårt som berekraftig samfunnsutviklar i åra som kjem. Det er avgjerande at vi ikkje mister utviklingskrafta, og vi skal dei komande åra levere gode tenester til innbyggjarane våre innan vidaregåande opplæring, kollektivtransport og tannhelse. Og vi skal bidra til utvikling av kulturtilboda, næringsutvikling og trygge fylkesvegar.

Til å løyse det viktige samfunnsoppdraget, har vi heldigvis ein sterk og robust organisasjon med dyktige og engasjerte medarbeidrarar.

*Toril Hovdenak*

*Toril Hovdenak,  
fylkeskommunedirektør*

# Kva for oppgåver har fylkeskommunen?

Vi kan dele oppgåvene i fire:

## 1. Det regionale demokratiet

Fylkeskommunen er ein del av det norske demokratiet, der innbyggjarane i fylket kan vere med å påverke kva prioriteringar som skal gjerast for vårt område av landet.

Fylkeskommunen blir styrt av fylkestinget, som består av 47 folkevalde politikarar. Tinget vedtar planar, saker og budsjett for arbeidet til fylkeskommunen.

## 2. Vi bidrar til å utvikle regionen

Vi er ein pådriver for berekraftig regional samfunnsutvikling, i tett samarbeid med kommunar, næringsliv, akademia og organisasjonar. Vi jobbar mellom anna for nyskaping, vekst og arbeidsplassar, by- og tettstadutvikling, kulturtilbod og folkehelse.

## 3. Vi leverer tenester til alle som bor og arbeider i fylket

Kvar dag leverer vi viktige velferdstenester som vidaregåande opplæring, tannhelse, kollektivtrafikk, fylkesvegar og kulturformidling.

## 4. Vi forvaltar oppgåver på vegner av staten

Vi skal forvalte mynde på vegner av staten på område som kulturminne, vassforvaltning, friluftsliv og forvaltning av naturressursar.

Les meir om dei ulike områda og kva dei arbeider med:

### Fag- og tenesteområda

- Kompetanse- og næringsområdet
- Samferdselsområdet
- Kulturområdet
- Tannhelsetenesta

### Stabsavdelingane

- Stab for strategi og styring
- Stab for organisasjon og tenesteutvikling
- Stab for juridiske og administrative tenester
- Bygg- og eigedomstenester

# Hendingar i 2022

## Januar

### **MF «Sand» gjekk over til batteri**

Av dei 21 ferjesambanda som FRAM har ansvaret for i Møre og Romsdal, er Årvika-Koparnes det sjette som får elektrisk drift.

### **Gyda: Auka beredskap på fylkesvegane**

Meteorologisk institutt og NVE sendte ut farevarsling då ekstremvêret Gyda trefte fylket. Med fare for flaum, skred, vanskelege køyreforhold og stengte vegar, jobba fylkesveg for å leie vatn vekk frå vegane og auka frekvensen på inspeksjonar.

### **Ville markere Frivilligheita sitt år**

Ved inngangen til det nye året, vart alle kommunar i fylket oppmoda til synleggjere den frivillige innsatsen som vert gjort i fylket. Fylkeskommunen la opp til ei samla markering av dei frivillige i veke 23, Vår veke

### **Halv pris på tannbehandling 21- og 22-åringar**

Frå 1. januar 2022 er det offentlege tannhelsetilbodet utvida til å gjelde 21- og 22-åringar.

## Februar

### **Fylkesutvalet fordømmer angrepet på Ukraina**

Fylkesutvalet i Møre og Romsdal vedtok i ein uttale at dei står i full solidaritet med ukrainarane sin kamp for fridom og demokrati.

### **Ny rapport: Møre og Romsdal treng meir kompetanse**

Ei rekke bedrifter i Møre og Romsdal slit i dag med å rekruttere relevant kompetansearbeidskraft. Og fram mot 2030 blir det enda meir utfordrande: Aktivitetsnivået blir høgare, mens talet på ungdommar går ned. Det går fram av ein rapport frå Menon, laga for Møre og Romsdal fylkeskommune.

### **Signerte leigekontrakt i Campus Kristiansund**

Devoldholmen Utvikling AS og Høgskolen i Molde signerte leigekontrakt for høgskolen sitt areal i første byggetrinn av Campus Kristiansund. Signeringa er ein svært viktig milepæl i Campus-utviklinga.

## Mars

### **Sa ja til å bruke 20,6 mill. kroner på læremiddel**

Utdannings- og kompetanseutvalet vedtok å kjøpe inn nye læremiddel til dei vidaregåande skolane i fylket, både til trykte og digitale læremiddel og læringsressursar.

## **18 kommunar sa ja til storsatsing på marin kunnskap**

Dei skal delta i innsamling av kunnskap og data om havbotn langs kysten. Kartverket, Norges geologiske undersøkelser (NGU) og Havforskningsinstituttet (HI) skal gjennomføre ei nasjonal satsing kalla «Marine grunnkart i kystsonen». Fylkeskommunen var med frå starten.

## **Ønska å løyve 22 mill. til seks stipendiatstillingar**

For å lykkast med omstilling og utvikling i Møre og Romsdal, vil fylkeskommunedirektøren bygge opp og forsterke utdannings- og forskingsmiljøa lokalt. Forskningsmiljøa blir utfordra til å samarbeide om prosjektet for å bygge kapasitet og kunnskap.

## **Bygginga av Campus Kristiansund i gang**

Forsknings- og høgare utdanningsminister Ola Borten Moe fekk køyre gravemaskina og starte rivinga av rutebilstasjonen i Kristiansund då startskotet for første byggetrinn gjekk. Det markerte at byen skal få ein campus for høgare utdanning, forskning og innovasjon.

## **Framleis høge søkerat til yrkesfag**

Heile 58 prosent av søkerane har søkt om plass på yrkesfaglege utdanningsprogram på vidaregåande, ein nedgang på eit knapt prosentpoeng frå skoleåret 2021-2022.

## **April**

### **Ungdomspanelet delte ut støtte til ungdomsaktivitetar i fylket**

Diskgolfbane på Fiskerstrand, arrangement i Molde dansefestival, ungdomskveldar i Bondalen frilynde ungdomslag og motorsportaktivitet i Sande er blant tiltaka som har fått ungdomsmidlar, til saman 150 000 kroner til ni prosjekt.

## **Starta arbeidet med ferjekaiene**

Ferjesambandet Sølsnes-Åfarnes skal no tilpassast dei nye nullutsleppsferjene med nye tilleggskaier, som skal stå ferdige til 2024.

## **Ulstein vgs. i forskningsprosjekt: Lærer elevar meir ved å bruke penn på pc?**

Prosjektet er eit samarbeid mellom NTNU Trondheim, Høgskulen i Volda og Microsoft.

## **Tilbyr heile fylket opplæring i berekraft**

Fylkeskommunen lanserte e-læringskurs om berekraft for kommunar og andre interesserte i fylket. Målet er å auke kunnskapen om og styrke arbeidet med berekraft i regionen ytterlegare.

## **Mai**

## **Nordmøre blir størst i fylket på elektriske bussar**

Nordmøre får den høgaste andelen el-bussar i fylket når Tide Buss AS sin nye avtale med FRAM startar frå 2024. Kontrakten fram til 2033 har ein verdi på nærmere 900 millionar kroner.

## **Ny tannklinikk styrkar tannhelsemiljøet i Aure**

Aure kommune og brukarane har fått ny, moderne tannklinik. I mai var det offisiell opning. Den blir samlokalisering med privat tannhelseteneste i kommunen.

## Inngår avtale om å kartlegge geologiske ressursar i Møre og Romsdal

Fylkeskommune og Norges geologiske undersøkelse (NGU) har inngått samarbeidsavtale om kartlegging av dei geologiske ressursane i fylket. Geofysiske målingar frå helikopter blir gjennomført allereie i løpet av sommaren.

## Lærlingar frå Møre og Romsdal i toppen i Yrkes-NM

Møre og Romsdal tok ein gull-, ein sølv- og to bronseplassar i Yrkes-NM på Raufoss denne veka. Det vart medaljepllass både i sveisarfaget, industrimekanikarfaget, automatiseringsfaget.

## Juni

### Åtte ferjesamband blir gratis

Fylkesutvalet vedtok at åtte ferjesamband i Møre og Romsdal skal få gratis ferje frå 1. juli. Ordninga gjeld øyer i ferjesamband med lite trafikk, med færre enn 100.000 reisande per år.

### Vedtok strategi for seriøst arbeidsliv

Fylkestinget vedtok fylkesstrategien for seriøst arbeidsliv og Møre og Romsdal-modellen. Den legg føringar for korleis fylkeskommunen som stor offentleg oppdragsgivar og regional utviklar skal arbeide for eit seriøst arbeidsliv.

### Millionstøtte til å utvikle infrastruktur til forsking og innovasjon

ÅKP Digicat, SINTEF Ålesund, Innveno og Ikuben fekke støtte til å finne ut kva utstyr som trengst for å få til meir innovasjon og forsking i fylket.

### Rekord: Over 100 millionar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet i Møre og Romsdal

Klatreanlegget til Kristiansund fjellklubb, svømmeanlegget i Ulstein Arena og fleirbrukshallen i Idrettens Hus i Molde er blant dei som har fått godkjent store tilskot frå kultur-, næring og folkehelseutvalet. Rekordsummen skuldast overskot hos Norsk Tipping.

### Ville støtte innovative arbeidsfellesskap

Coworkingprosjekt i Vatne-Tennfjord, Ulstein, Veiholmen, Romsdal og andre fekk tildelt opp til 1,68 mill. kroner. Målet er at dei nye løysingane skal bidra til til meir attraktive lokalsamfunn og nye arbeidsplassar.

### Åtte bibliotek i fylket får midlar til spennande prosjekt

Fylkeskommunen fordelte 500 000 kroner til bibliotekutvikling. Pengane skal mellom anna gå til 200-årsjubileum, interkommunalt LAN og oppsøkande folkeopplysing.

## Juli

## **Gratis buss i to månadar i Ålesundsområdet, Sula og Giske**

Frå mandag 22. august og i to månadar kunne du reise gratis med buss i Ålesundsområdet, Sula og Giske og få rabatt på hurtigbåtane. Målet med kampanjen var å få fleire til å bruke kollektivtransport.

## **«Bytvilling» frå Ålesund gir europeiske byar klimahjelp**

Eit EU-prosjekt skal bidra til at byane våre toler klimaendringane. Det skal dei gjere ved hjelp av ein bytvilling, ei digital framstilling av byen. Fylkeskommunen er partner og ønsker å ta i bruk ny teknologi for å involvere innbyggjarane i byutviklinga.

### **August**

#### **Feira opninga av Nordøyvegen**

Laurdag 27. august vart det markert at eit av dei mest spektakulære vegprosjekta i landet stod ferdig. Då opna heile Nordøyvegen frå trafikk, frå Skjeltene til Harøya, og ga 2700 innbyggjarar på Nordøyane fastlandssamband med resten av Ålesund kommune. Opninga vart feira med talar og folkefest.

#### **Fann vikingsverd i hagen på Vestnes**

Heidi Vike Grønningsæter og mannen trudde bitane dei fann i åkeren for to år sidan var gamle restar av ein plog. Arkeolog Bjørn Ringstad var i derimot ikkje i tvil - Dette er eit vikingsverd. Sverdet vart sendt til NTNU for analyse og konservering.

#### **Dobling av jenter som vel bygg- og industrifag i Møre og Romsdal**

Ved skolestart var rundt 20 prosent av elevane på bygg- og anleggsteknikk, teknologi- og industrifag og IT og medieproduksjon jenter. Det er nær ei dobling frå 2018.

### **September**

#### **Ukrainske elevar starta i innføringsklassar: Skal sleppe å ha livet på vent**

I august sette rundt 50 – hovudsakleg ukrainske – elevar seg på skulebenken på Ørsta, Romsdal, Kristiansund og Borgund vidaregåande skole. Fylkeskommunen oppretta for første gong fire innføringsklassar, for flyktningar mellom 16- og 19 år.

#### **Molde Sjakkklubb integrerer ukrainarar**

Takka vere integreringsmidlar frå fylkeskommunen har Molde Sjakkklubb blitt ein møtestad på tvers av nasjonar, kulturar og språk. Kvar mandag møtes bønder og kongelege på brettet, styrt av flyktningar og nordmenn i fin blanding.

#### **Mesta og Veidekke fekk driftskontraktane på Nordmøre**

Mesta og Veidekke skal dei neste fem åra drifte og vedlikehalde fylkesvegane på Nordmøre. Kontraktane har ein verdi på til saman 638 millionar kroner.

## Fekk gratis klima- og energirådgiving

Frå 19. september kunne alle kommunar i Møre og Romsdal tilby gratis klima- og energirådgiving til bustadeigarar i fylket. Kampanjen er finansiert av fylkeskommunen og vart levert i samarbeid med kommunane.

## No kan du redde Veøya frå vikingangrep

Veøya i vikingtida har blitt til dataspel. Dataspelet Brageskålen er utvikla gjennom ei større satsing på verdiskaping av kulturminne.

## Lanserer podkasten Frampå

Fylkeskommunen lanserte sin aller første podcast, Frampå. I første episode snakka vi om det største og mest aktuelle prosjektet for fylket; Nordøyvegen, og med prosjektleiar Marianne Nærø.

## Oktober

### Fylkesstatistikken: Høgaste fruktbarheit i landet

I 2021 var snittet for kor mange barn kvar kvinne føder gjennom livet på 1,73, i Møre og Romsdal. Dermed ligg vi på topp nasjonalt i fruktbarheit, ifølge tal frå fylkesstatistikken 2022.

### Skal utvikle økologisk landbruk i fylket

Norsk landbruksrådgiving Nordvest får eit tilskot på inntil ein million kroner til eit prosjekt som skal utvikle økologisk landbruk i Møre og Romsdal. Pengane skal gå til kompetanseheving, nettverksbygging og erfaringsdeling.

### EU-prosjekt skal bidra til at Møre og Romsdal blir ein sirkulær region

Som den einaste fylkeskommunen i landet, deltar Møre og Romsdal i EU-prosjektet «Circular Cities and Regions Initiative» (CCRI). - Dette skal hjelpe oss å til å bli eit meir sirkulært samfunn; bruke ressursane våre lengst mogleg, reparere, bruke om igjen og dele, sa Kristin Hansen, prosjektleiar for Berekraftfylket Møre og Romsdal.

### Bygger digital tvilling av solcellepark på Smøla

På oppdrag frå fylkeskommunen skal rådgivingsselskapet COWI bygge ein digital tvilling, ein digital kopi, av eit solkraftverk i vindparken på Smøla. Dette skal bidra til å avdekke potensialet for produksjon av elektrisitet frå solenergi, og moglegheita for å etablere større solcelleparker i regionen.

## November

### Inviterte til den store frivilligfesten

I Frivilligheita sitt år 2022, feira fylkeskommunen frivilligheita to dagar til ende, 4. og 5. desember. Vi inviterte til Fylkeskulturkonferansen 2022 og delte ut Frivilligprisen.

### Feira skredsikra veg i Eikesdalen

Mange av bygdefolket møtte fram for å feire at skredsikringsarbeidet i den 400 meter høge berghammaren Ågothammaren var ferdig og for at strekninga er blitt betre og sikrare for trafikantane

## **Aure, Averøya, Ørsta og Volda fekk støtte til sentrumsutvikling**

Kultur-, næring- og folkehelseutvalet fordele i underkant av 7,5 mill. kr utviklingstiltak som torg, gatemiljø og plassar som bidrar til å skape folkeliv og trivsel i tettstadane.

### **Byggestart for nye Nerlandsøybrua**

Det vart ein liten folkefest da Møre og Romsdal fylkeskommune inviterte til det første spadetaket for den nye Nerlandsøybrua i Herøy kommune. Byggestarten vart markert med bollar, brus, kaker, talar og song av Nerlandsøy skole.

### **Vil at folk skal oppleve Møre og Romsdal, heile året**

Over hundre deltagarar og like mange reiselivsaktørar, tok turen til Åndalsnes då Møre og Romsdal fylkeskommune med samarbeidspartar inviterte til kick off for reiselivsåret 2023. Målet er å få folk til å reise til fylket, bli lengre og oppleve meir.

### **Stadig høgare andel gjennomfører vidaregåande opplæring**

Møre og Romsdal er framleis heilt i toppen i Noreg i andel elevar som fullfører vidaregåande opplæring. Det viser Kvalitetsmeldinga for vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal.

### **Desember**

### **Sprengte liv i Netflix-trollet**

I Netflix-suksessen «Troll» blir eit troll vekt til live under sprengingsarbeid på Dovre. I verkelegheita er det ekte salver frå skredskringsprosjektet til fylkeskommunen mellom Korsmyra og Indreide som vekte stortrollet i filmen. Over 75 millionar såg den norske storfilmen første veka etter premieren.

### **Støttar unikt fiskerisamarbeid**

Stiftinga North Atlantic Institute for Sustainable Fishing (NAIS), med utspring i Midsund, fekk tilskot på tre millionar kroner frå kultur-, næring- og folkehelseutvalet til utvikling av berekraftig ressursforvaltning og etablering av eit senter med tenester for berekraftige havressursar.

### **Etablerer kunstlab i Kristiansund**

Kulturtanken, Møre og Romsdal fylkeskommune og Kristiansund kommune går saman om å etablere ein kunstlab for interaktiv, digital kunst- og kulturproduksjon, i Kristiansund. Den skal vere eit laboratorium for kunstproduksjon, ein opplæringsarena for skoleelevar, men også ein nasjonal ressurs for innovative og digitale løysningar.

### **Eldre fekk opplæring i å bruke FRAM-appen**

I samarbeid med Ålesund kommunen, har FRAM vore med å gi digital opplæring til eldre. Dei fekk lære å sjekke bussruta og kjøpe bussbillettar digitalt.

### **Ålesund, Molde og Kristiansund får tilskot til felles omdømme-prosjekt**

Med jakta på kompetent arbeidskraft som felles utfordring, har næringsforeiningane i Ålesund, Molde og Kristiansund gått saman om eit felles rekrutteringsprosjekt. Kultur-, næring og folkehelseutvalet ga tilskot til forprosjektet i 2023.



# Prisar og stipend

## Årets bedrift

Fylkesprisen Årets Bedrift 2021 gjekk til Nansen Polar Expeditions AS frå Smøla. Bedrifta bygger ekspedisjonar, tilpassa etter kunden sine ønske. Dei har to ekspedisjonsskip og arrangerer ekspedisjonar både i Arktis og Antarktis. Nansen Polar Expeditions AS brukar lokale råvarer og har fått ekstrem internasjonal merksemd. [Les meir om prisvinnarane og utdelinga på mrfylke.no](#)

## Fylkeskulturprisen

Hjørundfjord Kulturvernlag tildelt Fylkeskulturprisen 2022. Kulturvernlaget har som oppgåve å ta vare på og restaurere fysiske kulturminne, registrere kulturminne og hjelpe eigarar av kulturminne med å ta vare på desse. Dei var ein sterk pådriver for at Hjørundfjorden er med i ordninga Utvalde kulturlandskap (UKL) [Du kan sjå intervju med prisvinnarane frå utdelinga i desember](#)

## Miljøprisen

Nordic Wildfish frå Valderøya i Giske fekk tildelt Miljøprisen 2022. – Nordic Wildfish er eit forbilde for andre som driv innan fiskeribransjen i Møre og Romsdal. Dei er med på å bevisstgjere næringa om kva påverknad dei har på havet og det marine miljøet, og på å skape haldningsendringar blant tilsette og alle som jobbar med havnæringar, sa Henrik Stensønes (Sp), leiar i kultur-, næring- og folkehelseutvalet. [Du kan sjå intervju med prisvinnarane frå utdelinga i desember](#)

## Inkludering- og mangfaldprisen

Møbelprodusenten Ekornes mottok inkluderings- og mangfaldsprisen 2021. - Fast arbeid gir unike moglegheiter til integrering og forankring i lokalsamfunna våre, og det er ein døropnar til det norske samfunnet. Gjennom godt arbeid og ein god kultur har dei vist ein stor innsats for å skape like moglegheiter, meir inkludering og mangfold i arbeidslivet, sa Marit Krogsæter (Sp), leiar i kultur-, næring- og folkehelseutvalet. [Sjå videointervju med prisvinnarane frå utdelinga](#)

## Årets lærling

Iver Hamre frå Rauma vart kåra til årets lærling. Isterk konkurranse med 29 andre nominerte, skilte Iver seg ut. Lærlingen i bilfaget leverte ei fagprøve utanom det vanlege, og i følge lærebedrifta tok han utfordringar på strak arm og leverte høg fagleg kvalitet gjennom heile lærretida. [Du kan lese meir på mrfylke.no](#)

## Årets regionbyggar

Nyttårskonferansen deler ut prisen Årets regionbyggar til ein person, organisasjon, bedrift eller offentleg aktør som har utmerka seg på ei enkeltsak eller over tid som ei samlande kraft i fylket - eller har tatt spesielt initiativ som bygger Møre og Romsdal saman.

I 2021 gjekk prisen til Ungt Entreprenørskap Møre og Romsdal. «Organisasjonen jobbar innovativt med ei inkluderande arbeidsform som engasjerer og inkluderer mange både i privat næringssliv og verkemiddelapparatet i tillegg til ungdommane sjølv. Ungt Entreprenørskap gir barn og unge rom for skaparglede og mestringsfølelse», seier juryen i sin uttale. [Les meir om prisen på mrfylke.no](#)

## Frivilligprisen

I frivilligåret 2022 vart 21 kandidatar frå heile fylket nominert til Frivilligprisen. Vinnaren av prisen vart Bjørg Bergem frå Averøy. I følgje juryen er prisvinnaren rett og slett eit godt medmenneske: I fleire år har ho invitert einslege til julafoten og arrangert 17.mai-fest for heile kommunen, tillegg til omfattande dugnadsinnsats og frivillig arbeid på mange område, over lang tid. [Du kan lese meir om prisen på mrfylke.no](#)

## Stipend

### Idrettsstipend

| Namn                         | Kommune | Sum    |
|------------------------------|---------|--------|
| Leah Sophie Gallagher Støren | Molde   | 50 000 |
| André M. Bertelsen Drege     | Stranda | 50 000 |
| Hareid IL, turngruppa        | Hareid  | 50 000 |

### Kunstnarstipend

| Namn                  | Kommune  | Kunstart      | Sum     |
|-----------------------|----------|---------------|---------|
| <b>Arbeidsstipend</b> |          |               |         |
| Karin Augusta Nogva   | Ålesund  | Visuell kunst | 200 000 |
| Martin Gjellestad     | Molde    | Film          | 200 000 |
| <b>Andre stipend</b>  |          |               |         |
| Geir Brungot          | Sykylven | Visuell kunst | 100 000 |
| Lissette Escobar      | Sula     | Visuell kunst | 40 000  |
| Kim Åge Furuhaug      | Volda    | Musikk        | 100 000 |
| Ole Andreas Silseth   | Molde    | Musikk        | 60 000  |
| Ole-André Rønneberg   | Sula     | Film          | 100 000 |
| Øystein Orten         | Hareid   | Litteratur    | 100 000 |
| Einy Åm Sparks        | Volda    | Scenekunst    | 100 000 |

# Årsmelding

Her kan du laste ned signert utgåve av årsmeldinga (pdf)

Fylkeskommunen er ein politisk styrt organisasjon med fylkestinget (47 representantar) som det øvste folkevalde organet. Leiar for fylkestinget er fylkesordføraren. Andre sentrale utval med medlemer oppnemnd av fylkestinget er:

- fylkesutvalet
- utdannings- og kompetanseutvalet
- kultur-, næring og folkehelseutvalet
- samferdselsutvalet
- kontrollutvalet

Fylkeskommunen sine ulike roller og planverk er omtalt i årsrapporten.

Fylkeskommunen sine viktigaste oppgåver i dag er:

- Vidaregåande opplæring (vidaregåande skoler, fagopplæring, vaksenopplæring mm.)
- Næringsutvikling (tilretteleggande verkemiddel for næringsutvikling og entreprenørskap)
- Samferdsel (fylkesvegane, fylkesvegferjer, kollektivtrafikk i fylket, ruteopplysning mm.)
- Offentleg tannhelseteneste
- Regional planlegging
- Forvalte regionale utviklingsmidlar (strategisk bruk av næring- og distriktpolisiske virkemidlar)
- Kultur (fylkesbibliotek, spelemidlar til idrettsanlegg, midlar til kulturbygg, driftstilskot mm.)
- Folkehelse (pådrivar for regionalt og lokalt folkehelsearbeid)
- Internasjonalt arbeid

## 1. Driftsrekneskap

### 1.1 Driftsresultat

Møre og Romsdal fylkeskommune har i 2022 eit positivt netto driftsresultat korrigert for bundne fond på 184,4 mill. kroner i 2022 (tabell 1). Dette er ein auke på 180,1 mill. kroner samanlikna med budsjett for 2022, og ein reduksjon på 208,2 mill. kroner samanlikna med rekneskap for 2021.

| i 1000 kroner                | Rekneskap<br>2022 | Budsjett 2022  | Avvik          | Rekneskap 2021 |
|------------------------------|-------------------|----------------|----------------|----------------|
| Brutto driftsinntekter       | 7 168 610         | 6 894 954      | 273 656        | 6 768 736      |
| Brutto driftsutgifter        | 7 022 127         | 6 912 580      | -109 547       | 6 450 764      |
| <b>Brutto driftsresultat</b> | <b>146 483</b>    | <b>-17 626</b> | <b>164 109</b> | <b>317 973</b> |
| Netto finansutgifter         | 415 508           | 428 500        | 12 992         | 320 801        |
| Motpost avskrivningar        | -481 778          | -469 600       | 12 178         | -419 168       |
| <b>Netto driftsresultat</b>  | <b>212 753</b>    | <b>23 474</b>  | <b>189 279</b> | <b>416 340</b> |

| i 1000 kroner   | Rekneskap<br>2022 | Budsjett 2022 | Avvik          | Rekneskap 2021 |
|---|-------------------|---------------|----------------|----------------|
| Netto avsetninger til eller bruk av bundne fond       | -28 355           | -19 155       | -9 200         | -23 702        |
| <b>Netto driftsresultat korrigert for bundne fond</b> | <b>184 398</b>    | <b>4 319</b>  | <b>180 079</b> | <b>392 638</b> |
| i prosent av bruttoinntekt                            | 2,6 %             | 0,1 %         |                | 5,8 %          |

Tabell 1: Netto driftsresultat korrigert for bundne fond

Netto driftsresultat korrigert for bundne fond i prosent av brutto driftsinntekter er på 2,6 prosent, som er 0,5 prosentpoeng lågare enn målsettinga på 3,3 prosent.

Avviket mellom rekneskap og budsjett for 2022 på 180,1 mill. kroner skyldast i hovudsak:

- Fylkeskommunen fekk om lag 112,8 mill. kroner meir enn budsjettert i statleg rammetilskot og fylkesskatt.
- Ikkje budsjetterte inntekter på 31,6 mill. kroner frå Havbruksfondet. Beløpet vart først kjend i desember 2022.
- Netto finansutgifter vart om lag 13 mill. kroner lågare enn budsjettert.
- Rammeområda har eit samla netto meirforbruk på om lag 4,6 mill. kroner. I dette er inkludert eit mindreforbruk på reserveposten på om lag 15,7 mill. kroner.
- Premieavviket viste ei mindreinntekt på om lag 16 mill. kroner.
- Pensjonspremien viste ei meirinntekt på om lag 38,3 mill. kroner.
- Det vart overført om lag om lag 9,4 mill. kroner meir til investeringsrekneskapen enn det som var budsjettert på rammeområda.

### Netto driftsresultat disponerast på følgande måte:

| i 1000 kroner   | Rekneskap<br>2022 | Budsjett 2022 | Avvik          | Rekneskap<br>2021 |
|---|-------------------|---------------|----------------|-------------------|
| <b>Netto driftsresultat</b>                               | <b>212 753</b>    | <b>23 474</b> | <b>189 279</b> | <b>416 340</b>    |
| <i>Disponering eller dekking av netto driftsresultat:</i> |                   |               |                |                   |
| Overføring til investering                                | 230 184           | 220 745       | 9 439          | 223 952           |
| Avsettning til bundne driftsfond                          | 330 654           | 157 196       | 173 458        | 341 610           |
| Bruk av bundne driftsfond                                 | -302 299          | -138 041      | -164 258       | -317 908          |
| Avsettning til disposisjonsfond                           | 132 102           | 132 102       | 0              | 168 686           |
| Bruk av disposisjonsfond                                  | -177 888          | -348 528      | 170 640        | 0                 |

| i 1000 kroner  | Rekneskap<br>2022 | Budsjett 2022 | Avvik          | Rekneskap<br>2021 |
|--|-------------------|---------------|----------------|-------------------|
| Bruk av tidligere års<br>mindreforbruk                         | 0                 | 0             | 0              | 0                 |
| <b>Sum disp. eller<br/>dekking av netto<br/>driftsresultat</b> | <b>212 753</b>    | <b>23 474</b> | <b>189 279</b> | <b>416 340</b>    |

Tabell 2: Disponering av netto driftsresultat

Det er i 2022 brukt 170,6 mill. kroner mindre av disposisjonsfondet enn det som vart budsjettet i 2022. Disposisjonsfondet per 31.12.2022 vart dermed på 901,6 mill. kroner, dvs. 12,6 prosent av brutto driftsinntekter.

## 1.2 Brutto driftsutgifter

### Brutto driftsinntekter

| i 1000 kroner   | Rekneskap 2022   | Budsjett 2022    | Avvik          | Rekneskap 2021   |
|---|------------------|------------------|----------------|------------------|
| Rammetilskot  | 3 528 112        | 3 433 968        | 94 144         | 3 282 559        |
| Inntekts- og<br>formueskatt                                     | 1 926 252        | 1 907 614        | 18 638         | 1 793 756        |
| Andre generelle<br>driftsinntekter                              | 71 429           | 39 800           | 31 629         | 44 500           |
| Inntekter fra drift<br>(inkl. øyremerka<br>statl. overføringer) | 1 642 817        | 1 513 572        | 129 245        | 1 647 921        |
| <b>Brutto<br/>driftsinntekter</b>                               | <b>7 168 610</b> | <b>6 894 954</b> | <b>273 656</b> | <b>6 768 736</b> |

Tabell 3: brutto driftsinntekter

Brutto driftsinntekter var i 2022 på totalt 7 168,6 mill. kroner, som er 273,7 mill. kroner høgare enn budsjett og 399,9 mill. kroner høgare enn i 2021.

### Rammetilskotet

Rammetilskotet var på 3 528,1 mill. kroner inkl. skatteutjamninga i 2022, som gir ein meirinntekt på 94,1 mill. kroner sett i samanheng med budsjett. Meirinntekta skyldast i hovudsak følgjande:

- Skatteutjamninga i 2022 vart om lag 62,4 mill. kroner høgare enn føresett i budsjettet. Dette har samanheng med skatteinngangen i Møre og Romsdal fylke, sett i samanheng med skatteinngangen i resten av landet (spesiell høg skattevekst i Oslo pga. utbytteskatt for 2021).
- I nysaldert budsjett for 2022, vedteke av Stortinget 21.12.22, vart rammetilskotet til Møre og Romsdal fylkeskommune auka med totalt 32,3 mill. kroner. Aukinga gjaldt resterande kompensasjon for sviktande kollektivinntekter og utgifter knytt til KS-koronaavtalen.

## Inntekts- og formuesskatt

Inntekts- og formuesskatt var på 1 926,3 mill. kroner i 2022, som er 18,6 mill. kroner høgare enn budsjettet.

Skatteinngangen vart spesielt høg mot slutten av året. Skatten for oktober, november og desember 2022 var 72 mill. kroner høgare enn for same periode i 2021. Skatteveksten er først og fremst eit resultat av avrekningar for inntektsåret 2021 (utbytteskatt). Denne veksten vert rekna som eit eingongsbeløp og får ikkje effekt dei komande år.

## Andre generelle driftsinntekter

Andre generelle driftsinntekter var på 71,4 mill. kroner i 2022, som er ein auke på 31,6 mill. kroner samanlikna med budsjett. Endringa skuldast i hovudsak at overføring frå Havbruksfondet først vart først kjend mot slutten av året (utbetalt 22.12.2022).

## Andre inntekter (inkl. øyremerka statlege overføringer)

Posten viser alle inntektene til fylkeskommunen sett i samanheng med sal av tenester (ferje, buss, hurtigbåt m.m.), samt overføringer av statlege ordningar for regional utvikling på ymse områder (spelemidlar, Innovasjon Norge, kulturtanken, regionalt forskingsfond m.m.).

Motposten er Andre utgifter (inkl. øyremerka statlege overføringer), sjå tabell 4 under. Dei to postane er inkludert i den totale økonomiske oversikta, men påverkar i liten grad netto driftsresultat (vil gå om lag i null).

## Brutto driftsutgifter

|   | Rekneskap<br>2022 | Budsjett 2022    | Avvik           | Rekneskap<br>2021 |
|---|-------------------|------------------|-----------------|-------------------|
| Sum bevillingar drift, netto                      | 4 893 009         | 4 929 408        | 36 399          | 4 381 664         |
| Avskrivningar                                     | 481 778           | 469 600          | -12 178         | 419 168           |
| Andre utgifter (inkl.<br>øyremerka statl. overf.) | 1 647 340         | 1 513 572        | -133 768        | 1 649 932         |
| <b>Brutto driftsutgifter</b>                      | <b>7 022 127</b>  | <b>6 912 580</b> | <b>-109 547</b> | <b>6 450 764</b>  |

Tabell 4: brutto driftsutgifter

Brutto driftsutgifter var i 2022 på totalt 7 022,1 mill. kroner, som er 109,5 mill. kroner høgare enn budsjett.

### Sum bevillingar drift, netto

Sum løyingar drift netto, består av driftsrammene (fylkestingsrammene) til avdelingane korrigert for overføring til investering, bruk av bundne fond, premieavvik, pensjonspremien m.m. (jf. tabell 5).

### Budsjettavvik på rammeområda

Fylkestinget deler dei frie inntektene på 10 fylkestingsrammer, utanom reserveposten.

Driftsbudsjettet vert vedtatt som nettorammer, og hovudutvala kan omdisponere mellom sine utvalsrammer, jf. tabell 5:

| <b>tal i 1000 kroner</b>                          |  | <b>Rekneskap<br/>2022</b> | <b>Budsjett<br/>2022</b> | <b>Avvik<br/>2022</b> | <b>Avvik 2021</b> |
|---|--|---------------------------|--------------------------|-----------------------|-------------------|
| D01   | Fellesutgifter og utgifter til fordeling | 71 525                    | 76 113                   | 4 588                 | 4 930             |
| D02   | Politisk verksemde                       | 28 250                    | 26 715                   | -1 535                | -1 360            |
| D03   | Stabsfunksjonar                          | 215 564                   | 233 398                  | 17 834                | 31 953            |
| D04   | Lønsreservepost                          | 0                         | 15 692                   | 15 692                | 10 782            |
| D05   | Kompetanseområdet                        | 1 857 381                 | 1 852 352                | -5 029                | 27 668            |
| D06   | Fagskolane i Møre og Romsdal             | 14 793                    | 23 952                   | 9 159                 | 8 420             |
| D09   | Tannhelseområdet                         | 178 525                   | 174 202                  | -4 323                | 6 852             |
| D10   | Kulturområdet                            | 147 484                   | 147 129                  | -355                  | 1 139             |
| D11   | Næring                                   | 120 220                   | 119 936                  | -284                  | 18 104            |
| D12   | Samferdselsområdet                       | 2 315 200                 | 2 274 549                | -40 651               | 23 208            |
| D14   | Sentrale kontrollorgan                   | 7 684                     | 8 025                    | 341                   | 226               |
| <b>Sum netto bevillingar drift på rammeområda</b> |  | <b>4 956 626</b>          | <b>4 952 064</b>         | <b>-4 562</b>         | <b>131 922</b>    |
| Overføring til investering frå rammeområder       |  | -9 439                    | 0                        | 9 439                 | 14 917            |
| Avsetting til bundne fond rammeområder            |  | -330 654                  | -157 196                 | 173 458               | 126 950           |
| Bruk av bundne fond rammeområder                  |  | 302 299                   | 138 041                  | -164 258              | -105 248          |
| Ufordelte utgifter (premieavvik)                  |  | 12 493                    | -3 501                   | -15 994               | -1 923            |
| Ufordelte utgifter (premiereduksjon KLP/SPK)      |  | -38 316                   | 0                        | 38 316                | 8 760             |
| <b>Sum bevillingar drift, netto</b>               |  | <b>4 893 009</b>          | <b>4 929 408</b>         | <b>36 399</b>         | <b>175 378</b>    |

Tabell 5: Fylkestingsramme (+=mindreforbruk/-=meirforbruk)

Driftsrammene (Sum netto bevillingar drift, netto) var på 4 893 mill. kroner i 2022, som er 36,4 mill. kronar lågare enn budsjett. Rammeområda har eit samla netto meirforbruk på om lag 4,6 mill. kroner. Held ein utanom reserveposten på 15,7 mill. kroner, så gir dette eit meirforbruk på 20,3 mill. kroner.

D01 Fellesutgifter og utgifter til fordeling viser eit samla mindreforbruk på 4,6 mill. kroner i 2022.

Dette skyldast i hovudsak forseinkingar på «Program – nye digitale arbeidsformer», samt at opplæringsaktiviteten har vore vesentleg mindre enn venta. Opplæringsaktiviteten vil aukast i 2023.

D03 Stabsfunksjonar har totalt sett et mindreforbruk på 17,8 mill. kroner. Av dette utgjer:

- Bygg- og eigedomstenester (BYE): 9,0 mill. kroner
- Stabsfunksjonar eksklusiv BYE: 8,8 mill. kroner

Også våren 2022 var stabsfunksjonane prega av koronapandemien. Fleire prosjekt, arrangement og opplæringstiltak både internt og mot eksterne har blitt skyvd til 2023.

Mindreforbruket på BYE skyldast i hovudsak ikkje avslutta vedlikehaldsprosjekt. Dette skyldast at avdelinga har hatt mangel på prosjektleiarar og at fleire prosjekt derfor har blitt forseinka. Over 90 prosent av dei ubrukte vedlikehaldsmidlane er knytt til prosjekt som er starta opp, og som vil bli ferdig i løpet av 2023

Resultatet for ramme D04 Lønnsreservepost viser ein mindreutgift på 15,7 mill. kroner i 2022. Dette skuldast i hovudsak at lønsoppgjeret knytt til forbunda, som var i streik, ikkje var på plass per 31.12.22. Lønsoppgjeret vert utbetal i mars 2023. Dette medfører ein lågare utgift for fylkeskommunen enn tidlegare føresett og estimert verknad utgjer om lag 7 mill. kroner.

D05 Vidaregåande opplæring har eit meirforbruk på 5,0 mill. kroner sett i samanheng med budsjett. Noko av meirforbruket i 2022 kan forklara med auka utgifter som følgje av korona. 12 av 22 skoler hadde mindreforbruk, medan 10 hadde meirforbruk.

Dei 10 skolane med meirforbruk vil dekke dette inn gjennom trekk på rammene i 2023-2026.

D09 Tannhelse har eit meirforbruk på 4,3 mill. kroner sett i samanheng med budsjett. Dette skyldast at tannhelse tidlegare i 2022 reduserte ramma med 20 mill. kroner, pga. venta innsparingar grunna vakante stillingar. I løpet av hausten vart dei vakante stillingane noko redusert, og innsparingane vart derfor ikkje så store som venta.

D12 Samferdsel har eit samla meirforbruk på 40,7 mill. kroner sett i samanheng med budsjett. Det har vore ein sterk auke i indeks på kontraktar knytt til kollektivtransport og vedlikehald på fylkesvegar i 2022. Indeksutviklinga aleine har generert eit meirforbruk på 101,9 mill. kroner i 2022, derav 30 mill. kroner som vart lagt på budsjetttrammene i løpet av året. Fylkesvegferjedrifta har gått med mindreforbruk i 2022, men i 2023 vil prisane på kontraktane auke betydeleg som følgje av prisstigninga.

### 1.3 Netto finansutgifter

Netto finansutgifter var på 415,5 mill. kroner, dvs. 13 mill. kroner lågare enn budsjett. Dette skuldast i hovudsak ein netto auke i renteinntektene og avkastning på kapitalfondet, med om lag 34 mill. kroner. Renteutgifter vart om lag 17 mill. kroner høgare enn budsjettert, og avdraga vart om lag 4 mill. kroner høgare.

### 1.4 Netto avsetning til eller bruk av fond

Dersom ein ikkje brukar alle statlege overføringane i løpet av kalenderåret, så er det mogleg å avsetje desse midlane til seinare år som bundne fond. I 2022 var netto avsetjing til bundne fond på 28,4 mill. kroner, jf. tabell 1. Sidan dette ikkje er frie midlar til fylkeskommunen sin eigen disposisjon, så kjem dette som ein korreksjon til netto driftsresultat. Avsettinga til bundne fond er ikkje kjent før ved avslutninga av årsrekneskapen.

## 2. Investeringsrekneskap

Investeringsrekneskapen hadde i 2022 eit samla finansieringsbehov på 2 315,5 mill. kroner, som er 340,4 mill. kroner lågare enn budsjettert.

| i 1000 kr.                          | Korrigert budsjett 2022 | Budsjett 2021 | Avvik    | Rekneskap 2020 |
|-------------------------------------|-------------------------|---------------|----------|----------------|
| Investeringar i varige driftsmidlar | 2 258 310               | 2 586 216     | -327 906 | 2 101 226      |

| i 1000 kr.   | Korrigert<br>budsjett<br>2022 | Budsjett<br>2021     | Avvik           | Rekneskap<br>2020 |
|--|-------------------------------|----------------------|-----------------|-------------------|
| Tilskot til andres investeringar                               | 411                           | 0                    | 411             | 0                 |
| Investeringar i aksjar og andelar i selskap                    | 54 349                        | 69 759               | -15 410         | 16 586            |
| Utlån av eigne midlar  | 2 469                         | 0                    | 2 469           | 431               |
| Avdrag på lån  | 0                             | 0                    | 0               | 0                 |
| <b>Sum investeringsutgifter</b>                                | <b>2 315 539</b>              | <b>2 655<br/>975</b> | <b>-340 436</b> | <b>2 118 243</b>  |
| Kompensasjon for meirverdiavgift                               | 382 659                       | 454 025              | -71 366         | 382 336           |
| Tilskot frå andre  | 303 745                       | 389 320              | -85 575         | 220 567           |
| Sal av varige driftsmidlar                                     | 951                           | 0                    | 951             | 482               |
| Sal av finansielle anleggsmidlar                               | 0                             | 0                    | 0               | 2 280             |
| Utdeling frå selskap   | 0                             | 0                    | 0               | 0                 |
| Mottatte avdrag på utlån av eigne midlar                       | 39 775                        | 39 775               | 0               | 10 000            |
| Andre inntekter  | 0                             | 0                    | 0               | 0                 |
| Bruk av lån  | 1 315 236                     | 1 496<br>450         | -181 214        | 1 283 903         |
| <b>Sum investeringsinntekter</b>                               | <b>2 042 366</b>              | <b>2 379<br/>570</b> | <b>-337 204</b> | <b>1 899 568</b>  |
| Videreutlån  | 0                             | 0                    | 0               | 0                 |
| Bruk av lån til videreutlån                                    | 0                             | 0                    | 0               | 0                 |
| Avdrag på lån til videreutlån                                  | 0                             | 0                    | 0               | 0                 |
| Mottatte avdrag på videreutlån                                 | 0                             | 0                    | 0               | 0                 |
| <b>Netto utgifter videreutlån</b>                              | <b>0</b>                      | <b>0</b>             | <b>0</b>        | <b>0</b>          |
| Overføring frå drift   | 230 184                       | 220 745              | 9 439           | 223 952           |
| Avsettingar til bundne investeringsfond                        | -24 999                       | 0                    | -24 999         | -38 833           |
| Bruk av bundne investeringsfond                                | 51 165                        | 25 676               | 25 489          | 29 250            |
| Avsettingar til ubundne investeringsfond                       | 0                             | 0                    | 0               | -2 280            |
| Bruk av ubundne investeringsfond                               | 16 823                        | 29 984               | -13 161         | 6 586             |
| Dekking av tidlegare års udekka beløp                          | 0                             | 0                    | 0               | 0                 |
| <b>Sum overføring frå drift og netto<br/>avsettingar</b>       | <b>273 173</b>                | <b>276 405</b>       | <b>-3 232</b>   | <b>218 675</b>    |
| <b>Framført til inndekking i seinare år<br/>(udekka beløp)</b> | <b>0</b>                      | <b>0</b>             | <b>0</b>        | <b>0</b>          |

Tabell 6: Årsrekneskap 2022

Nedanfor har vi kommentert nokre av dei største avvika.

#### Kompetanseområdet

Det er investert til saman om lag 128,8 mill. kroner i utstyr og bygningar for kompetanseområdet i 2022. Dette er ein reduksjon på om lag 47,8 mill. kroner samanlikna med budsjett. Det er forsinka framdrift på fleire prosjekt i høve til budsjett. Dei største avvika er kommentert nedanfor.

- Prosjekt «Utstyr/universell utforming/ped. ombygging» viser eit mindreforbruk på om lag 9,8 mill. kroner som skuldast forseinka framdrift på nokre av prosjekta.
- Prosjekt «Spjelkavik Arena» viser eit mindreforbruk på om lag 12,4 mill. kroner. Dette skuldast at grunnentreprenør kom seinare i gang med masseutskiftinga enn føresett.
- Prosjekt «Ørsta vgs» viser eit mindreforbruk på om lag 26,3 mill. kroner i 2022. Mindreforbruket skuldast i hovudsak at betaling for tomtekjøp frå Ørsta kommune ikkje skjedde i 2022 som føresett i budsjettet.
- Prosjekt «Talevarslingssystem, alle skoler» viser eit mindreforbruk på om lag 9,1 mill. kroner i 2022. Mindreforbruket skuldast utsett/forseinka utlysing i 2022, arbeidet vil bli fullført i løpet av 2023.

#### Samferdselområdet

Det er investert til saman om lag 2 047,3 mill. kroner på samferdselsområdet i 2022. Dette er ein reduksjon på om lag 262,7 mill. kroner samanlikna mot budsjett.

Av dette utgjer investeringar i fylkesveg 2 005,6 mill. kroner. Mindreforbruket er på om lag 242,5 mill. kroner. Dette skriv seg frå netto meir- og mindreforbruk på fleire av prosjekta. Under er dei største avvika kommentert:

- Lade- og infrastruktur knytt til Nordmørspakken, Romsdalspakkene og Ytre Sunnmøre viser eit samla mindreforbruk på om lag 115,1 mill. kroner i 2022. Overtaking av Rykkjem ferjekai er forseinka og vil først skje i 2023. Del 2 av Romsdalspakkene, Sølsnes- Åfarnes er forseinka, overtaking her er planlagt i 2024. Ytre Sunnmøre er forseinka grunna behov for å avklare krav til kontroll og godkjenning av dokumentasjon, og vil bli slutført i 2023.
- Utbetring veg viser eit meirforbruk på om lag 38 mill. kroner i 2022. Om lag 16,6 mill. kroner skuldast at breiddeutviding på eksisterande veg (Nordøyvegen, Austnes-Ulla) vart ferdigstilt i 2022. Omfang og kostnader på breiddeutvidinga vart noko høgare enn venta. Pga. prisvekst og ønske om å ferdigstille planlagde strekningar vart det også meirforbruk på forsterkningsprosjekta på om lag 12 mill. kroner.
- Ferjekaiier viser eit meirforbruk på om lag 28 mill. kroner i 2022. Det har vore eit meirforbruk på ferjekaiene i Romsdalspakkene del 1 (Sølnes-Åfarnes) på om lag 46 mill. kroner pga. høgare entrepriserkostnad enn venta. Netto mindreforbruk på dei øvrige prosjekta skuldast i hovudsak sein oppstart.
- Bruer viser eit samla mindreforbruk på om lag 110 mill. kroner i 2022, der om lag 81 mill. kroner skuldast forseinka oppstart på Nerlandsøybrua. Ei rekke andre prosjekt er også utsett eller forseinka.
- Tunnellar viser eit mindreforbruk på om lag 33 mill. kroner i 2022. Mindreforbruket skuldast i hovudsak forseinka oppstart. Anleggstart på Remetunnelane vart utsett til 2023.
- Trafikktryggingstiltak viser eit mindreforbruk på om lag 18 mill. kroner. 5 mill. kroner er knytt til utsett gjennomføring av TS-tiltak ved Eiksundsambandet. Resten av mindreforbruket skuldast i hovudsak manglande kapasitet i eksisterande kontraktar.
- Prosjekt Rassikring viser eit meirforbruk på om lag 35,6 mill. kroner i 2022. Meirforbruket skuldast m.a. auka kostnader knytt til løns- og prisstigning i 2022. Det har i byggeperioden vore utfordringar m.a. med dårlig fjell, ras og manglande straumtilgang. Fylkeskommunedirektøren reknar med at dette vil medføre ein samla meirkostnad på om lag 50 mill. kroner samanlikna med prisjustert kostnadsramme.
- Prosjekt Nordøyvegen viser eit mindreforbruk på om lag 43,1 mill. kroner i 2022. Prosjektet fekk auka kostnader pga. løns- og prisvekst i 2022 som vart dekt opp av usikkerheitsavsetninga. Delar av mindreforbruket i 2022 vil finansiere restkostnader i 2023. Det vil bli lagt fram ei eiga sak til fylkestinget om Nordøyveg-prosjektet i løpet av 2023.

Resterande beløp på om lag 41,6 mill. kroner er system og utstyr knytt til Fram, bussdepot og trafikkterminaler.

#### **Finansiering**

Lånemidlar har finansiert 1 315,2 mill. kroner av investeringane i 2022, noko som er 181,2 mill. kroner lågare enn budsjettet. Dette skyldast lågare investeringsutgifter.

### 3. Finansielle måltal

Kommunelova set krav til at fylkestinget sjølv skal vedta sine finansielle måltal for fylkeskommunen sin økonomi. Formålet med finansielle måltal er å synleggjere fylkestinget sitt ansvar for å ivareta det økonomiske handlingsrommet i eit langsigkt perspektivet. Møre og Romsdal fylkeskommune har følgande måltal som ein ønsker å sette fokus på:


#### 3.1 Netto driftsresultat

Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) har anbefalt at fylkeskommunane bør ha eit måltal for netto driftsresultat på om lag 4 prosent (korrigert for bundne midlar) som ein buffer mot:

- sviningar i rentenivået og drivstoffpris
- kapitalslit (avskrivingar) - spesielt viktig sett i samanheng med fylkesreforma i 2010 (auka vedlikehaldsetterslep)
- for å bygge opp reserver til framtidige investeringar

Møre og Romsdal fylkeskommune sitt måltal er f.t. på 3,3 prosent.

Figur 1 viser netto driftsresultat dei siste 5 åra, samt budsjett for inneverande økonomiplanperiode.



Figur 1: Netto driftsresultat korrigert for bundne fond


Møre og Romsdal fylkeskommune hadde i 2022 eit netto driftsresultat korrigert for bundne midlar på 2,6 prosent, av brutto driftsinntekter. I 2021 var tilsvarande tall på 5,8 prosent. Netto driftsresultat er 0,7 prosentpoeng lågare enn målsettinga for 2022. Dei komande åra vil netto driftsresultat reduserast betydeleg (figur 1). Dette skyldast mellom anna auka prisvekst, auka renteutgifter og høge investeringar som fører til auke avdrag og rente (jf. Økonomiplan med handlingsprogram 2023-2026).

#### 3.2 Disposisjonsfond

Den finansielle handlefridomen i drift kan styrkast gjennom å auke frie driftsfond/ disposisjonsfond, slik at fondsmidlane kan nyttast til dekke uventa meirutgifter i enkeltår.

Størrelsen på disposisjonsfondet er eit uttrykk for kor stor økonomisk buffer fylkeskommunen har til den løpende drifta, og kor stor økonomisk handlefridom fylkeskommunen har i åra som kjem. TBU og Kommunenes Sentralforbund (KS) anbefaler at størrelsen på driftsfondet helst bør være på minst 10 prosent av brutto driftsinntekter. Vedtatt måltal for Møre og Romsdal fylkeskommune er på 10 prosent.

Figur 2 viser utviklinga til disposisjonsfondet til Møre og Romsdal fylkeskommune dei siste fem åra, samt budsjett for inneverande økonomiplanperiode.



**Figur 2: Disposisjonsfond**


Per 31.12.2022 var disposisjonsfondet på 12,6 prosent mot 14,0 prosent i 2021. Sidan 2020 har disposisjonsfonda vore over målsettinga på 10 prosent. Økonomiplan 2023-2026 viser at disposisjonsfondet truleg vert redusert dei komande åra pga. av fallande netto driftsresultat som ein følgje av den økonomiske situasjonen (sjå omtale under netto driftsresultat over).

### **3.3 Langsiktig lånegjeld og gjeldsgrad**

Ved utgangen av 2022 var Møre og Romsdal fylkeskommune si lånegjeld på 9 026,8 mill. kroner. Dette er ei auke på 906,2 mill. kroner frå året før.

For å berekne ei meir korrekt lånegjeld, så har vi korrigert for ubundne investeringsfond og for ekstraordinære inntekter som er spesielle for Møre og Romsdal fylkeskommune. Ferjeavløysingsmidlar og lån dekt av andre er døme på slike ekstraordinære inntekter.

Figur 3 nedanfor viser utviklinga i Møre og Romsdal fylkeskommune sin korrigerte lånegjeld dei siste 5 åra, samt budsjett for inneverande økonomiplanperiode.



Figur 3: Korrigert lånegjeld

Korrigert gjeldsgrad var ved utgangen av 2022 på 98 prosent av brutto driftsinntekter. KS og TBU sin anbefaling er at fylkeskommunane bør ligg på omtrent 60 prosent for å ha økonomisk handlerom til investeringar. Ei lånegjeld på over 90 prosent definerer dei som «rød sone», dvs. at fylkeskommunen har lite handlingsrom til investeringar. Figur 3 viser at Møre og Romsdal allereie i 2020 var over anbefalinga på 90 prosent. Ny målsetting vart av fylkestinget satt til 120 prosent for perioden 2023-2026. Lånegjelda vil i inneverande økonomiplanperiode auke til om lag 138 prosent i 2026.

Den høge lånegjelta inneber at fylkeskommunen vil være økonomisk sårbar sett i samanheng med ein auke i lånerenta. Stresstest per 31.12.22 viser at Møre og Romsdal fylkeskommune vil få ein årleg auka på om lag 53,4 mill. kroner ved en renteauke på 2 prosentpoeng, utover dagens nivå.

Av renteeksponert gjeld utgjer fastrenteavtalar 47,3 prosent. Finansreglementet krev at minst 30 prosent av fylkeskommunale innlån skal vere til fast rente.

## 4. Handlingsprogram

Fylkeskommunedirektøren har vektlagt gode samanhengar i plansystemet som gir

moglegheit for oversikt og oppfølging til tross for kompleksiteten som følger av berekrafts-tilnærminga. Heile plansystemet, slik det er vedtatt i Regional planstrategi for Møre og Romsdal 2021-2024 (RPS), er uteia frå dei tre berekraftsdimensjonane og bygger på 4 knagger:

- Samarbeidsfylket: Møre og Romsdal skal vere eit føregangsfylke på samarbeid
- Miljøfylket: Møre og Romsdal skal vere miljøfylke nr. 1
- Inkluderings- og kompetansefylket: Møre og Romsdal skal vere eit attraktivt og mangfoldig fylke der folk vel å bu
- Verdiskapingsfylket: Møre og Romsdal skal ha eit internasjonalt leiande næringsliv og ein innovativ offentleg sektor

Desse fire knaggane er gjennomgåande i regional planstrategi, fylkesplan, fylkesstrategiane, resultatmål, handlingsprogrammet i økonomiplanen og verksemdsplanar.

Plan og bygningsloven har krav om at alle regionale planar skal ha eit handlingsprogram der det går fram ressursbehov, kven som er ansvarleg organ og samarbeidspartnarar for gjennomføringa av planen. Handlingsprogrammet skal ikkje berre vere eit styringsdokument for fylkestinget, men også vise fylkeskommunen sine samarbeidspartnarar kva vi vil prioritere. Handlingsprogrammet skal etter plan og bygningslova vedtakast av fylkestinget sjølv.

Måla i handlingsprogrammet for 2022 på samarbeidsfylket er langt på veg nådd for 2022.

Fylkeskommunen står fram som ein sentral aktør for å få til erfaringsdeling og kompetansebygging i fylket. Dei større tverrfaglege satsingane til fylkeskommunen gir gevinst i form av auka samarbeid både internt og eksternt. Det er også gjort mykje for å nå måla for miljøfylket. Heile organisasjonen er iferd med å dreie si drift og utviklingsoppgåver for å møte det grøne skiftet. Dette er i hovudsak gjort utan tilføring av ekstra ressursar. Her trengs ein enno sterkare innsats framover for å nå nasjonale og globale mål.

Fylkeskommunen har særleg mange verkemiddel for å nå måla som er sett for inkluderings- og kompetansefylket, og kan vise til gode resultat på gjennomføring i vidaregåande skole og karriererettleiing. Fylkeskommunen har hatt meir arbeid med integrering og kvalifisering av flyktninger i 2022 grunna krigen i Ukraina. Tal kollektivreiser er i ferd med å normalisere seg etter nedgangen som kom med koronapandemien. Det same gjeld tannhelse, som er iferd med å hente inn etterslep i sitt tilbod som kom med pandemien, men her ser vi no teikn på at bemanningsutfordringar påverkar måloppnåinga for tannhelsetilstand hos målgruppene. Kultursektoren nådde også i stor grad måla som var sett, og i 2022 var frivillig sektor gitt ekstra merksemd gjennom mange arrangement i samband med Frivilligetas år. Når det gjeld måla for verdiskapingsfylket så er det delt ut midlar og sett i verk ein rekke tiltak for å betre konkurransevilkåra for næringslivet, men vi ser at høg aktivitet i næringslivet har gitt noko lågare tal nyetableringar i 2022 samanlikna med året før. Også vegavdelinga har i stor grad nådd dei fleste av sine mål, men målet for dekktilstand og vedlikehaldsetterslep er ikkje innfridd. [Måloppnåinga på måla i handlingsprogrammet kan ein lese meir om i årsrapporten.](#)

## 5. Tvistar

Fylkeskommunen har over noko tid hatt to aktive konfliksaker med Fjord 1. Disse er som føljer:

- Rabattkompensasjonssaka, som vart avslutta med rettsforlik i 2022.
- Årsoppgjer på to nettokontrakter - Midtre Sunnmøre og Romsdalspakken frå år 2018 og 2019.

Møre og Romsdal fylkeskommune meiner framleis å ha eit tilgodehavande mot Fjord 1 på om lag 20,9 mill. kroner for årsoppgjera 2018 og 2019. Fjord 1 meiner eit eventuelt krav for 2018 og 2019 er oppgjort i rabattkompensasjonsforliket. Fylkeskommunen bestriider dette. For å avbryte eventuell forelding vart det i februar 2023 tatt ut stevning i saka.

## 6. Likestilling, inkludering og mangfold

Tiltak som sikrar inkludering og deltaking for alle er prioritert av fylkeskommunen. Universell utforming handlar om at alle skal kunne delta på ein likeverdig måte. Våre rådgivande utval; eldrerådet, ungdomspanelet og rådet for likestilling av

funksjonshemma er viktige for å lykkast med dette. Desse har jamlege møte gjennom året og gir råd til utviklinga av fylkeskommunen. Universell utforming skal ligge i botn for vårt tenestetilbod på alle fagområde.

På driftssida er det arbeidd med universell utforming av alle lokale som tilbyr fylkeskommunale tenester, slik som dei vidaregåande skolane, tannhelseklinikke, trafikkterminalar og administrasjonsbygg. Det same gjeld for utforming av tilbod i dei ulike fag- og tenesteområda der det m.a. blir stilt eksplisitte krav i kontraktar med dei som driftar tilboda våre, slik som t.d. innanfor

kollektivtilbodet med buss, båt og ferje. Universell utforming ligg også i botn for vårt samarbeid med kommunane om til dømes by- og tettstadsutvikling.

For å møte krava til universell utforming av offentlege nettstadar og digitale løysingar, har vi i 2022 utarbeidd tilgjengeleightserklæring for nettsider knytt til fylkeskommunen. Vi har og gjennomført kurs i universell utforming av dokument, og dei nye lovkrava som trer i kraft 01.02.23. Ved kjøp av nye digitale tenester og verktøy som fylkeskommunen har behov for, blir det stilt krav om universell utforming.

Fylkesplan for Møre og Romsdal er overordna plandokument for all regional utvikling. Eit av resultatmåla er likestilling og inkludering med mål om reelle valmoglegheiter innanfor utdanning og arbeidsliv for alle.

All rekruttering til Møre og Romsdal Fylkeskommune skal legge vekt på likestilling mellom kjønn og mellom minoritetar og majoritetar i alle delar av organisasjonen.

Grunnlaget for vurdering i all rekruttering skal vere:

- Utdanning, kompetanse, erfaring, kjønn og mangfald, jf. Lov om likestilling og forbod mot diskriminering.
- Likestilling og mangfald skal være ein del av vurderinga ved samansetting av team og organisasjon.

I rekrutteringsprosessen blir ikkje enkeltgrupper nemnd særskilt, men ved utlysinga av stillingar oppfordrar fylkeskommunen om at alle med relevant kompetanse er velkomne til å söke på alle stillingar. Leiarar med ansvar for rekrutteringa er også pålagt, og har ansvaret for, at all rekruttering er i tråd med krava i lova. Dette vert også poengert ved tilsetting av nye leiarar.

Ved utgangen av 2022 var det i Møre og Romsdal fylkeskommune totalt 2 656 tilsette fordelt på 2 427 årsverk. Av desse var 1 610 kvinner (60,6 prosent) og 1 046 menn (39,4 prosent).

Toppleiargruppa i fylkeskommunen, består av 4 kvinner og 6 menn. Kjønnsfordelinga mellom leiande stillingar er på 56 prosent kvinner og 44 prosent menn.

Møre og Romsdal fylkeskommune kartlegg kvart år lønnsforhold etter kjønn. Resultatet av kartlegginga publiserast i årsrapporten. Møre og Romsdal fylkeskommune har som målsetjing at likt arbeid skal gi lik lønn uavhengig av kjønn.

Fylkeskommunen vedtok i 2022 ein handlingsplan for likestilling. I steg 1 inneheld planen innsatsområda som vart anbefalt av Europakommisjonen og forskningsrådet. Kvart innsatsområde inneheld fleire delmål som konkretiserer og målrettar arbeidet med likestilling. Handlingsplanen vil i steg 2 vidareutviklast til å ta opp i seg alle områda som er nemnt i likestilling- og diskrimineringslova. Handlingsplan for likestilling skal sikre at alle arbeidstakrar skal ha like moglegheiter til arbeid, utvikling (fagleg og personleg), opplæring, avansement og lønsvekst uavhengig av kjønn.

## HMS-system

Arbeidet med helse, miljø og sikkerheit (HMS) inngår som ein del av den heilskaplege verksemdstyringa og kvalitetsarbeidet i fylkeskommunen, jf. eige punkt nedanfor om styring og kontroll. Styrande dokument for HMS-arbeidet og dokumentasjon på korleis vi følgjer opp skal inngå i fylkeskommunen sitt kvalitetssystem. Nytt kvalitetssystem, Compilo, vil kome på plass i løpet av 2023.

Kvart år blir det utarbeidd ein eigen HMS-årsrapport som blir behandla i Hovudsamarbeidsutvalet (HSAMU). Rapporten for 2022 blir behandla den 20.04.2023 og vil vere offentleg tilgjengeleg.

## 7. Styring og kontroll

I samsvar med § 25 i kommunelova skal fylkeskommunedirektøren innrette verksemda på ein slik måte at den er underlagt ein forsvarleg kontroll. I det daglege har kvar direktør ansvar for å etablere og følge opp styrande dokument som sikrar etterleving av lover og reglar innafor sitt fag- og tenesteområde. Fylkeskommunedirektøren har regelmessige møter med toppleiargruppa og stab.

I 2020 vedtok fylkestinget organisasjonsstrategien for Møre og Romsdal. Organisasjonsstrategien er den felles plattforma vår for korleis vi som organisasjon skal løyse samfunnsoppdraget vårt best mogleg, slik at vi når måla i den regionale planstrategien og FN sine berekraftsmål. Den gjer greie for visjon, verdigrunnlag og innsatsområde med prinsipp for korleis vi skal arbeide og lære saman, og korleis vi skal styre og leie Møre og Romsdal fylkeskommune som organisasjon for å nå måla.

Organisasjonsstrategien omtalar:

- Samfunnsoppdrag, visjon og verdiar
- Plansystem og verksemdstyring
- Organisasjons- og tenesteutvikling
- Leiarskap og medarbeidarskap i ein lærande organisasjon
- Arbeidsmiljø og HMS.

Som eit ledd i oppfølging av organisasjonsstrategien vart det etablert eit program for Nye digitale arbeidsformer. I alt omfattar programmet sju prosjekt. Dei har eit felles mål om å forbetre arbeids- og samhandlingsformene i heile organisasjonen, samt løyse lovpålagte krav knytt til internkontroll/eigenkontroll, informasjonssikkerheit og personvern, kommunikasjon, saksbehandling, arkiv og HR-prosessar. I første kvartal 2023 er det gjort innkjøp av digital støtte for nytt intranett (Innsida) og for heilskapleg verksemdstyring gjennom verksemdstyringssystemet Framsikt og kvalitetssystemet Compilo.

Fylkeskommunedirektøren er opptatt av å følge opp anbefalingane frå kontrollutvalet på bakgrunn av dei undersøkingar og forvaltningsrevisjonar som vart gjennomført i 2021 og i 2022. I 2021 vart det gjennomført ei undersøking av verksemdstyring og intern kontroll i fylkeskommunen. Fylkestinget slutta seg til dei anbefalingane som er gitt og dei handlingsplanane som er laga og som fylkeskommunedirektøren skal følgje opp. Tiltaka i handlingsplanen er nært knytt til gjennomføring av program for «Nye digitale arbeidsformer», og då særleg dei to prosjekta som gjeld verksemdstyring og kvalitetssystem. I samspel mellom desse to prosjekta er det utvikla ein modell for heilskapleg verksemdstyring (sjå figur 4):



Figur 4: Bilete av heilskapleg verksemdstyring med elementa: planlegg, vurder risiko, utfør, kontroller, følg opp, korrigere og lære.

Heilskapleg verksemdstyring/kvalitetsleiing inneber å «gjere dei rette tinga» og «gjere tinga rett»:

- Styre/leie arbeidsprosessane i samsvar med gjeldande lover og forskrifter på ein slik måte at vi kan nå måla i den regionale planstrategien og FN sine berekraftsmål.
- Lage planar for å gjennomføre politiske vedtak og rapportere på disse.
- Følgje opp alle verksemdsområda fylkeskommunen har ansvar for ved å sjekke tilstand (eigenkontroll/intern kontroll), vurdere behov og forbetringar, risikovurdere kva som er viktigast og prioritere tiltak/korrigeringar.

I heilskapleg verksemdstyring legg fylkeskommunedirektøren vekt på at fylkeskommunen skal ha ei risikobasert tilnærming til korleis vi gjer prioriteringar, og korleis vi utøver intern kontrollen for all verksemd og ikkje berre for HMS. Den heilskaplege forståinga av verksemdstyringa skal vere gjennomgåande i fylkeskommunen sin organisasjon og i det tverrfaglege samarbeidet på tvers av linjer og nivå i organisasjonen. Det blir lagt opp til eit sertifiserbart kvalitetssystem etter ISO 9001, eit overordna kvalitetssystem som skal gjelde heile fylkeskommunen.

For å gje betre oversikt over aktivitetane i verksemdstyringa er det utvikla eit styringsårshjul der intern kontroll skal inngå som ein integrert del av verksemdstyringa. I verksemdstyringa er det lagt opp til tertialvis rapportering av økonomien i fylkeskommunen. Hovudmåla med resultatmål og tilhøyrande måleindikatorar vert rapportert tertialvis til administrasjonen og årleg til fylkestinget. I årsrapporten for 2022 vil ein finne meir informasjon om måloppnåing i 2022. For å sikre at vi arbeider i samsvar med formelle krav og styrande dokument og at vi sikrar at vi følgjer opp politiske vedtak og at vi korrigerer og lærer, blir det arbeidd for opplegg for å utvikle leiardialogen og leiinga sin gjennomgang av verksemda. Det er m.a. etablert eit eige fagnettverk for kvalitetstarbeid og intern kontroll som har nær kopling til fylkeskommunen si plangruppe.

## 8. Etikk

FN sine berekraftmål utgjer det overordna rammeverket for utviklinga av Møre og Romsdal som region og for organisasjonen vår. Det er ein føresetnad for berekraftig utvikling at det er tilgang til rettsvern for alle, med velfungerande, ansvarlege og inkluderande institusjonar på alle område. Møre

og Romsdal fylkeskommune sin visjon og verdigrunnlag er den raude tråden og den etiske grunnmuren som skal sikre fylkeskommunen, som ein velfungerande, ansvarleg og inkluderande institusjon. Dei etiske retningslinjene konkretiserer korleis medarbeidarane skal oppstre for å handle på ein måte som sikrar god etisk praksis.

Felles refleksjon over praksis som involverer både politisk nivå og tilsette, er ein føresetnad for at visjonen og verdigrunnlaget skal bli ein del av vår organisasjonskultur. Våre leiarar skal legge til rette for at tilsette er kjent med, og har forstått fylkeskommunen sine etiske retningslinjer. Leiarar har eit særleg ansvar for å tydeleggjere kva som er etisk forsvarleg åferd, legge til rette for etisk refleksjon over praksis, og byggje ein kultur basert på openheit og tillit.

I 2018 vedtok fylkestinget, etter ein brei prosess internt i fylkeskommunen, dei nye etiske retningslinjene. Desse legg eit godt grunnlag for forståing av kva som er god etisk praksis. Ein god etisk standard på alt vi gjer er avgjerande for at dei som tek i mot våre tenester, eller som vi samarbeider med, skal ha tillit til oss.

I toppliarmøtet i august vart det vedtatt å oppdatere dei etiske retningslinjene i tråd med den nye organisasjonsstrategien. Avdelingane skal gjennomgå retningslinjene på nytt når dette arbeidet er sluttført. Etikk skal også inn som tema i introduksjonsprogrammet for nytilsette.

## 9. Utfordringane framover

Møre og Romsdal fylkeskommune har store utfordringar i åra som kjem. Dei viktigaste utfordringane kan vi summere opp slik:

- På grunn av høg lånegjeld er fylkeskommunen spesielt utsett for endringar i rentesatsen. I løpet av 2022 har Norges Bank auka styringsrenta med 2,25 prosentpoeng, og er for tiden på 2,75 prosent. Det er varsle ein ytterlegare auke i styringsrenta våren 2023.
- Nytt inntektsystem er ute på høyring. Dette kan føre til ein reduksjon i rammetilskotet på opp til 187 mill. kroner for Møre og Romsdal fylkeskommune. Dersom dette vert vedtatt av Stortinget vil det føre til store endringar i drifta til Møre og Romsdal fylkeskommune dei komande åra.
- Den sterke prisveksten i 2022 vart ikkje kompensert i statsbudsjettet for 2023. Kostnadane på drift- og vedlikehald av vegane har auka betydeleg dei siste åra, noko som gjeld heile landet. Fylkeskommunen skal i løpet av planperioden lyse ut fleire nye drifts- og fagkontraktar, og det er stor risiko for at prisane aukar også på dei. Med bakgrunn i dette så må tenestenivået reduserast dei komande åra for å kompensere for prisveksten.
- Risiko knytt til stor svingingar i kostnadsindeksar på buss-, hurtigbåtar- og ferjekontraktar.
- Vi har i løpet av 2022 mottatt dei siste utbetalingane av korona-midlar når det gjeld kollektiv. Etterverknadene spesielt på trafikk- og inntektsbortfall i kollektivdrifta (særleg på buss) vil kunne påverke oss i åra som kjem.
- Aukande vedlikehaldsetterslep for investeringar og vedlikehald av fylkesvegnettet (asfalt, vegforsterkning og liknande).
- Manglande statleg dekning av auka ferjekostnader(m.a. som følgje av overgangen til miljøteknologi).
- Etterleve tunnelsikkerheitsforskrifta
- Vi opplevde i 2022 ei dramatisk auke i trafikkulykker. Godt vedlikehald er viktig for å betre trafiksikkerheita på vegane våre.
- Risiko knytt til klimaendringar, dvs. auka skredaktivitet (jordskred, flaumskred og sørpeskred).
- Klima- og miljøutfordringane – «det grøne skiftet» krev store investeringar mellom anna innan samferdselssektoren.
- Bygningsmassen er i hovudsak i god teknisk stand. Likevel har enkelte skolebygg til dels store behov for opprusting.
- Demografiske endringar – aldrande befolkning og for fylkeskommunen sin del, mindre overføringer frå staten pga. færre ungdommar i alderen 16-19 år.

- Teknologiutvikling/digitalisering krev nye arbeidsformer og nye verktøy.

Med bakgrunn i dei utfordringane som Møre og Romsdal fylkeskommune stod overfor i økonomiplan 2021-2023 så vedtok Fylkestinget i desember 2019 betydelege innsparingstiltak for å redusere det samla kostnadsnivået og betre netto driftsresultat. Dette var viktige tiltak, som har bidratt til at fylkeskommunen har fått ein betre økonomi dei siste åra.

Med bakgrunn i dagens økonomiske situasjon med prisvekst og renteauke, så er det igjen behov for nye innsparingstiltak i 2023 og i åra som kjem. Det er allereie innarbeid innsparingar i budsjettet for 2023 på om lag 150-160 mill. kroner, og ytterlegare 100 mill. kroner frå 2024.

# Årsrekneskap

## Økonomisk oversikt etter art - drift

(i 1000 kr.)

|           | Note   | Rekneskap<br>2022 | Korrigert<br>budsjett<br>2022 | Opphaveleg<br>budsjett<br>2022 | Rekneskap<br>2021 |
|-----------|--|-------------------|-------------------------------|--------------------------------|-------------------|
| 1         | Rammetilskot                                 | 3 528 112         | 3 433 968                     | 3 437 100                      | 3 282 559         |
| 2         | Inntekts- og formuesskatt                    | 1 926 252         | 1 907 614                     | 1 735 500                      | 1 793 756         |
| 3         | Eigedomsskatt                                | 0                 | 0                             | 0                              | 0                 |
| 4         | Andre skatteinntekter                        | 9 414             | 9 000                         | 9 000                          | 9 018             |
| 5         | Andre overføringer og tilskot fra staten     | 435 163           | 262 984                       | 32 219                         | 458 777           |
| 6         | Overføringer og tilskot fra andre            | 579 118           | 619 871                       | 606 891                        | 455 215           |
| 7         | Brukabetalingar                              | 19 363            | 16 451                        | 16 041                         | 19 714            |
| 8         | Sal- og leigeinntekter                       | <u>19</u>         | 671 188                       | 675 691                        | 749 698           |
| <b>9</b>  | <b>Sum driftsinntekter</b>                   | <b><u>1</u></b>   | <b>7 168 611</b>              | <b>6 894 954</b>               | <b>6 768 736</b>  |
| 10        | Lønnsutgifter                                | <u>1,15</u>       | 1 606 463                     | 1 585 140                      | 1 516 582         |
| 11        | Sosiale utgifter                             | <u>1</u>          | 449 269                       | 399 101                        | 414 031           |
| 12        | Kjøp av varer og tenester                    | <u>1,16</u>       | 3 651 596                     | 3 544 833                      | 3 197 559         |
| 13        | Overføringer og tilskot til andre            | <u>1</u>          | 833 021                       | 913 906                        | 750 328           |
| 14        | Avskrivningar                                | <u>4</u>          | 481 778                       | 469 600                        | 419 168           |
| <b>15</b> | <b>Sum driftsutgifter</b>                    |                   | <b>7 022 127</b>              | <b>6 912 580</b>               | <b>6 348 100</b>  |
| <b>16</b> | <b>Brutto driftsresultat</b>                 |                   | <b>146 484</b>                | <b>-17 626</b>                 | <b>164 342</b>    |
| 17        | Renteinntekter                               |                   | -64 631                       | -30 600                        | -30 600           |
| 18        | Utbytter                                     |                   | -2 500                        | -2 500                         | -2 000            |
| 19        | Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidlar | <u>7</u>          | 2 495                         | 0                              | 0                 |
| 20        | Renteutgifter                                |                   | 161 444                       | 146 900                        | 146 900           |
| 21        | Avdrag på lån                                | <u>10</u>         | 318 700                       | 314 700                        | 303 600           |
| <b>22</b> | <b>Netto finansutgifter</b>                  | <b><u>1</u></b>   | <b>415 508</b>                | <b>428 500</b>                 | <b>417 900</b>    |
| 23        | Motpost avskrivningar                        |                   | -481 778                      | -469 600                       | -469 600          |
| <b>24</b> | <b>Netto driftsresultat</b>                  |                   | <b>212 753</b>                | <b>23 474</b>                  | <b>216 042</b>    |
|           | <b>Disponering eller dekking av netto</b>    |                   |                               |                                | <b>416 340</b>    |

|  | Note   | Rekneskap<br>2022 | Korrigert<br>budsjett<br>2022 | Opphaveleg<br>budsjett<br>2022 | Rekneskap<br>2021 |
|--|--|-------------------|-------------------------------|--------------------------------|-------------------|
| <b>driftsresultat:</b>                               |  |                   |                               |                                |                   |
| 25   | Overføring til investering                                     | 230 184           | 220 745                       | 217 300                        | 223 952           |
| 26   | Avsettingar til bundne driftsfond                              | <u>13</u>         | 330 654                       | 157 196                        | 0                 |
|  | Bruk av bundne driftsfond                                      | <u>13</u>         | -302 299                      | -138 041                       | 0                 |
| 27   | Avsettingar til disposisjonsfond                               |                   | 132 102                       | 132 102                        | 0                 |
|  | Bruk av disposisjonsfond                                       |                   | -177 888                      | -348 528                       | -1 258            |
| 27a  | Bruk av tidlegare års mindreforbruk                            |                   |                               |                                | 0                 |
| 28   | Dekking av tidlegare års meirforbruk                           |                   |                               |                                |                   |
| 29   | <b>Sum disponeringar eller dekking av netto driftsresultat</b> | <b>212 753</b>    | <b>23 474</b>                 | <b>216 042</b>                 | <b>416 340</b>    |
| 30   | <b>Framført til inndecking i seinare år (meirforbruk)</b>      | <b>0</b>          | <b>0</b>                      | <b>0</b>                       | <b>0</b>          |
| Linje 25 Overføring til investering er fordelt slik: |  |                   |                               |                                |                   |
|  | Vedtatt av fylkesting  | 220 745           | 220 745                       | 217 300                        | 209 035           |
|  | Rammeområdene  | 9 439             | 0                             | 0                              | 14 917            |
|  | <b>Sum</b>   | <b>230 184</b>    | <b>220 745</b>                | <b>217 300</b>                 | <b>223 952</b>    |

## Bevillingsoversikter - drift

(i 1000 kr.)

|   | Note                                 | Rekneskap<br>2022 | Korrigert<br>budsjett<br>2022 | Opphaveleg<br>budsjett<br>2022 | Rekneskap<br>2021 |
|---|--------------------------------------|-------------------|-------------------------------|--------------------------------|-------------------|
| 1 | Rammetilskot                         | 3 528 112         | 3 433 968                     | 3 437 100                      | 3 282 559         |
| 2 | Inntekts- og formuesskatt            | 1 926 252         | 1 907 614                     | 1 735 500                      | 1 793 756         |
| 3 | Eigedomsskatt                        | 0                 | 0                             | 0                              | 0                 |
| 4 | Andre generelle driftsinntekter      | 71 429            | 39 800                        | 39 800                         | 44 500            |
| 5 | <b>Sum generelle driftsinntekter</b> | <b>5 525 793</b>  | <b>5 381 382</b>              | <b>5 212 400</b>               | <b>5 120 815</b>  |
| 6 | Sum bevillingar drift, netto         | 4 893 009         | 4 929 408                     | 4 578 458                      | 4 381 664         |
| 7 | Avskrivningar                        | <u>4</u>          | 481 778                       | 469 600                        | 419 168           |

|   | Note   | Rekneskap<br>2022 | Korrigert<br>budsjett<br>2022 | Opphaveleg<br>budsjett<br>2022 | Rekneskap<br>2021 |
|---|--|-------------------|-------------------------------|--------------------------------|-------------------|
| <b>8</b>  | <b>Sum netto driftsutgifter</b>                                | <b>5 374 787</b>  | <b>5 399 008</b>              | <b>5 048 058</b>               | <b>4 800 832</b>  |
| <b>9</b>  | <b>Brutto driftsresultat</b>                                   | <b>151 006</b>    | <b>-17 626</b>                | <b>164 342</b>                 | <b>319 983</b>    |
| 10  | Renteinntekter   | 59 422            | 30 600                        | 30 600                         | 26 498            |
| 11  | Utbytter   | 2 500             | 2 500                         | 2 000                          | 2 750             |
| 12  | Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidlar                   | <u>7</u>          | -2 495                        | 0                              | 7 710             |
| 13  | Renteutgifter  | -160 758          | -146 900                      | -146 900                       | -81 169           |
| 14  | Avdrag på lån  | <u>10</u>         | -318 700                      | -314 700                       | -303 600          |
| <b>15</b>   | <b>Netto finansutgifter</b>                                    | <b>-420 031</b>   | <b>-428 500</b>               | <b>-417 900</b>                | <b>-322 811</b>   |
| 16  | Motpost avskrivingar   | 481 778           | 469 600                       | 469 600                        | 419 168           |
| <b>17</b>   | <b>Netto driftsresultat</b>                                    | <b>212 753</b>    | <b>23 474</b>                 | <b>216 042</b>                 | <b>416 340</b>    |
| <b>Disponering eller dekning av netto driftsresultat:</b> |  |                   |                               |                                |                   |
| 18  | Overføring til investering                                     | 230 184           | 220 745                       | 217 300                        | 223 952           |
| 19  | Avsettingar til bundne driftsfond                              | <u>13</u>         | 330 654                       | 157 196                        | 0                 |
|   | Bruk av bundne driftsfond                                      | <u>13</u>         | -302 299                      | -138 041                       | 0                 |
| 20  | Avsettingar til disposisjonsfond                               | 132 102           | 132 102                       | 0                              | 168 686           |
|   | Bruk av disposisjonsfond                                       | -177 888          | -348 528                      | -1 258                         |                   |
| 20a   | Bruk av tidlegare års mindreforbruk                            |                   |                               |                                |                   |
| 21  | Dekking av tidlegare års meirforbruk                           |                   |                               |                                |                   |
| <b>22</b>   | <b>Sum disponeringar eller dekking av netto driftsresultat</b> | <b>212 753</b>    | <b>23 474</b>                 | <b>216 042</b>                 | <b>416 340</b>    |
| <b>23</b>   | <b>Framført til inndecking i seinare år (meirforbruk)</b>      | <b>0</b>          | <b>0</b>                      | <b>0</b>                       | <b>0</b>          |

## Sum bevillingar drift, netto

(i 1000 kr.)

|     | Fylkestingsramme                         | Rekneskap<br>2022 | Korrigert<br>budsjett<br>2022 | Opphaveleg<br>budsjett<br>2022 | Rekneskap<br>2021 |
|-----|--|-------------------|-------------------------------|--------------------------------|-------------------|
| D01 | Fellesutgifter og utgifter til fordeling | 71 525            | 76 113                        | 57 339                         | 42 602            |
| D02 | Politisk verksemd                        | 28 250            | 26 715                        | 25 644                         | 27 231            |

|   | Fylkestingsramme              | Rekneskap<br>2022 | Korrigert<br>budsjett<br>2022 | Opphaveleg<br>budsjett<br>2022 | Rekneskap<br>2021 |
|---|-------------------------------|-------------------|-------------------------------|--------------------------------|-------------------|
| D03   | Stabsfunksjonar               | 215 564           | 233 398                       | 190 328                        | 199 867           |
| D04   | Reservepost                   | 0                 | 15 692                        | 66 696                         | 0                 |
| D05   | Vidaregåande opplæring        | 1 857 381         | 1 852 352                     | 1 765 089                      | 1 745 577         |
| D06   | Fagskolane i Møre og Romsdal  | 14 793            | 23 952                        | 17 577                         | 11 542            |
| D09   | Tannhelsetenester             | 178 525           | 174 202                       | 161 584                        | 167 150           |
| D10   | Kulturtenester                | 147 484           | 147 129                       | 143 643                        | 134 354           |
| D11   | Regional- og næringsutvikling | 120 220           | 119 936                       | 79 837                         | 96 311            |
| D12   | Samferdselstenester           | 2 315 200         | 2 274 549                     | 2 046 620                      | 2 061 270         |
| D14   | Sentrale kontrollorgan        | 7 684             | 8 025                         | 7 697                          | 8 120             |
| <b>Sum netto bevillingar drift<br/>på rammeområda</b> |                               | <b>4 956 626</b>  | <b>4 952 064</b>              | <b>4 562 054</b>               | <b>4 494 023</b>  |
| Overføring til investering frå<br>rammeområder        |                               | -9 439            |                               |                                | -14 917           |
| Bruk av bundne fond<br>rammeområder                   |                               | 302 299           | 138 041                       |                                | 317 908           |
| Avsetning til bundne fond                             |                               | -330 654          | -157 196                      |                                | -341 610          |
| Ufordelte utgifter<br>(premieavvik)                   |                               | 12 493            | -3 501                        | 16 404                         | -64 980           |
| Ufordelte utgifter<br>(premieredukasjon KLP/SPK)      |                               | -38 316           |                               |                                | -8 760            |
| Ufordelte utgifter (red. aga)                         |                               |                   |                               |                                |                   |
| <b>Sum bevillingar drift, netto</b>                   |                               | <b>4 893 009</b>  | <b>4 929 408</b>              | <b>4 578 458</b>               | <b>4 381 664</b>  |

## Bevillingsoversikter - investering

(i 1000 kr.)

|   | Note  | Rekneskap<br>2022            | Korrigert<br>budsjett<br>2022 | Opphaveleg<br>budsjett<br>2022 | Rekneskap<br>2021 |
|---|---|------------------------------|-------------------------------|--------------------------------|-------------------|
| 1 | Investeringar i varige driftsmidlar         | <u>4</u><br>2 258 310        | 2 586<br>216                  | 2 540 400                      | 2 101 226         |
| 2 | Tilskot til andres investeringar            | <u>4</u><br>411              |                               |                                |                   |
| 3 | Investeringar i aksjar og andelar i selskap | <u>5</u><br>54 349           | 69 759                        | 2 000                          | 16 586            |
| 4 | Utlån av eigne midlar                       | <u>6</u><br>2 469            | 0                             | 0                              | 431               |
| 5 | Avdrag på lån                               |                              |                               |                                |                   |
| 6 | <b>Sum investeringsutgifter</b>             | <b>1</b><br><b>2 315 539</b> | <b>2 655<br/>975</b>          | <b>2 542 400</b>               | <b>2 118 243</b>  |
| 7 | Kompensasjon for meirverdiavgift            | 382 659                      | 454 025                       | 469 900                        | 382 336           |
| 8 | Tilskot frå andre                           | 303 745                      | 389 320                       | 390 100                        | 220 567           |

|           | Note   | Rekneskap<br>2022 | Korrigert<br>budsjett<br>2022 | Opphaveleg<br>budsjett<br>2022 | Rekneskap<br>2021          |
|-----------|--|-------------------|-------------------------------|--------------------------------|----------------------------|
| 9         | Sal av varige driftsmidlar                                 |                   | 951                           | 0                              | 0 482                      |
| 10        | Sal av finansielle anleggsmidlar                           | <u>14</u>         | 0                             | 0                              | 2 280                      |
| 11        | Utdeling frå selskap                                       |                   |                               |                                |                            |
| 12        | Mottatte avdrag på utlån av eigne midlar                   | <u>6</u>          | 39 775                        | 39 775                         | 10 000                     |
|           | Andre inntekter  |                   |                               |                                |                            |
| 13        | Bruk av lån  | <u>2</u>          | 1 315 236                     | 1 496 450                      | 1 462 100 1 283 903        |
| <b>14</b> | <b>Sum investeringsinntekter</b>                           | <b><u>1</u></b>   | <b>2 042 366</b>              | <b>2 379 570</b>               | <b>2 322 100 1 899 568</b> |
| 15        | Videreutlån  |                   |                               |                                |                            |
| 16        | Bruk av lån til videreutlån                                |                   |                               |                                |                            |
| 17        | Avdrag på lån til videreutlån                              |                   |                               |                                |                            |
| 18        | Mottatte avdrag på videreutlån                             |                   |                               |                                |                            |
| <b>19</b> | <b>Netto utgifter videreutlån</b>                          |                   |                               |                                |                            |
| 20        | Overføring frå drift                                       |                   | 230 184                       | 220 745                        | 217 300 223 952            |
| 21        | Avsettingar til bundne investeringsfond                    | <u>13</u>         | -24 999                       | 0                              | 0 -38 833                  |
|           | Bruk av bundne investeringsfond                            | <u>13</u>         | 51 165                        | 25 676                         | 1 000 29 250               |
| 22        | Avsettingar til ubunde investeringsfond                    |                   | 0                             | 0                              | 0 -2 280                   |
|           | Bruk av ubundne investeringsfond                           |                   | 16 823                        | 29 984                         | 2 000 6 586                |
| 23        | Dekking av tidlegare års udekka beløp                      |                   |                               |                                |                            |
| <b>24</b> | <b>Sum overføring frå drift og netto avsettingar</b>       | <b>273 173</b>    | <b>276 405</b>                | <b>220 300</b>                 | <b>218 675</b>             |
| <b>25</b> | <b>Framført til inndecking i seinare år (udekka beløp)</b> | <b>0</b>          | <b>0</b>                      | <b>0</b>                       | <b>0</b>                   |

## Bevillingsoversikter - investering, detaljert

(i 1

| Investeringar i varige driftsmidlar     | Rekneskap<br>2022 | Korrigert<br>budsjett<br>2022 | Opphaveleg<br>budsjett<br>2022 | Rekne<br>2021 |
|---|-------------------|-------------------------------|--------------------------------|---------------|
| 6001 Fellestenesta - Investering/utstyr | 369               |                               |                                |               |

|            | <b>Investeringar i varige driftsmidlar</b>       | <b>Rekneskap<br/>2022</b> | <b>Korrigert<br/>budsjett<br/>2022</b> | <b>Opphaveleg<br/>budsjett<br/>2022</b> | <b>Rekne<br/>2022</b> |
|------------|--|---------------------------|--|---|-----------------------|
| 6011       | IT-infrastruktur                                 | 350                       | 1 489                                  | 1 400                                   |                       |
| 6013       | IT-Samordna kommunikasjon                        | 0                         | 200                                    | 200                                     |                       |
| 6016       | IT-Nettverk                                      | 2 604                     | 1 900                                  | 1 900                                   |                       |
| 6017       | Videokonferanserom                               | 606                       | 500                                    | 500                                     |                       |
| 602x       | Program for nye digitale arbeidsformer           | 581                       | 500                                    | 3 500                                   |                       |
| 6138       | MVA justering                                    | 603                       |  |   |                       |
| L2100      | Opprusting av bygningsmassen                     | 65 111                    | 75 516                                 | 40 000                                  | 1                     |
| L2202      | Solenergianlegg                                  | 76                        | 5 000                                  | 5 000                                   |                       |
| <b>I02</b> | <b>Sentrale<br/>styringsorgan/fellesutgifter</b> | <b>70 299</b>             | <b>85 105</b>                          | <b>52 500</b>                           | <b>1</b>              |
| 6A51       | Udstyrskjøp skolar eiga finansiering             | 10 126                    | 0                                      | 0                                       |                       |
| 6C01       | Nytt skoleadministrativt system                  |                           | 0                                      | 0                                       |                       |
| 6C02       | Undervisningsfartøy                              | 217                       |  |   |                       |
| K1802      | Ørsta vgs  | 13 722                    | 40 000                                 | 130 000                                 |                       |
| K451       | Fagerlia vgs                                     |                           | 0                                      |   |                       |
| K452       | Spjelkavik vgs                                   |                           | 0                                      |   |                       |
| K651       | Spjelkavik Arena                                 | 16 772                    | 29 138                                 | 40 000                                  |                       |
| K752       | Hustadvika vgs - marinefag                       | 34 637                    | 30 081                                 | 45 500                                  |                       |
| K2001      | Volda vgs - TPO-base                             | 16 170                    | 16 847                                 | 27 000                                  |                       |
| K2002      | Gjermundnes vgs driftsbygning                    | 3 779                     | 6 144                                  | 20 000                                  |                       |
| K2003      | Talevarslingssystem alle skoler                  | 8 939                     | 18 014                                 | 27 800                                  |                       |
| M2100      | Udstyr/universell utforming/ped. ombygging       | 21 171                    | 30 954                                 | 20 000                                  | 1                     |
| Z2xxx      | Avsetningsprosjekt                               | 3 262                     | 5 416                                  |   |                       |
| <b>I03</b> | <b>Vidaregåande skolar</b>                       | <b>128 796</b>            | <b>176 594</b>                         | <b>310 300</b>                          | <b>5</b>              |
| 6A30       | Tannhelse - oppr./nye klinikkar 10 år            | 2 875                     | 4 000                                  | 3 000                                   |                       |
| 6A31       | Tannhelse - utstyr                               | 2 695                     | 3 000                                  | 2 000                                   |                       |
| T751       | Kompetanseklintikkar - inventar (Ålesund)        | 0                         | 35                                     | 0                                       |                       |
| T1901      | Distriktstannklinik Hareid                       | 1                         | 1                                      | 0                                       |                       |
| 6A33       | Distriktstannklinik Aure                         | 2 522                     | 3 487                                  | 4 000                                   |                       |
| 6A34       | Distriktstannklinik Sykkylven                    | 640                       | 0                                      | 0                                       |                       |
| <b>I04</b> | <b>Tannhelse</b>                                 | <b>8 733</b>              | <b>10 523</b>                          | <b>9 000</b>                            | <b>1</b>              |
| 6132       | Kulturavdelinga investering/utstyr               | 0                         | 0                                      | 0                                       |                       |
| <b>I05</b> | <b>Kultur</b>                                    | <b>0</b>                  | <b>0</b>                               | <b>0</b>                                |                       |
| 6xxx       | Totalle investeringar FRAM                       | 21 914                    | 23 838                                 | 27 000                                  |                       |
| K2201      | Bussdepot/kollektivknutepunkt                    | 19 643                    | 37 923                                 | 23 000                                  |                       |
| VI1128     | Bypakker   | 27 158                    | 36 153                                 | 40 000                                  |                       |

|      | Investeringar i varige driftsmidlar                      | Rekneskap<br>2022 | Korrigert<br>budsjett<br>2022 | Opphaveleg<br>budsjett<br>2022 | Rekneskap<br>2021 |
|------|--|-------------------|-------------------------------|--------------------------------|-------------------|
| 6B35 | Fylkesvegar - investering                                | 731 044           | 955 040                       | 769 500                        | 24                |
| <b>Sum eigenfinansierte utlån</b>                     | <b>2 262</b>      | <b>39 568</b>     |              |

1) I samband med avtale om ansvarleg lån mellom Campus Kristiandsund Drift AS og Møre og Romsdal fylkeskommune er det utbetalet eit lån stort 2,25 mill. kroner i 2022. Berekna renter for 2022 er lagt til lånesaldo.

2) Ansvarleg lån til MRFK Holding AS (tidlegare Møre og Romsdal Såkornfond AS) er i 2022 gjort opp ved konvertering til aksjekapital.

## Note 7 Marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar og derivater

| Aktivaklasse      | Finans-forvaltnings-reglement | Anskaffings-kost | Balanseført verdi 31.12. | Balanseført verdi 01.01. | Resultatf verdiendri | (i)      |
|-------------------|-------------------------------|------------------|--------------------------|--------------------------|----------------------|----------|
| Aksjefond         | Pkt. 2c                       | 19 435           | 39 867                   | 42 447                   | -2 580               | 6        |
| Pengemarknadsfond | Pkt. 2a og 2c                 | 207 437          | 222 388                  | 218 730                  | 6 452                | 6        |
| Obligasjonar      | Pkt. 2c                       | 17 352           | 16 577                   | 17 142                   | -565                 | -5       |
| <b>Totalt</b>     |                               | <b>244 224</b>   | <b>278 832</b>           | <b>278 319</b>           | <b>-2 453</b>        | <b>6</b> |

\* Pengemarknadsfond inkluderar sertifikat og obligasjoner/rentepapirar med flytande rente.

Marknadsbaserte verdipapir (m.a. sertifikat/pengemarknadsfond, obligasjonar og aksjar) er klassifisert som omløpsmiddel og vurdert til verkeleg verdi. Verkeleg verdi er fastsett til marknadsverdi pr. 31.12 i rekneskapsåret.

## Note 8 Rentesikring

Renteutgiftene på kommunens lånegjeld sikrast i samsvar med gjeldande reglement for finans og gjeldsforvaltning.

### Langsiktig gjeld med fast rente

I henhold til Finansreglement for Møre og Romsdal fylkeskommune, pkt. 2.b.5. skal til ein kvar tid vere minst 30% av fylkeskommunens innlån (inklusive lån sikra med FRA'er og SWAP'er) vere til fast rente (dvs. rentebinding lenger enn 12 månadar). Lån med fast rente utgjer pr. 31.12.2022 47% av den totale låneporfølja. Ei spesifisert oversikt over lån med rentesatsar og bindingstid vil vere tilgjengeleg i Finansrapport for 2022.

### Rentebytteavtalar

Fylkeskommunen har ikkje rentebytteavtalar på sine lån.

## Note 9 Langsiktig gjeld

| Lånesaldo 31.12.2022  | Fylkes-kommune-kassa           | Gj.snittlig løpetid (år) | Gj.snittlig rente | (i 1000 kr.) |
|---|--------------------------------|--------------------------|-------------------|--------------|
| Lån til eigne investeringar                                 | 8 961 525                      | 3                        | 2,83 %            |              |
| Lån til eigne investeringar - forskotteringar               | 65 270                         |                          | 0,00 %            |              |
| Lån til andres investeringar                                |                                |                          |                   |              |
| Lån til innfrielse av kausjonar                             |                                |                          |                   |              |
| Lån til videreutlån   |                                |                          |                   |              |
| <b>Sum bokført langsiktig gjeld</b>                         | <b>9 026 795</b>               |                          |                   |              |
| Herav finansielle leigeavtalar                              | 0                              |                          |                   |              |
| Lån som forfaller i 2023*                                   | 1 717 000                      |                          |                   |              |
| Herav lån som må refinansierast *                           | 1 717 000                      |                          |                   |              |
| <b>Fordeling av langsiktig gjeld etter rentebetingelsar</b> | <b>Langs. Gjeld 31.12.2022</b> |                          |                   |              |
| Langsiktig gjeld med fast rente :                           | 4 211 917                      |                          |                   |              |
| Langsiktig gjeld med flytande rente :                       | 4 749 608                      |                          |                   |              |
| Langsiktig gjeld uten rente (forskotteringar) :             | 65 270                         |                          |                   |              |
| <b>Sum</b>  | <b>9 026 795</b>               |                          |                   |              |

\* Lån som forfaller i 2023 tilsvavar sertifikatlån, som alle må refinansierast.

Andre lån er ført opp under Langsiktig gjeld i balansen med totalt 113,270 mill. kroner. Dette gjeld forskottingar frå kommunar og andre, samt lån frå private. Tilbakebetaling av forskottingar skjer etter vedtak i fylkesting, normalt innan 10 år.

## Note 10 Avdrag på lån

### Avdrag på lån til investeringar i varige driftsmidlar

Fylkeskommunen skal betale årlege avdrag som samla skal være minst lik størrelsen på fylkeskommunens avskrivingar i rekneskapsåret, justert for forholdet mellom størrelsen på lånegjelda og størrelsen på fylkeskommunens avskrivbare anleggsmidlar.

Berekninga gjerast ved hjelp av følgande formel:

"Sum årets avskrivingar x Lånegjeld pr. 1.1 i rekneskapsåret" delt på "Bokførte avskrivbare anleggsmidlar pr. 1.1 i rekneskapsåret".

|   | (i 1000 kr.)   |                |
|---|----------------|----------------|
| Forholdet mellom betalte avdrag og minimumsavdrag | 2022           | 2021           |
| Sum avskrivingar i året                           | 481 778        | 419 168        |
| Sum lånegjeld pr 1.1.                             | 8 120 645      | 6 998 245      |
| Avskrivbare anleggsmidlar pr. 1.1                 | 13 009 559     | 11 331 399     |
| <b>Berekna minimumsavdrag</b>                     | <b>300 729</b> | <b>258 877</b> |
| Utgiftsførte avdrag i driftsrekneskapen           | 318 700        | 278 600        |
| <b>Avvik</b>                                      | <b>-17 971</b> | <b>-19 723</b> |

Tilbakebetaling av forskotting til Imarfinans AS og Stranda kommune er ført som avdrag, og kjem i tillegg til ordinære minimumsavdrag. Fylkeskommunen mottar fergeavløysingsmidlar for Imarsundsambandet gjennom rammetilskot, som dekker dette avdraget. Det er i 2022 betalt 13,827 mill. kroner. I tillegg er det betalt 4 mill. kroner til Stranda kommune.

## Note 11 Pensjonsforpliktingar

### Generelt om pensjonsordningane i fylkeskommunen

Fylkeskommunen har kollektive pensjonsordningar i Kommunal Landspensjonskasse (KLP) og Statens pensjonskasse (SPK) som sikrar ytelsesbasert pensjon for dei tilsette.

Pensjonsordninga omfattar alders-, uføre-, ektefelle-, bar nepsjon samt AFP/tidlegpension og sikrar alders- og uførepensjon med samla pensjonsnivå på 66% saman med folketrygden. Pensjonane samordnast med utbetaling frå NAV.

### Premiefond

Premiefondet er eit fond for tilbakeført premie og overskudd. Eventuelle midlar på premiefondet kan bare brukast til framtidig premiebetaling. Premiefondet går fram ikkje av rekneskapen, men bruk av fondet reduserer faktisk betalte pensjonspremiar.

|   | (i 1000 kr.)   |                |
|---|----------------|----------------|
|   | 2022           | 2021           |
| Inneståande på premiefond 01.01.        | 167 991        | 123 456        |
| Tilført premiefondet i løpet av året    | 58 860         | 64 535         |
| Bruk av premiefondet i løpet av året    | 20 000         | 20 000         |
| <b>Inneståande på premiefond 31.12.</b> | <b>206 851</b> | <b>167 991</b> |

### Rekneskapsføring av pensjon

Etter § 3-5 og § 3-6 i årsrekneskapsforskrifta skal driftsrekneskapen belastast med pensjonskostnadane som er berekna ut frå langsiktige forutsetningar om avkastning, lønnsvekst og G-regulering. Pensjonskostnadane bereknast på ein anna måte enn pensjonspremien som betalast til pensjonsordninga, og det vil derfor normalt være forskjell mellom desse to størrelsane. Forskjellen mellom betalt pensjonspremie og berekna pensjonskostnad betegnes premieavvik, og skal inntekts- eller utgiftsførast i driftsrekneskapen. Premieavviket tilbakeføres igjen neste år.

Rekneskapsføringa av pensjon inneberer eit unntak frå dei grunnleggande prinsippa for kommunerekneskapen om at alle kjende utgifter og inntekter i året skal tas med i årsrekneskapen for vedkommande år (kl § 14-6, 2. ledd nr c). Rekneskapsføringa av premieavvik og amortisering av premieavvik har hatt innverknad på netto driftsresultat i 2022 ved at rekneskapsførte pensjonsutgifter er 2,098 lågare enn faktisk betalte pensjonspremiar.

Bestemmelsane inneber også at berekna pensjonsmidlar og pensjonsforpliktingar er oppført i balansen som henholdsvis anleggsmidlar og langsiktig gjeld.

| <b>Økonomiske forutsetninger for berekning av pensjonskostnaden</b> | <b>KLP</b> | <b>SPK</b> |
|---|------------|------------|
| Forventa avkastning pensjonsmidlar                                  | 3,50 %     | 3,00 %     |
| Diskonteringsrente  | 3,00 %     | 3,00 %     |
| Forventa årleg lønnsvekst   | 1,98 %     | 1,98 %     |
| Forventa årleg pensjonsregulering                                   | 1,22 %     |            |
| Forventa årleg G-regulering   | 1,98 %     | 1,98 %     |

#### Spesifikasjon av samla pensjonskostnad, premieavvik, pensjonsforpliktingar og estimatavvik

| <b>(i 1000 kr.)</b>  |                  |                  |
|--|------------------|------------------|
| <b>Pensjonskostnad og premieavvik</b>                                      | <b>2022</b>      | <b>2021</b>      |
| Årets pensjonsopptening, noverdi   | 168 610          | 161 186          |
| Rentekostnad av påløpt pensjonsforpliktning                                | 81 719           | 77 738           |
| Forventa avkastning på pensjonsmidlane                                     | - 87 612         | - 84 133         |
| Administrasjonskostnad   | 6 352            | 6 399            |
| <b>A Berekna netto pensjonskostnad (inkl. adm.)</b>                        | <b>169 070</b>   | <b>161 190</b>   |
| B Forfalt pensjonspremie (inkl. adm.kostnader)                             | 202 722          | 223 436          |
| <b>C Årets premieavvik (B-A)</b>   | <b>33 652</b>    | <b>62 246</b>    |
| <b>Pensjonsutgifter i drifts- og investeringsrekneskapet</b>               | <b>2022</b>      | <b>2021</b>      |
| B Forfalt pensjonspremie (inkl. adm.kostnader)                             | 202 722          | 223 436          |
| C Årets premieavvik  | -33 652          | -62 246          |
| D Amortisering av tidlegare års premieavvik                                | 62 246           | 22 680           |
| <b>E Brutto pensjonsutgift etter premieavvik og amortisering (SUM B:D)</b> | <b>231 316</b>   | <b>183 870</b>   |
| G Pensjonstrekk tilsette   | 30 692           | 29 603           |
| <b>Årets rekneskapsførte pensjonsutgift (F-G)</b>                          | <b>200 624</b>   | <b>154 267</b>   |
| <b>Akkumulert premieavvik</b>  | <b>2022</b>      | <b>2021</b>      |
| Sum gjenstående premieavvik tidligare år (pr. 01.01.)                      | 62 246           | 22 680           |
| Årets premieavvik  | 33 652           | 62 246           |
| Sum amortisert premieavvik dette året                                      | - 62 246         | - 22 680         |
| <b>Akkumulert premieavvik pr. 31.12</b>                                    | <b>33 652</b>    | <b>62 246</b>    |
| Arbeidsgjevaravgift av akkumulert premieavvik                              | 4 597            | 8 496            |
| <b>Sum akkumulert premieavvik inkl. arb.g.avgift</b>                       | <b>38 249</b>    | <b>70 742</b>    |
| <b>Pensjonsmidlar og pensjonsforpliktingar</b>                             | <b>2022</b>      | <b>2021</b>      |
| Brutto pensjonsforpliktig pr. 01.01.                                       | 2 714 682        | 3 046 038        |
| Estimatavvik (ført direkte mot eigenkapitalen)                             | -36 121          | -499 098         |
| Virkning av planendringar (ført direkte mot eigenkapitalen)                |                  |                  |
| Årets pensjonsopptening  | 168 610          | 161 186          |
| Rentekostnad av påløpt pensjonsforpliktig                                  | 81 719           | 77 738           |
| Utbetalinger   | -75 691          | -71 182          |
| <b>Brutto pensjonsforpliktig pr. 31.12.</b>                                | <b>2 853 200</b> | <b>2 714 682</b> |
| Brutto pensjonsmidlar pr. 01.01.   | 2 658 436        | 3 034 658        |
| Estimatavvik (ført direkte mot eigenkapitalen)                             | -124 935         | -606 211         |
| Virkninga av planendringar (ført direkte mot eigenkapitalen)               |                  |                  |
| Innbetalt pensjonspremie (inkl. adm.)                                      | 202 722          | 223 436          |
| Administrasjonskostnad/rentegaranti  | -6 352           | -6 399           |
| Utbetalinger   | -75 691          | -71 182          |
| Forventa avkastning  | 87 612           | 84 133           |
| <b>Brutto pensjonsmidlar pr. 31.12.</b>                                    | <b>2 741 791</b> | <b>2 658 436</b> |
| <b>Netto pensjonsforpliktig pr. 31.12.</b>                                 | <b>111 409</b>   | <b>56 247</b>    |

| Pensjonskostnad og premieavvik                   | 2022   | 2021  |
|--|--------|-------|
| Arbeidsgjevaravgift av netto pensjonsforplikting | 15 218 | 7 677 |

## Note 12 Fylkeskommunens garantiansvar

| Låntakar                           | Sak       | Formål | Långivar                | Type garanti         | Vedteken garanti-ramme | S 31.1<br>(i 10) |
|------------------------------------|-----------|--------|-------------------------|----------------------|------------------------|------------------|
| AS Regionteatret i Møre og Romsdal | (T-28/10) | Bygg   | Kommunalbanken          | Sjølvskyldnargaranti | 75 000                 |                  |
| AS Regionteatret i Møre og Romsdal | (T-28/10) | Bygg   | Kommunalbanken          | Sjølvskyldnargaranti |                        |                  |
| Stift. Molde Intern. Jazzfestival  | (T-28/10) | Bygg   | Kommunalbanken          | Sjølvskyldnargaranti |                        |                  |
| Stift. Molde Intern. Jazzfestival  | (T-28/10) | Bygg   | Kommunalbanken          | Sjølvskyldnargaranti |                        |                  |
| Muritunet AS                       | (T-84/11) | Bygg   | Kommunalbanken          | Sjølvskyldnargaranti | 18 600                 |                  |
| Muritunet AS                       |           | Bygg   | Kommunalbanken          | Sjølvskyldnargaranti |                        |                  |
| Stift. Romsdalsmuseet              | (T-43/13) | Bygg   | Kommunalbanken          | Sjølvskyldnargaranti | 74 250                 |                  |
| Stift. Romsdalsmuseet Renteswap    | (T-43/13) | Bygg   |                         | Sjølvskyldnargaranti | 15 000                 |                  |
| Norsk Tindesenter Eiendom AS       | (T-75/14) | Bygg   | Kommunalbanken          | Sjølvskyldnargaranti | 10 000                 |                  |
| Tingvoll Økopark Eiendom AS        | (T-60/16) | Bygg   | Kommunalbanken          | Sjølvskyldnargaranti | 2 500                  |                  |
| Vegamot AS                         | (T-84/21) | Veg    | Obligasjonslån (Nordea) | Sjølvskyldnargaranti | 720 000                | 6                |
| <b>Sum garantiansvar</b>           |           |        |                         |                      | <b>915 350</b>         | <b>7</b>         |

1) I sak T-28/10 blei det gitt ei total garantiramme på 82,5 mill. kroner (inkl. 10% tillegg for renter og omkostninger) for samla opplåning som A/S Regionteatret i Møre og Romsdal og Molde International Jazz Festival tek opp til finansiering av sine eigardelar i Teater og jazzhuset i Molde (Plassen).

2) Opphaveleg lån er etter første låneopptak delt opp i to lån, med føremål om gjere om ein del av lånnet til eit fastrentelån.

3) Møre og Romsdal fylkeskommune stiller sjølvskyldnargaranti avgrensa til 15 mill. kr som sikkerheit for eventuelle rentebytteavtalar Romsdalsmuseet inngår knytt til lånnet (T-43/13). Garantiperioden er 12 år rekna frå tidspunktet for inngåing av rentebytteavtalen/avtalane.

4) Fylkestinget vedtok i sak T-89/16 med seinare oppdatering i sak T-84/21 å stille sjølvskyldnargaranti på 720 mill. kroner, (med tillegg av 10% av til ein kvar tidgjeldande hovudstol for dekking av renter og omkostningar, totalt 800 mill. kroner) for lån som bompengeselskapet tar opp til finansiering av Nordøyvegen. Garantien gjeld frå første opptrekk og gjennom innkrevningsperioden på 20 år. Det er til nå gjort opptrekk på 670 mill. kroner.

Tilretteleggar for lånnet er Nordea. Det er ikkje kjent hvem som er långivar, da dette er et salbart obligasjonslån. Prop. 93 S gir moglegheit til ytterlegare opptak av om lag 60 mill. kr i lån i forbindelse med overskridelser, men det gjenstår kun 50 mill. kr på garantien. Garantien må enten økes eller så må fylkeskommunen vente til beløpet er krevd inn i bompengar før de siste 10 mill. kr kan utbetalast til MRFK.

### I tillegg har fylkestinget gjort følgjande vedtak om garantiar:

Fylkestinget vedtok i sak T-16/18 å stille sjølvskyldnargaranti på 1 190 mill. kroner for lån som bompengeselskapet tar opp til finansiering av ny E39 Lønset-Hjelset. Garantien gjeld frå første opptrekk og gjennom innkrevningsperioden på 15 år.

Fylkestinget vedtok i sak T-32/19 (med påfølgande sak i fylkesutvalet U-147/20) å stille sjølvskyldnargaranti på 1600 mill. kroner med tillegg av 10 prosent av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av renter og omkostningar, totalt 1750 mill. kroner, til finansiering av bypakke Ålesund.

Fylkesutvalet vedtok i sak U-130/22 å stille sjølvskyldnargaranti på inntil 242 mill. kroner med tillegg av 10% til dekning av eventuelle påløpne renter og omkostninger for løn OMKK Eiendom AS tek opp for bygging av Normoria - Kulturhuset i Kristiansund. Garantiansvaret skal etter to år fra første opptrekk reduserast i takt med lånet over 28 år. Garantien vil då gjelde i 30 år med tillegg av 2 år, jf. Garantiforskriftens § 3. (Vedtak er gjort av fylkesutvalet med heimel i Kommunelova § 11-8, 1.ledd "hasteparagrafen").

## Note 13 Bundne fond

| Bundne fond  | Behaldning<br>1.1.2022 | Avsetninger     | Bruk av<br>fond | Behaldning<br>31.12.2022 | (i 1000 kr.) |
|--|------------------------|-----------------|-----------------|--------------------------|--------------|
| <b>Bundne driftsfond</b>   |                        |                 |                 |                          |              |
| <i>Øyemerka statstilskot</i>                                     |                        |                 |                 |                          |              |
| SUTD - Permitt. og ledige uten fullført vgo - Covid19 (pr. 4087) | 26 649                 | -12 197         | -1 235          | 37 611                   |              |
| SNM - Fond kap. 551.60 midlar                                    | 24 225                 | -61 893         | -63 992         | 22 126                   |              |
| SNM - Fond kap. 551.61 midlar                                    | 6 437                  | -16 119         | -635            | 21 921                   |              |
| SUTD - KON Kvalifisering og formidling lærepllass VGS (pr. 2008) | 0                      | -20 265         | -172            | 20 093                   |              |
| SSAM - Forsøksprosjekt TT  | 9 605                  | -7 419          | -8 084          | 8 940                    |              |
| SUTD - Tilskot til yrkesfagleg rekvalifisering 2021 (4097)       | 2 520                  | -6 141          | 0               | 8 661                    |              |
| SNM - Vannforvaltning  | 9 505                  | -34             | -987            | 8 552                    |              |
| SUTD - Utdanning - Tilskot til fagbrev på jobb (pr. 4090)        | 5 869                  | -2 189          | 0               | 8 058                    |              |
| SNM - Regional Forskningsfond                                    | 10 631                 | -11 712         | -16 179         | 6 164                    |              |
| SKUL - Kultur - kultursekkene                                    | 6 348                  | -17 038         | -17 268         | 6 118                    |              |
| SNM - Marint miljøsikrings- og verdiskapningsfond                | 5 567                  | 0               | 0               | 5 567                    |              |
| SUTD - Molde Landslinje (2018)                                   | 5 891                  | 0               | -543            | 5 348                    |              |
| SUTD - Utvida tilbod til de som ikke får lærepllass (pr. 2001)   | 4 308                  | 0               | 0               | 4 308                    |              |
| STHT - Helsedirektoratet TOO                                     | 1 812                  | -7 295          | -4 902          | 4 205                    |              |
| SUTD - Tilskot til tiltak for lærlingar Covid 19 (Pr. 4085)      | 4 091                  | 0               | 0               | 4 091                    |              |
| SKUL - Spelemedlar anlegg  | 997                    | -106 182        | -103 961        | 3 218                    |              |
| Øvrige øyemerka statstilskot                                     | 80 574                 | -58 206         | -77 093         | 61 687                   |              |
| <i>Gåvefond</i>  |                        |                 |                 |                          |              |
| Øvrige gåvefond  | 205                    | 0               | 0               | 205                      |              |
| <i>Øvrige bundne driftsfond</i>                                  |                        |                 |                 |                          |              |
| SNM - Interne tildelinga   | 8 479                  | -485            | 0               | 8 964                    |              |
| Øvrige bundne driftsfond   | 14 024                 | -3 480          | -7 249          | 10 255                   |              |
| <b>Sum</b>   | <b>227 737</b>         | <b>-330 654</b> | <b>-302 299</b> | <b>256 092</b>           |              |
| <b>Bundne investeringsfond</b>                                   |                        |                 |                 |                          |              |
| <i>Øyemerka statstilskot</i>                                     |                        |                 |                 |                          |              |
| ENOVA midlar miljøfergeanlegg                                    | 24 676                 | -24 361         | -49 037         | 0                        |              |
| <i>Øvrige bundne investeringsfond</i>                            |                        |                 |                 |                          |              |
| Øvrige bundne investeringsfond                                   | 11 927                 | -639            | -2 128          | 10 437                   |              |
| <b>Sum</b>   | <b>36 603</b>          | <b>-24 999</b>  | <b>-51 165</b>  | <b>10 437</b>            |              |

Enkelte fond har ikke hatt bevegelse eller bruk av midlar i 2022. Dette skuldast i hovudsak manglende kapasitet til å planlegge og gjennomføre aktivitetar knytt til midlane. Det er planlagt for aktivitet knytt til midlane i 2023 og 2024.

## Note 14 Sal av finansielle anleggsmidlar

Fylkeskommunen har i 2021 solgt følgande aksjar:

(i 1000 kr.)

|  | Samspleis AS | Totalt   |
|--|--------------|----------|
| Salssum                                | 0            | 0        |
| Inntektsført i driftsrekneskapen       | 0            | 0        |
| Inntektsført i investeringsrekneskapen | 0            | 0        |
| <b>Sum inntektsført salssum</b>        | <b>0</b>     | <b>0</b> |

Samspleis AS vart avvikla i 2022. Ved avvikling var selskapets eigenkapital tapt og det vart ingen utbetalinger til aksjonærane i samband med avviklinga. Bokført kostpris på aksjane var 0,5 mill. kroner.

## Note 15 Ytelser til ledande personar

| Ytelser til ledande personar | Lønn og anna godtgjersle | Godtgjersle for andre verv | Tilleggsgodtgjersle | Naturalytelser | (i 1000 kr.) |
|------------------------------|--------------------------|----------------------------|---------------------|----------------|--------------|
| Fylkeskommunedirektør        | 1 913                    |                            |                     | 4              |              |
| Ordførar                     | 1 297                    |                            |                     | 4              |              |

## Note 16 Godtgjersle til revisor

Fylkeskommunen sin revisor er Møre og Romsdal Revisjon SA

| Godtgjersle til revisor           | Fylkes-kommunekassa | (i 1000 kr.) |
|-----------------------------------|---------------------|--------------|
| Finansiell og forvalningsrevisjon | 1 066               |              |
| Andre undersøkelser               | 337                 |              |
| Rådgiving                         | 0                   |              |
| <b>Samla godtgjersle</b>          | <b>1 402</b>        |              |

## Note 17 Resultatoppstillingar - tannhelsetenesta

Forutan å sørge for tannhelsetenester til prioriterte grupper iht. tannhelsetjenesteloven, behandler tannhelsetenesta også vaksne betalande pasientar. Behandling av betalande pasientar skjer i konkurranse med privatpraktiserande tannlegar og skal ikkje være subsidiert av fylkeskommunen.

Tannhelsetenestas verksemd kan delast inn som følger:

- a) Tannhelsetenester som tilbys helt eller delvis vederlagsfritt til prioriterte pasientar
- b) Tannhelsetenester som tilbys vaksne mot betaling i områder der det ikkje føreliggjer anna tilstrekkeleg tilbod
- c) Tannhelsetenester som tilbys vaksne mot betaling i områder med konkurranse frå private tannlegar

Pkt. b) er vurdert å ikkje vere aktuell for tannhelsetenesta i Møre og Romsdal.

Direkte utgifter er delt på grunnlag av kor stor del betalande pasientar utgjer av samla behandla pasientar. I 2022 var andelen 7,43 prosent. Øvrige utgifter er delt med utgangspunkt i kor stor del av netto driftsutgifter (utanom avskrivningar) tannhelse utgjer av netto driftsutgifter på rammeområda samla.

### Rekneskapssamdrag for dei ulike delane av verksemda

|                             | a) Offentleg tannhelse | b) Tenester av allmenn øk. betydning | c) Konkurranse-utsett | (i 1000 kr.) |
|-----------------------------|------------------------|--------------------------------------|-----------------------|--------------|
| Direkte inntekter           | 20 132                 |                                      | 11 980                |              |
| Direkte utgifter            | 188 157                |                                      | 15 095                |              |
| Henførte indirekte utgifter | 9 490                  |                                      | 299                   |              |
| Kapitalkostnader            | 10 151                 |                                      | 814                   |              |
| <b>Resultat</b>             | <b>-187 666</b>        | <b>0</b>                             | <b>-4 228</b>         |              |

Dei siste åra har vore spesielle år, med covid19, periodar med stengde tannhelseklinikkar og auka smittevern med tilhøyrande auka kostnadene. Dette har bidratt til ei nedgang i antall betalande

pasientar. I 2021 og 2022 har andel betalande pasientar vært på rundt 7,5%, mens det før covid19 har vore ein andel betalande pasientar på 11%-12%. Ein er dermed ikkje tilbake til tidlegare normalsituasjon. Utfordringar med å oppnå full bemanning bidrar også til at andelen betalande pasientar ikkje auker igjen, då det er manglande kapasitet.

## Note 18 Usikre forpliktingar, betinga egedelar og hendelser etter balansedagen

### Andre forhold

Fylkesvegane i Møre og Romsdal har eit omfattande vedlikehaldsetterslep, og dette aukar behovet for investeringar og vedlikehald av fylkesvegnettet, samstundes som det blir utfordrande å drifta vegane på ein effektiv måte. Statens vegvesen berekna vedlikehaldsetterslepet i 2019 til å utgjere om lag 8,6. mrd. kroner (2019-kroner). Ei oppdatering av anslaga tilseier at etterslepet er i intervalet 11-12 mrd. kroner (2019-kroner). Forfallet på fylkesvegane vil fortsette å auke i åra framover og utgjere ei økonomisk utfordring. Særleg utgjer krav etter tunnellsikkerheitsforskrifta ein risiko. Forskrifta skal sikre eit minimum sikkerheitsnivå for trafikantar i tunnel, og fylkeskommunen har fått ein forlenga frist til å innfri krava til 31.12.2024. Totalkostnad knytt til gjennomføring av forskriftskrava er berekna til om lag 3,1 mrd. 2022-kroner, men det er berre planlagd utbetringer for totalt 757,5 mill. kroner i 2023-2026. Dette skuldast både manglande kapasitet og manglande finansiering. Manglande utbetringer i samsvar med krava i forskrifta gir risiko for stengde tunnelar og at tida trafikantane må leve med avvik, manglar og svakheiter i tunnelane blir vesentleg forlenga.

Det blei i 2022 inngått forlik med Fjord1 i sak om rabattkompensasjon. Forliket innebar ei utbetaling til fylkeskommunen på 28,4 mill. kroner. Beløpet blei innbetalt til fylkeskommunen i januar 2023, men er i rekneskapen for 2022 inntektsført og ført opp som kortsiktig fordring. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner framleis å ha eit tilgodehavande mot Fjord1 på om lag 20,9 mill. kroner for årsoppgjera 2018 og 2019. Fjord1 meiner eit eventuelt krav for 2018 og 2019 er oppgjort i rabattkompensasjonsforliket. Fylkeskommunen bestriger dette. For å avbryte eventuell forelding vart det i februar 2023 tatt ut stevning i saka.

### Tilskot til andre

Fylkestinget har gjort følgjande vedtak om å gi årlege driftstilskot til å dekke renter og avdrag til andres investeringar:

I sak T-13/09 er det gjort vedtak om å dekke renter og avdrag over 15 år (fram til 2025) på eit lån på totalt 30 mill. kroner, knytt til finansiering av kulturhuset Plassen for Teatret Vårt AS og Stiftelsen Molde International Jazz Festival. Tilskotet er begrensa oppad til 2,89 mill. kroner pr. år.

I sak T-43/13 er det gjort vedtak om å dekke renter og avdrag over 30 år (fram til 2042) på eit lån på totalt 48,5 mill. kroner, knytt til finansiering av museumsbygget Krona for Stiftelsen Romsdalsmuseet. Tilskotet dekker faktiske avdrag og renter, samt kostnadar til rentesikring, og det vart i 2021 utbetalte 2,2 mill. kroner.

I sak T-12/19 er det vedtatt å gi tilskot til finansiering av Opera og kulturhus i Kristiansund, med ein andel på 150 mill. kroner. I sak T-40/22 er Møre og Romsdal fylkeskommune sin andel oppdatert til 194,5 mill. kroner, begrunna med ekstraordinær lønns- og prisstigning. Finansieringa vil bli dekkja gjennom årlege avdrag til dekning av renter og avdrag. Tilskot vil gis første gong i 2025.

### Hendingar etter balansedagen

Det føreligg ikkje anna informasjon om forhold som eksisterte på balansedagen, eller hendingar etter balansedagen som er av ei slik betydning at manglande informasjon vil påverke reknesaksbrukaren sin evne til å foreta korrekte vurderingar og beslutningar på bakgrunn av årsrekneskapen.

## Note 19 Spesifikasjon av vesentlege postar og transaksjonar

### Spesifikasjon av andre sals- og leigeinntekter:

|   | Rekneskap<br>2022 | Budsjett<br>2022 | Rekneskap<br>2021 | (i 1000 kr.) |
|---|-------------------|------------------|-------------------|--------------|
| Andre sals- og leigeinntekter:                |                   |                  |                   |              |
| Inntekter kantine, kost mv vidaregåande skule | 23 686            | 24 182           | 20 686            |              |
| Inntekter elevarbeid mv vidaregåande skule    | 2 644             | 1 438            | 1 873             |              |
| Sal av kurs mv                                | 1 914             | 135              | 3 770             |              |
| Husleigeinntekter                             | 13 648            | 16 833           | 13 351            |              |
| Kollektivinntekter buss og hurtigbåt          | 294 797           | 300 539          | 277 246           | 1)           |
| Kollektivinntekter ferge                      | 272 295           | 274 459          | 384 041           | 2)           |
| Ymse andre inntekter                          | 62 204            | 27 480           | 48 731            |              |

|            | <b>Rekneskap<br/>2022</b> | <b>Budsjett<br/>2022</b> | <b>Rekneskap<br/>2021</b> |
|------------|---------------------------|--------------------------|---------------------------|
| <b>Sum</b> | <b>671 188</b>            | <b>645 066</b>           | <b>749 698</b>            |

1) Kollektivinntekter buss og hurtigbåt består i hovudsak av sal av billettar til persontrafikk.

2) Kollektivinntekter ferge består av både persontrafikk og næringstrafikk.

# Melding frå uavhengig revisor

Møre og Romsdal fylkeskommune sin revisor er Møre og Romsdal Revisjon SA.

Du kan laste ned signert melding frå uavhengig revisor som pdf

## Uttalelse om årsregnskapet

### Konklusjon

Vi har revidert årsregnskapet for Møre og Romsdal Fylkeskommune som viser et netto driftsresultat på kr 212 753 394. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2022, bevilgningsoversikter drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samlet budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjoner, for regnskapsåret avsluttet per denne datoен og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening

- oppfyller årsregnskapet gjeldende lovkrav, og
- gir årsregnskapet i det alt vesentlige en dekkende fremstilling av den finansielle stillingen til fylkeskommunen per 31. desember 2022, og av resultatet for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med kommunelovens regler og god kommunal regnskapsskikk i Norge.

### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift, god communal revisionsskikk i Norge og International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet nedenfor under "Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet". Vi er uavhengige av fylkeskommunen i samsvar med kravene i relevante lover og forskrifter i Norge, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

### Årsberetningen og annen øvrig informasjon

Fylkeskommunedirektøren er ansvarlig for informasjonen i årsberetningen og den øvrige informasjonen som er publisert sammen med årsregnskapet. Øvrig informasjon omfatter fylkeskommunens årsrapport. Årsrapport er ikke ferdigstilt på dato for revisjonsberetningen. Vår konklusjon om årsregnskapet ovenfor dekker ikke informasjonen i årsberetningen eller annen øvrig informasjon.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese årsberetningen. Formålet er å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom årsberetningen og årsregnskapet og den kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen av årsregnskapet, eller hvorvidt informasjon i årsberetningen ellers fremstår som vesentlig feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsberetningen fremstår som vesentlig feil. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Basert på kunnskapen vi har opparbeidet oss i revisjonen, mener vi at årsberetningen

- inneholder de opplysninger som skal gis i henhold til gjeldende lovkrav og
- at opplysingene om økonomi i årsberetningen stemmer overens med årsregnskapet.

Vi henviser for øvrig til avsnittet «Uttalelse om redegjørelse for vesentlige budsjettavvik» under uttalelse om øvrige lovmessige krav.

## Fylkeskommunedirektørens ansvar for årsregnskapet

Fylkeskommunedirektøren er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir en dekkende fremstilling i samsvar med kommunelovens bestemmelser og god kommunal regnskapsskikk i Norge. Kommunedirektøren er også ansvarlig for slik internkontroll som vedkommende finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

## Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgjøre en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon er å anse som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke de økonomiske beslutningene som brukerne foretar på grunnlag av årsregnskapet.

For videre beskrivelse av revisors oppgaver ved revisjonen av årsregnskapet vises det til [www.nkrf.no/revisjonsberetninger](http://www.nkrf.no/revisjonsberetninger)

## Uttalelse om øvrige lovmessige krav

### Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av fylkeskommunens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

### Uttalelse om redegjørelse for vesentlige budsjettavvik

Vi har utført et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet, i forbindelse med Møre og Romsdal Fylkeskommunes redegjørelse for vesentlige budsjettavvik, enten det skyldes beløpsmessige avvik eller avvik fra fylkestingets premisser for bruken av bevilningene.

### Konklusjon

Basert på de utførte handlingene og innhente bevis er vi ikke blitt kjent med forhold som gir grunn til å tro at årsberetningen ikke gir dekkende opplysninger om vesentlige budsjettavvik.

For videre beskrivelse av fylkeskommunedirektørens ansvar og revisors oppgaver ved uttalelse om redegjørelse for vesentlige budsjettavvik vises det til [www.nkrf.no/revisjonsberetninger](http://www.nkrf.no/revisjonsberetninger)

# Om måla til fylkeskommunen

Fylkeskommunen skal både ha mål for eigen verksemd, men også sette mål for samfunnsutviklinga i Møre og Romsdal.


FNs 17 berekraftsmål og dei tre berekraftsdimensjonane (miljømessig, sosial/kulturell og økonomisk berekraft), ligg til grunn for måla både i dei regionale planane og i organisasjonsstrategien. Heile plansystemet til fylkeskommunen er nå bygd på dei fire knaggane

- Samarbeidsfylket
- Miljøfylket
- Inkluderings- og kompetansefylket
- Verdiskapingsfylket

Ramma for arbeidet med planar og dermed fylkeskommunen sine mål, blir sett i [regional planstrategi](#). Det er ei lovpålagt oppgåve, og dette styringsdokumentet skal rullerast kvart fjerde år og henge saman med fylkestingsperiodane. Dokumentet seier noko om utfordringar, moglegheiter og planbehov i 12 år framover. Regional planstrategi vart vedtatt i juni 2020 (T-47/20), og her vart det valt fire langsiktige utviklingsmål for fylkeskommunen og fylket.

[Fylkesplan for berekraftfylket Møre og Romsdal 2020-2024](#) følgjer opp dei langsiktige utviklingsmåla i RPS. Den vart vedtatt i oktober 2020 (T-64/20). Denne innehold 24 mål som skal gjelde for 4 år og følger fylkestingsperioden. Dette er eit tverrfagleg styringsdokument. Det inneber at fagavdelingane – og hovudutvala – har eit felles ansvar for måloppnåinga. Det er dette som er kjernen i berekraftsarbeidet – å sjå sosiale, økonomiske og sosiale forhold i samanheng.

Fylkesplanen blir utdjupa gjennom ei rekke [fylkesstrategiar](#) som følgjer opp fylkesplanmåla. Desse inneholder resultatmål som blir følt opp i Økonomiplan med budsjett og handlingsprogram.



# Samarbeidsfylket

## Møre og Romsdal skal vere eit føregangsfylke på samarbeid

### Oppsummering av status for 2022:

Fylkeskommunen fekk i regionreforma styrka si samordnings- og samfunnsutviklarrolle. Dette viser seg att i auka tal nettverkssamlingar, konferansar, kurs og webinar som fylkeskommunen har lagt til rette for. Fleire av desse er gjennomført i samarbeid med andre aktørar i fylket. Eksempel på tema er berekraft, planlegging, klima og miljø, folkehelse, kulturtilbod, trafikktrygging, integrering, førebyggande tannhelsearbeid og digitalisering. Tilsette i kommunane er ei viktig målgruppe for mange av desse kompetanse- og delingsarenaene.

Fylkeskommunen og statsforvaltaren si satsing Møre og Romsdal 2025 kan no vise til gode resultat for regionalt samarbeid og samordning. I 2022 er det gjennomført både felles møteplassar og prosjekt. Gjennom internasjonalt samarbeid har vi arbeidd på tvers av landegrensene for å skape meirverdi og kompetanse som fremmar vår regionale utvikling. Dette har vi gjort gjennom deltaking i europeiske nettverk, interesseorganisasjonar, prosjekt og utvekslingar.

I ein situasjon der demokratiet blir opplevd å vere under press, vil vi framheve arbeidet fylkeskommunen har gjort for å ivareta det regionale demokratiet, legge til rette for regionale politiske prioriteringar, medverknad og opplyst debatt.

### Møre og Romsdal skal utvikle eit tettare og meir forpliktande samarbeid mellom offentlege aktørar, frivilligkeit, næringsliv og kulturliv for å følgje opp FNs berekraftsmål

- Programmet Møre og Romsdal 2025 (MR2025) arrangerte [Nyttårskonferansen med toppleiarar](#) frå alle tre forvaltningsnivåa i Møre og Romsdal. Sjå eigen rapport frå programmet.
- [E-læringskurs om berekraft](#) er utvikla og lansert internt i fylkeskommunen og eksternt for alle interesserte.
- Det er laga ein [artikelserie knytt til satsingsområda i Berekraftfylket](#)
- Det er gjennomført [webinar om sirkulære anskaffingar](#) med brei deltaking frå kommunane i fylket og andre offentlege verksemder.
- I samarbeid med Kristiansund kommune og United Cities er [United Cities Internship Program](#) etablert på Campus Kristiansund.
- Arbeidet med å fornye det regionale planverket i tråd med berekraftsmåla og regional planstrategi heldt fram i 2022. Fem fylkesstrategiar vart vedtatt, og to er under arbeid. Sjå eigen [rapport til fylkesutvalet \(sak U-9/23\)](#).
- Fylkeskommunen har følgt opp omsynet til berekraftig samfunnsutvikling i våre uttalar til kommunale plansaker. Det er gitt samordna uttale til 1 140 plansaker, der søknader om dispensasjon frå kommuneplan og reguleringsplan utgjorde 840. Det er reist motsegn til 38 saker, åtte fleire enn i 2021.

- I samarbeid med Statsforvaltaren vart det arrangert ein [plan- og klimakonferanse](#) for kommunane i oktober.
- Samen med Statsforvaltaren arrangerte fylkeskommunen i mai eit [webinar om klimabudsjett](#) for kommunane.
- Fylkeskommunen var i juni med å arrangere [Miljøkonferansen Midt-Norge](#) i samarbeid med Sunndal næringsforening, Sunndal Sparebank og Suns.
- [Saman med Statsforvaltaren er det jamleg sendt ut nyheitsbrev til planleggarar i kommunane](#)
- Samferdselsområdet har i løpet av 2022 gjennomført møte med ei rekke ulike aktørar – mellom anna med andre fylkeskommunar, kommunar, departement, ulike statlege etatar, forskingsinstitusjonar og andre organisasjonar, leverandørar og entreprenørar. Eksempel på dette er informasjons- og medverknadsmøter arrangert av KS og ulike departement om til dømes inntektssystemet for fylkeskommunane og Nasjonal transportplan.
- Samferdselsområdet er fast deltakar i ei rekke forum med andre fylkeskommunar, som Vestlandsrådet, samarbeidsforum for samferdsel mellom Møre og Romsdal og Trøndelag og Jernbaneforum for Dovre- og Raumabanen.
- Fylkesvegavdelinga har vurdert trafikksikkerheit i alle saker på offentleg ettersyn og dispensasjonssaker på høyring. I tillegg er det sent ut 2 500 brev knytt til forvaltning av vegnettet og som svar på førespurnadar frå publikum.
- Fylkeskommunen arrangerte i 2022 konferansen «Kommunal Trafikksikkerhet – fra A til Å» i samarbeid med Trygg Trafikk.
- Det er gjennomført ei rekke tiltak innanfor haldningsskapande trafikktryggingsarbeid retta mot barn, ungdom, syklistar og fotgjengarar i samarbeid med kommunar, Trygg Trafikk og politiet.
- Fire folkebibliotek i fylket deltok i prosjektet [«Bibliotek og berekraft i Møre og Romsdal»](#), og jobba meir strategisk med FN17.
- Kulturavdelinga arrangerte saman med Kulturtanken [Kulturtankens årskonferanse](#) i Kristiansund, dette var første gong årskonferansen vart arrangert utanfor Oslo.
- Det er gjennomført [FrivilligFORUM](#) der fylkeskommunen samlar frivillige organisasjonar og kommunalt tilsette
- Kommunane, næringsliv og frivillige har blitt invitert inn i feiringa av [frivilligheitas år 2022](#) med deltaking på samlingar/konferansar og tilskot til aktivitet.
- Fylkeskommunen har samarbeidd med Statsforvaltaren, frivilligheita og Møre og Romsdal idrettskrets i Folkehelseforum. Her blir ulike tema rundt folkehelse løfta opp og det genererer samarbeid rundt konferansar, samlingar og kunnskapsinnhenting.
- NAV Møre og Romsdal, fylkeskommunen og næringsliv samarbeider om å finne nye tiltak som hindrar utanforsk i prosjektet “Nye muligheter for digitale talenter”.
- Saman med Molde kommune vart Molde bærekrafthub AS stifta med formål å bidra til å utvikle byggebransjen i ei meir berekraftig retning.

**Møre og Romsdal skal samordne dei offentlege ressursane og kompetansen for å møte samansette behov hos eldre, barn og unge, innvandrarar, personar med nedsett funksjonsevne og andre utsette grupper**

- Plan for kvalifisering av innvandrarar er vedtatt.
- Fylkeskommunen har anbefalt busetting av flyktninger til Integrerings- og mangfoldsdirektoratet etter samhandling med kommunane. Sjå rapport lagt fram for fylkesutvalet om status for integreringsarbeidet i fylket ([sak U-3/23](#))
- Gjennom partnarskapsavtalar med kommunane (hoppid.no) er det gjennomført webinar med tema entreprenørskap for innvandrarar.
- Gründertenesta hoppid.no og Ålesund Kunnskapspark har gjennomført intensivkurs for innvandrarar som ønsker å starte eiga bedrift.
- Det er gitt tilskot til 16 organisasjonar registrert i frivilligregisteret frå ordninga [integreringstilskot for flyktningar](#). Ordninga vil fortsette i 2023.

- Nordlandsforskning gjennomførte på oppdrag frå Møre og Romsdal 2025 ei kartlegging av ung utanforskap i Møre og Romsdal som grunnlag for det vidare samarbeidet i offentleg sektor. Rapporten frå prosjektet kan du lese [her](#).
- MR2025 oppretta samarbeid med KS' Partnarskap for radikal innovasjon og kommunale og regionale aktørar om ei brei satsing for å motverke ung utanforskap.
- [I regi av Møre og Romsdal 2025 er det gjennomført fire samlingar i Levekårsnettverket ..](#)
- Tannhelsepersonell utførte 2 543 timer førebyggande arbeid utanfor klinikkkane i 2022 og nådde med det måltalet om 2 500 timer.
- Tannhelsepersonellet sin besøksfrekvens på helseinstitusjonane for den eldste pasientgruppa nærma seg i 2022 måltala, etter eit par år med koronapandemi og besøksrestriksjonar. Dette bidreg til kunnskapsdeling og kompetansebygging hos kommunalt pleie- og omorgspersonell om bebuarane si munnhelse.
- Eldrerådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne i fylkeskommunen gjennomførte kvar si samling for tilsvarande kommunale råd i fylket.
- I ordninga med den kulturelle spaserstokken samarbeider fleire kommunar om produksjonar av høg kvalitet til eldre, og samordnar tilbodet mellom kultur-, helse- og frivilligsektoren.
- Fylkeskommunen arrangerte i samarbeid med Kultur- og likestillingsdepartementet eit innspelsmøte den 20. oktober knytt til spelemedelordninga for anlegg for idrett og fysisk aktivitet. Målet er å få til ei innretting av ordninga som gjer at vi får flest og best mogleg anlegg.
- I Folkehelseprogrammet er det arbeidd med ei langsiktig styrking av kommunane sitt arbeid med å fremme befolkninga si helse og livskvalitet. Barn og unge, psykisk helse og rusførebygging er sentrale tema.

## Møre og Romsdal skal samarbeide med europeiske interesseorganisasjonar og aktørar for å bidra til politikkutforminga i EU, hente kunnskap og midlar til utviklingsprosjekt, samt etablere samarbeid med eit «vennskapsfylke» om berekraftmåla i EU

- Fylkeskommunen har fått innvilga tre nye EU-prosjekt der fylkeskommunen står som partner: Distance LAB, BSI\_4Women og PROACTsme. Fellesnemnaren for prosjekta er entreprenørskap og digitalisering. Prosjekta startar opp i 2023.
- Handlingsplan for 2022 for EU-nettverk er gjennomført, og det er vedtatt ny [Fylkesstrategi for internasjonalt samarbeid](#).
- Fylkeskommunen vart valt som deltakar i EU-prosjektet [Circular Cities and Regions Initiative \(CCRI\)](#) saman med 36 andre europeiske byar, regionar og klyngje
- Ungdomspanelet har gjennomført prosjekt om ungdomsmedverknad (Erasmus +) saman med ungdom frå Polen. [Les nyheitssak om Erasmus+-prosjektet på mrfylke.no](#)
- I september deltok ungdomspanelet på den første [felleskonferansen for fylkeskommunale ungdomsråd](#) i Noreg på Gardemoen, finansiert av Erasmus +.
- To representantar frå ungdomspanelet deltok på den andre samlinga til «North Sea Youth Conference» i Brugge i Belgia.
- Prosjektet «CREST», der Møre og Romsdal fylkeskommune samarbeider med partnarar i Frankrike og Polen om visualisering av klimaendringar i kystbyar, starta opp i 2022.
- Samferdselsområdet deltek inn i forskningsprosjekt med internasjonale partnarar, til dømes prosjektet ZEVS (enabling Zero Emission passenger Vessel Services), som søker å etablere eit kunnskapsgrunnlag for å hjelpe myndigheter med å ta avgjersler i innfasinga av grøne båtsamband.
- Fylkeskommunen deltok i interesseorganisasjonane Nordsjøkommisjonen og organisasjonen for europeiske kystregionar CPMR. Samferdselsområdet deltek i Nordsjøkommisjonen si arbeidsgruppe for transportgruppe, og næringsområdet deltek i arbeidsgruppa for marine ressursar.

- I Prosjektet *Capital of Dacia – Living museum of European Cultural Heritage*, med varighet 2022-2024, har Møre og Romsdal fylkeskommune i samarbeid med Hunedoara fylke i Romania arrangert eit arbeidsseminar med tema «Presenting and/or preserving the monuments» og «Implementing technology in museum and in the field».

## Møre og Romsdal skal ha eit levande lokaldemokrati der alle innbyggjarane, uansett bakgrunn, kan vere med å påverke det offentlege tenestetilbodet og delta i utforminga av sine lokalsamfunn

- Fylkeskommunen legg store ressursar i å legge til rette for at politiske møte skal kunne gjennomførast på best mogleg måte og vere offentleg tilgjengeleg. Sjå meir under Politikk i årsrapporten ([lenke](#))
- Fylkeskommunen legg til rette for at dokumenta til fylkeskommunen er offentleg tilgjengelege i samsvar med gjeldande reglar og at alle dokument på [mrfylke.no](#) skal møte krava til universell utforming.
- Fylkeskommunen varetak rettstryggleik og har kompetanse innan kontraktsrett, utdanningsrett, arbeidsrett, eigedoms- og entrepriserett, saker etter veglova, offentlege anskaffinga og kommunal og forvaltningsrett.
- Som grunnlag til samfunnsdebatten og avgjerder i fylkeskommunen og kommunen er det utarbeidd [fylkesstatistikk](#) og [kommunestatistikk](#), sistnemnde i nytt digitalt design
- Det er gjennomført [Ungdommens fylkesting](#) i november og åtte samlingar i ungdomspanelet, sjå eigen årsrapport frå ungdomspanelet på [www.mrfylke.no/up](#)
- Det er gjennomført to [regionale dialogmøte](#) om ung medverknad for barn- og unges representant, dei som jobbar med ungdomsråda i kommunane og leiar i ungdomsråda.
- Fylkeskommunen har gitt råd og innspel om medverkingsprosessar i kommunale plansaker
- [Fylkeskommunen har gjennomført kurs i universell utforming av dokument for kommunalt og fylkeskommunalt tilsette](#)
- Fagavdelingane har involvert dei fylkeskommunale råda i til saman 37 saker gjennom året, inkludert økonomiplan med handlingsprogram og fleire fylkesstrategiar.
- Fylkeskommunen har tatt i bruk ny modell for medverknad med kommunar og den vidaregåande skolen i arbeidet med Den kulturelle skolesekken.
- Fylkeskommunen arrangerte ei samling i samarbeid med Tverga (Ressurssenter for egenorganisert idrett og fysisk aktivitet) med mål om få til meir medverknad i anleggsprosessar for anlegg for idrett og fysisk aktivitet.
- UFA (ungdommen sine fylkesarrangørar i UKM) er 13 engasjerte unge frivillige mellom 15 og 20 år. Dei var essensielle i all planlegging av fylkesfestival i UKM, og for gjennomføring av sjølve festivalen.

# Miljøfylket

## Møre og Romsdal skal bli miljøfylke nr. 1

### Oppsummering av status for 2022:

2022 var året da naturmangfaldet for alvor vart sett på den internasjonale og nasjonale dagsorden. Det er også auka forventingar til fylkeskommunane om å ta vare på artar, naturtypar og økosystem. Samferdselssektoren har lagt målet om å ikkje ha tap av dyrkamark og myr ved vegutbygging på fylkesveg til grunn for si verksemd. Gjennom arbeidet i vassregion Møre og Romsdal er det satt i verk tiltak for å betre vassmiljøet i vassførekonster i fylket.

Fylkeskommune la fram sitt andre klimabudsjett i 2022, no som del av økonomiplanen. Det er lagt fram klimarekneskap bygd på tal frå miljøfyrtnårnrapporteringa. Nesten alle fylkeskommunale eininger er miljøfyrtnårn-sertifisert, og det er starta arbeid med å forbetre avfallshandtering og auke gjenbruk av inventar og utstyr. Det er stilt miljø- og klimakrav i fylkeskommunale innkjøp og i ulike tilskotsordningar. Det er også skaffa meir kunnskap om fylkeskommunen sitt klimafotavtrykk. Rapporten viser at samferdselssektoren står for dei klart største utsleppa. Det er samtidig kollektivtrafikken som står for den absolutt størst klimagassreduksjonen, og vi ligg an til å nå målet om å redusere CO<sub>2</sub>-utsleppa frå bussar og ferjer med 55 prosent i 2025.

Det er arbeidd med å legge betre til rette for friluftsliv. Vi har gjennom rådgiving og økonomiske tilskot lagt til rette for auka gjenbruk, bevaring og rehabilitering av eldre bygg- og anleggsmasse.

Heile organisasjonen har i 2022 arbeidd med å skru si verksemd i meir klima- og miljøvennleg retning, både fag- og stabsavdelingar. Vi er absolutt i gang med den store, grøne omstillinga vi må igjennom, det kjem fram av klimarekneskapen. I Fylkesstrategi for miljø, klima og energi legg vi retninga for Møre og Romsdal sine prioriteringar framover. Denne var på høyring ved årsskiftet, og blir lagt fram forvedtak i fylkestinget i juni 2023.

### Møre og Romsdal skal redusere klimagassutsleppa slik at fylket er klimanøytralt i 2030, og bidra til 55 prosent kutt i ikkje-kvotepliktig sektor

- Som grunnlag til fylkesstrategi for miljø, klima og energi, er det gjennomført [befolkningsundersøking](#) i Møre og Romsdal om klima og miljø
- Det er gjennomført medverknadsprosess både internt og eksternt for Fylkesstrategi for miljø, klima og energi, [utkast](#) vart sendt på høyring av fylkesutvalet i november.
- Det er skaffa betre kunnskap om fylkeskommunen sitt klimafotavtrykk og indirekte utslepp (frå kjøp av energi, varer og tenester) gjennom bestilling av ei [klimakost-analyse](#)
- Det er utarbeidd notat om kva som ligg i omgrepet «arealnøytralitet», lagt fram for fylkesutvalet i juni (vedlegg i [sak U-70/22](#))
- Det er lagt fram [klimarekneskap for 2021](#) i juni og klimabudsjett for 2023 som del av økonomiplanen med budsjett og handlingsprogram i desember ([sak T-107/22](#))

- Fylkeshusa, alle kompetanseregionene innan tannhelse og 17 av 21 skolar er miljøfyrtnsertifisert og fylkeskommunen sin miljøfyrtnrapport er lagt til grunn i klimarekneskapen. [Les meir i klimarekneskapen for 2022](#)
- I 2022 vart CO<sub>2</sub>-utslepp frå kollektivtrafikk med buss, båt og ferje i Møre og Romsdal redusert med 30 prosent samanlikna med 2018.
- I 2022 vart det skreve ny kontrakt på rutepakke 2 (Averøy, Kristiansund, Aure og Smøla) som inneber store utsleppskutt. Om lag 1,8 mill. rutekilometer vil frå 2024 bli køyrd med nullutsleppskøyretøy.
- Det er innført tiltak for å redusere klimagassutsleppa i vegdriftskontraktane, mellom anna krav til redusert utslepp på bilar/maskinar i vinterdrifta og mannskapsbilar, samt krav til årleg rapportering av utslepp frå entreprenørane.
- Det er auka fokus på klima ved produksjon og utlegging av asfalt, både i form av gjenbruk, bruk av lågtemperatur-asfalt og lengre levetid som følge av betre kvalitet.
- Det er starta opp eit arbeid med å kartlegge kunst- og kultursektoren i Møre og Romsdal sitt klimaavtrykk gjennom berekraftsmålingar i R8Me.
- Det er i tilskotsbreva for driftstilskot 2022 stilt krav om at tilskotsmottakar må legge FN sine berekraftsmål til grunn for eiga drift.
- I Den kulturelle skolesekken har fleire utøvarar nytta el-bil på turne. I 2022 har vi leigd el-bilar til tilsvarande ca. 10% av utøvarane.
- Det er vedtatt eit mål om 5% reduksjon av klimagassutslepp frå den fylkeskommunale bygningsmassen samanlikna med 2021. Metoden for innhenting av informasjon vart kartlagt i 2021, men grunna vakansar har fylkeskommunen ikkje greidd å prioritere arbeidet med å rapportere på dette i 2022.
- I 2022 var forbruket ca. 21,0 GWh elektrisitet og ca. 4,5 Gwh fjernvarme fordelt på 234 509 kvm fylkeskommunale bygg. Reduksjonen i straumbruk frå 2021 til 2022 utgjer om lag 4 prosent, eit prosentpoeng mindre enn målet.

## Møre og Romsdal skal forvalte sjø- og landareaala slik at det blir lagt til rette for berekraftig verdiskaping, basert på ein arealbruk som avgrensar behovet for transport, og hindrar unødvendige landskapsinngrep

- Saman med KS nasjonalt er det gjennomført to digitale kurs i konsekvensutgreiingar for planleggjarar internt og i kommunane. Sjå [opptak her](#)
- Det interkommunale arbeidet med areal, klima og transport (**PAKT**) i Ålesundsregionen er ferdigstilt og vedtatt i kommunane Ålesund, Sula og Giske, og vedtatt som regional plan av fylkestinget.
- Kartportalen Gislink som fylkeskommunen driftar saman med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal og Trøndelag og Trøndelag fylkeskommune blir stadig meir nytta, i 2022 viste brukarstatistikken i snitt 210 000 requests (klikk) per veke.
- Det er utarbeidd kart som viser kor langt ein kjem ved å gå på ti minutt frå sentrum i alle kommunesentra i fylket.
- Det er utarbeidd kart til kartlegging av friluftslivsområde i 4 kommunar (Aure, Sunndal, Hustadvika, Kristiansund).
- Prosjekt for friluftslivets ferdsselsårer (2019-2023) har i samarbeid med friluftsråda, kommunane og Miljødirektoratet blitt vidareført. 15 kommunar har fått tilskot til å starta arbeidet med å lage ein plan for friluftslivets ferdsselsårar.
- Det er gjennomført ei kartanalyse for å sjå kor mange i Møre og Romsdal som har tilgang til ei merka og skilta turroute nærare enn 500 meter frå der dei bur. Omrent 35 000 personar i Møre og Romsdal har tilgang til merka og skilta turuter nærare enn 500 meter frå der dei bur.

## Møre og Romsdal skal ha god tilstand på 90 prosent av økosystema både på land og i vatn, og stanse tap av naturtypar og artar

- Det er sett i gang 50 tiltak i vassområda i fylket i 2022 for å oppnå og oppretthalde god miljøtilstand i vassførekostane. [Meir informasjon om vassforvaltninga finn de på vannportalen.no](#)
- Samferdselsområdet har i handlingsprogrammet i 2022 mål om å ikkje ha tap av dyrkamark og myr ved vegutbygging på fylkesveg. Her har det blitt bygd ned 0,6 dekar i samband med utbetring av vegen mellom Austnes og Ull
- Regional vassforvaltningsplan for Møre og Romsdal vassregion 2022-2027 vart godkjent av Klima- og miljødepartementet (KLD) oktober 2022. Planen sett mål om god økologisk tilstand i vassførekostar i regionen og inneholder tiltak for å nå måla.

## Møre og Romsdal skal bevare viktige landskap, og redusere tapet av verdifulle kulturminne og kulturmiljø til under 0,4 prosent årleg

- Fylkeskommunen er høyringsinstans for om lag 1 500 byggesaker/arealplanar med innspel til sikring av viktige kulturmiljø. Tapet av registrerte verneverdige kulturminne ligg innanfor ca. 0,1 og 0,4%
- Fylkeskommunen har samarbeidd med Riksantikvaren om utveljing av 12 "kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse" i Møre og Romsdal, det såkalla KULA-registeret.
- Gjennom Ein bit av historia er det jobba målretta for vern av historiske ferdsselsårer i fylket, med vekt på Den Trondhjemiske Postvegen.
- Det er gjennomført tilstandsvurderinger av 10 freda bygg og anlegg der resultatet er lagt inn i databasen Askeladden
- Molde kommune har kartlagt dei fleste kulturminna i kommunal kulturmiljøplan og lasta desse inn i Askeladden. Det er også starta opp eit tilsvarende arbeid i Stranda.

## Møre og Romsdal skal basere auka produksjon og bruk av energi på energieffektivisering, fornybare energikjelder og utslippsfri energi

- Det er satt i gang prosjekt innafor fornybar energi for å bidra til å etablere verdikjede for hydrogen i Møre og Romsdal. Dette inngår som ein del av prosjektet ladepunkt og energistasjonar.
- På oppdrag for Møre og Romsdal fylkeskommune har Multiconsult kartlagt [potensialet for solkraft](#) på bygg og på utvalte grå areal i Møre og Romsdal fylke og kommunane Kristiansund, Molde og Ålesund.

## Møre og Romsdal skal førebygge at uønskte hendingar skjer, og ha ein fysisk, digital og organisatorisk infrastruktur som er rusta til å takle klimaendringar og akutte kriser

- [FylkesROS](#) for Møre og Romsdal vart ferdigstilt i november og var orienteringssak i fylkesutvalet i oktober.
- Det er gjennomført faste beredskapsøvingar slik at vi er godt rusta når dei verkelege hendingane oppstår. 6 av 7 planlagde øvingar vart gjennomført, den siste er utsett til 2023. Vi har også planlagt og gjennomført fleire øvingar for naudetataane, til dømes ulukker og brann i tunnel. Ei viktig oppgåve framover er å tilpasse dei mest kritiske delane av fylkesvegnettet til

klimaendringar som aukar risikoen for flaum, skred og ekstremvîr. Nær alle dei 186 stikkrennene som vart skifta i 2022 var dimensjonert for auka vassføring.

- Ved ekstremvêret Gyda som førte til store skadar på vegnettet i januar 2022, vart beredskapen testa i praksis og fylkeskommunen har i ettertid fått gode tilbakemeldingar på handtertinga.

## Møre og Romsdal skal ha ein leiande posisjon i utviklinga av ein grøn sirkulær økonomi med høg grad av gjenbruk, og god avfallshandtering

- [Workshop om sirkulær stadutvikling april 2022](#) vart arrangert i samarbeid med Natural State og Circularities i Molde med rundt 25 deltarar frå kommunane i fylket.
- [Workshop om samarbeid om sirkulær samfunnsutvikling november 2022](#) vart arrangert i samarbeid med Framtidslaben, Framtiden i våre hender, SoCentral og DOGA i Ålesund.
- Gjenbruk av vegutstyr i utbyggingsprosjekt er vurdert der det er aktuelt.
- Gjenbruk er vurdert i førebuande arbeid i alle FRAM sine nye driftskontraktar.
- Det vart sendt eit politisk vedtak ([sak U-31/22](#)) til Kultur- og likestillingsdepartementet for å styrke forankringa av berekraftsmåla i føresegnene for spelemidelordninga.
- BDO leverte ein rapport om forvaltninga av spelemidelordninga til fylkestinget i desember. Der kom dei med anbefalingar om betre forankring av berekraftsmåla i ordninga. BDO-rapporten og vedtak i fylkestinget vil bli følgd opp i 2023. Lenke til rapport
- I samarbeid med næringslivet er det gjennomført gjenbruk av all innreiing og inventar ved Waterfronthotell i Ålesund. Innreiinga (veggar med meir) skal brukast opp att i Julsundvegen 47 og 49 i samband med etableringa av Molde berekrafthub og samlokalisering av Molde Eigedom KF og fylkeskommunen sine Bygg- og eigedomstenester.
- Gjennom miljøfyrårn-ordninga blir det arbeidd med reduksjon i restavfall frå fylkeskommunale skolebygg. Det er utfordringar med ulik praksis og kvalitet hos dei ulike renovasjonsselskapene, noko som gjer det vanskeleg å samanlikne resultata frå år til år. Dette vil bli følgt opp med renovasjonsselskapene i 2023.

# Inkluderings- og kompetansefylket

Møre og Romsdal skal vere eit attraktivt og mangfaldig fylke der folk vel å bu

## Oppsummering av status for 2022:

Møre og Romsdal har aldri hatt høgare gjennomføringstal for vidaregåande opplæring og det er auke i del ungdommar som får førsteønsket om val av utdanningsprogram oppfylt. Det er også stor auke i gjennomførte karriererettleiingar for vaksne. Målet om 1 300 nye lærekontraktar vart nådd med god margin.

Det er sett i verk fleire kompetansehevande tiltak for kultursektoren, og 40 000 elevar har fått oppleve kulturtilbod gjennom Den kulturelle skolesekken.

Den offentlege tannhelsa har i 2022 arbeidd med å ta att etterslep som følgje av pandemien og er nær målsettingar som er sett for dekningsgrad for dei ulike målgruppene. Det er betring i tannhelsa for 3 av 4 indikatorårskull. Ei ny oppgåve i 2022 var å etablere behandlingstilbod til 21- og 22-åringar.

Dei kollektivreisande byrja å vende tilbake etter pandemien, men også året 2022 var prega av pandemi. Likevel er det ein positiv utvikling, spesielt mot slutten av året.

Saman med kommunane og næringsliv har fylkeskommunen vore med å realisere sentrumsutviklingsprosjekt i både byar og tettstader. Betydningen av gode bustadar og nabolog er sett på dagsorden. Rammene for det vidare arbeidet blir lagt i fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader som blir lagt fram for vedtak i fylkestinget i april 2023.

Innvandring har i 2022 bidratt til målet om at fleire busette seg i Møre og Romsdal. Om lag 2 400 flyktningar vart busett i kommunane i Møre og Romsdal i fjor, blant desse ca 2 000 frå Ukraina. Fylkeskommunen har auka innsatsen for integrering og inkludering, det vart mellom anna sett av fem millionar kroner til frivillige organisasjoner til integreringstiltak for flyktningar.

**Møre og Romsdal skal ha nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer god fysisk og psykisk helse, og er prega av tillit, tilhøyrslle, tryggleik og tilgjenge**

- Det er sett i gang seks tiltak i Folkehelseprogrammet. Sentrale tema i programmet er livskvalitet, rusførebygging, psykisk helse og barn og unge.
- I 2022 har resultata frå folkehelseundersøkinga i 2021 inngått i skriftleg oversikt over folkehelsa. Undersøkinga og oversikta har blitt følgt opp gjennom God Helse samarbeidet med kommunane og satt på dagsorden i ulike nettverk.

- Det er tildelt 16 tilskot til ulike prosjekt for integrering av flyktingar i Møre og Romsdal. Innhaldet i prosjekta har vore svært variert, alt frå sjakk, svømmetrening, innkjøp av e-sportutstyr, Jonsokfeiring, å få med flyktingar på ulike festivalar med meir.
- Det vart fordelt tilskot på til saman 104,3 millionar kroner til 104 anlegg innanfor for idrett og fysisk aktivitet i heile fylket.
- Det vart tildelt tilskot til tilrettelegging av 18 statleg sikra friluftslivsområde
- Det vart tildelt tilskot til 19 forskjellige aktivitetstiltak i regi av friluftslivsorganisasjonar i Møre og Romsdal
- Samferdselsområdet hadde i 2022 mål om at talet på hardt skadde og drepne var mindre enn 24. Ingen vart drepne på fylkesvegane i Møre og Romsdal i 2022, men det var fleire hardt skadde. Talet på hardt skadde blir kjent i løpet av hausten 2023.

## Møre og Romsdal skal ha ei tannhelseteneste med god kvalitet, pasienttryggleik og høg kompetanse, som gir prioriterte grupper god tannhelse

- Dekningsgraden for pasientgruppene barn, unge og eldre har betra seg i 2022 i høve "pandemiåra" 2020 og 2021
- Tannhelsetilstanden, målt i førekomst av karies, har betra seg for indikatorårskulla 3-, 5-, 15- og 18-åringar i 2022. For 12-åringane ser vi ein liten auke i karies.
- Tannhelse for dei to yngste indikatorårskulla (3- og 5-åringar) er betre enn landsgjennomsnittet.
- Sjølv om 15- og 18-åringane i fylket har fått betre tannhelse enn tidlegare år, ligg vi framleis under landsgjennomsnittet for desse og 12-åringane.
- Den offentlege tannhelsetenesta har frå 1.1.2022 etablert eit behandlingstilbod til 21- og 22-åringar.
- Både klinikstrukturen og driftsrammene er endra gjennom omstillingsprosjektet "Omstilling 2020". Omorganiseringa har sikra ein fullfinansiert tenestestruktur med betre føresetnader for rekruttering og stabil bemanning.
- Det er i 2022 igangsett tannhelsesekretærutdanning i fylkeskommunal regi i eit samarbeid mellom tannhelsetenesta og BORK karriere og kompetanse ved Borgund VGS. Utdanningstilboden er oppretta for å møte ei auke i etterspurnaden etter autoriserte tannhelsesekretærar.
- [Nybygde distriktstannklinikkar](#) vart i 2022 sett i drift i Sykkylven og i Aure på Nordmøre. Du kan lese meir på [mrfylke.no](#)
- Planleggingsarbeidet knytt til etablering av nye kompetanseklinikkar ved Campus Kristiansund og på Søre Sunnmøre har halde fram i 2022.
- Fem nyinnkjøpte mobile behandlingseiningar har blitt testa ut i 2021-22. Ytterlegare tre unitar er innkjøpt i 2022. Behandlingseiningane vil bli nytta for å utføre tannhelsetenester på helseinstitusjonar og sjukeheimar for lite mobile pasientar.

## Møre og Romsdal skal ha spesialisthelsetenester med høg kvalitet som gjer at innbyggjarar i alle delar av fylket er trygge på at dei får nødvendig helsehjelp når dei treng det

- Både leiinga i Helse Møre og Romsdal HF og Helse Midt-Norge RHF hadde orientering for fylkestinget i oktober.
- [Fylkesutvalet](#) gav høyringsinnspel til [Regional utviklingsplan 2023-2026 for Helse Midt-Norge RHF](#) (sak U-158/22)

## Møre og Romsdal skal ha eit utdannings- og kompetansetilbod som møter behova i samfunnet og fører til inkludering, integrering, verdiskaping, nytenking og livslang læring

- 82,8 prosent av elevane som starta i vidaregåande opplæring i 2015 har fullført med studiekompetanse etter 5 år eller yrkeskompetanse etter 6 år. Dette er det høgste gjennomføringstalet for Møre og Romsdal nokon gong.
- 89 prosent av søkerane med ungdomsrett har fått oppfylt primærørnsket sitt om val av utdanningsprogram på vg1, talet for 2021 var 87,9 prosent.
- Gjennom godt samarbeid med arbeidslivet i fylket har 1 377 ungdommar fått lære- eller opplæringskontrakt i 2022.
- 4,2 prosent av lærekontraktane vart heva i 2022, dette er ein nedgang frå 2021 då 6,1 prosent av kontraktane vart heva.
- Resultatet frå elev- og lærlingundersøkinga hausten 2022 viser høg trivsel og godt læringsmiljø blant våre elevar og lærlingar.
- Det er gjennomført 1 142 karriererettleiingar for vaksne i Møre og Romsdal, ein stor auke frå 2021, der talet var 729. 96 prosent av brukarane er nøgd med rettleiinga dei har fått.
- 90 prosent av søkerane til vidaregåande opplæring for vaksne fekk tilbod om å starte opplæring i 2021/2022, og 82 prosent fullførte opplæringa som planlagt.
- Fylkeskommunen deltok i det nasjonale prosjektet «Formidlingskompetanse i folkebibliotek», som skal auke kompetansen hos bibliotektilsette i heile landet.
- Gjennom prosjektet "Litterære pusterom – Shared reading for større livskvalitet" er det arrangert kurs for å sertifisere leseleiarar frå heile fylket.
- Det er arbeidd med ein rapport for forprosjekt til rekrutteringsordning for bibliotekfagleg kompetanse.
- Det er gjennomført to kompetansehevande kurs for tilsette og publikum i folkebiblioteka som stimulerer til bruk av spel i bibliotek.
- Det er tildelt fire stipend til masteroppgåver innan folkehelse og kulturarv.
- Det vart signert ny samarbeidsavtale mellom fylkeskommunen og VOFO (Voksenopplæringsforbundet) i Møre og Romsdal.
- I løpet av 2022 har om lag 40 000 elevar i grunnskolen og den vidaregåande skolen hatt besøk av Den kulturelle skolesekken. Det har vore 69 ulike produksjonar på vegen, 18 av desse var verkstader som skolane sjølv har bestilt.
- Gjennom prosjektet "Nye muligheter for digitale talenter" jobbar ein for å finne nye vegar til fagopplæring innan IT- og mediefag for ungdom i utanforskap.
- Nye utdanningstilbod innan visuell teknologi ved Campus Kristiansund er under utarbeiding v/Høgskolen i Molde.
- Fylkeskommunen lyste ut tilskot til formidlingssamarbeid i ABM-sektoren som skal utvikle tenestene i arkiv, bibliotek og museum.

## Møre og Romsdal skal ha inkluderande og trygge byar- og tettstader med sær preg, som tilbyr gode bummiljø og offentlege rom, attraktive arbeidsplassar, eit variert kultur- og tenestetilbod, og miljøvennleg transport

- Utkast til Fylkesstrategi for attraktive byar og tettstadar vart sendt på høyring av fylkesutvalet i juni (sak U-78/22)
- Program for berekraftig by- og tettstadutvikling vart etablert og sett i gong med verknad frå 2022. Åtte byrom og møteplassar ferdigstilt i 2022. Sjå eigen rapport frå programmet (sak KNF-17/23).
- Fylkeskommunen arrangerte eit bustadseminar som samla ca 70 deltakrar frå kommunane og regionale statsetatar

- Fylkeskommunen, Ålesund kommune, Møre og Romsdal kunstsenter og Høstscena arrangerte seminar om kunst i offentlege rom og stadutvikling om kunst i offentlege rom og stadutvikling
- Fylkeskommunen har saman med kommunane Ulstein, Ørsta og Volda deltatt i pilotprosjektet "planlegging for aldersvenlege byar og tettstader" i regi av Husbanken.
- Fylkeskommunen har følgt opp [GNIST-ordninga](#) til Doga og [prosjekt i Vanylven kommune](#).
- Som grunnlag til fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader er det utarbeidd ei [rettleiing](#) i fortetting av byar og tettstadar og gjennomført eit oppfølgande [webinar](#) for kommunane om fortetting med kvalitet
- Saman med Distriktscenteret har fylkeskommunen arbeidd for å styrke distriktskommunar i samfunnsutviklarrolla. Prosjektet inkluderer i Møre og Romsdal kommunane Fjord, Aure, Tingvoll og Sande. [Sluttrapport frå Sintef vart lagt fram i 2022](#).
- Program for berekraftig by- og tettstadutvikling har løyvd tilskot til gjennomføring av mogelegheitsstudie for Geiranger sentrum, og delteke med rådgjeving og oppfølging knytt til dette arbeidet.
- Bysamarbeidet «Byen som regional motor» (BRM) har vore vidareført i 2022, som eitt av tre delprosjekt i Program for berekraftig by- og tettstadutvikling. Det vart gjennomført to fellessamlingar for prosjektgruppene i Kristiansund, Molde og Ålesund.
- Det vart tildelt 5,7 mill. kroner til byutviklingsprosjekt i dei tre største byane i juni 2022.
- Av BRM-prosjekt som vart ferdigstilt eller opna i 2022 var leike- og aktivitetsområde ved Sjøfronten i Molde, område for eigenorganisert aktivitet ved Idrettens hus i Molde, snarveg- og trappeprosjekt i Ålesund sentrum, nytt byrom utanfor Bybadet i Ålesund, nærmiljøanleggget ved nye Kolvikbakken ungdomsskule i Ålesund, kunnskapsgrunnlag for ny parkeringsstrategi i Ålesund og innbyggjarløben «Innom» i Molde.
- Talet på kollektivreiser med buss (utan skoleskyss) har auka med 33 prosent samanlikna med 2021. Talet på reiser med hurtigbåt har auka med 28 prosent samanlikna med 2021.
- Samanlikna med 2019 (før koronapandemien) viser talet på kollektivreiser (utan skoleskyss) med buss ein nedgang på 11 prosent. Tala viser at dei kollektivreisande byrja å vende tilbake etter pandemien, men at også året 2022 var prega av pandemi.
- Om lag 38 prosent av rutekilometerane for bybusstrafikken i Ålesund blei køyrd med el-bussar.
- Åtte folkebibliotek i fylket fekk tilskot til bibliotekutvikling, som skal stimulere til nye tiltak og prosjekt
- Prosjektet Litteraturhus Møre og Romsdal har i samarbeid med alle folkebiblioteka i fylket gjennomført litteraturarrangement for både vaksne og barn.
- Det er gjennomført ei kartlegging av kunsten i Møre og Romsdal fylkeskommunes eige. All kunst er no registrert inn i Norsk kunstdatabase. Endeleg rapport er klar 1. februar 2023.
- Utgreiing av skulpturlandskap Møre og Romsdal vart gjennomført i 2022 og det vart fatta vedtak om å arbeide meir heilskapleg med by- og tettstadutvikling der kunst og kultur er ein integrert del av arbeidet frå starten.
- Det er gjeve fråsegn til ei rekke utbyggingsplanar i by- og tettstader i høve godt vern, forvaltning og arealutnytting i forhold til verneverdig busetnadsmiljø.
- Kulturavdelinga har gitt omrent 100 millionar i tilskot. Desse har gått mellom anna til regionale kulturinstitusjonar, kunstinstitusjonar, allmennkulturelle organisasjonar, festivalar, kulturarrangement, kulturmiljø, kulturminne, frivillige og interesseorganisasjonar innanfor helse.
- Det vart delt ut ni kunstnarstipend i 2022 på til saman 1 million kroner.
- Det vart i 2022 etablert eit forprosjekt for Nasjonalt postveiprosjekt med mål om å ivareta og skape verdiar langs Den Trondhjemske postvei. Prosjektet er eit samarbeid mellom dei tre fylkeskommunane Møre og Romsdal, Trøndelag og Vestland, samt Statens vegvesen ved Norsk Vegmuseum.
- Viti fekk i 2022 i oppdrag å utarbeide eit kunnskapsgrunnlag om utvikling av ei fyrled i fylket. Dei leverte i desember ein rapport med oversikt over fyr i fylket vårt, kva betydning etablering av fyr har hatt historisk og kva potensiale fyra har for verdiskaping og utvikling i notid.

- Det er gjennomført kartlegging av ulike typar krigsminne og forvaltning av krigsminne som kunnskapsgrunnlag for vidare arbeid med "historiske leder".

## Møre og Romsdal skal ha eit kultur og fritidstilbod som er relevant og tilgjengeleg for alle, og frivillige lag- og organisasjonar som skaper mangfold og engasjement

- Gjennom regionalt e-bokkonsortium tilbyr fylkeskommunen saman med biblioteka eitt breitt utval av e-bøker og -lydbøker til alle innbyggjarar.
- [UKM fylkesfestival](#) vart i 2022 arrangert på Eide i Hustadvika kommune. [UKM fylkesfestival](#) vart gjennomført etter ny modell.
- Ordninga arrangørtilskot til innleige av profesjonelle frilansmusikarar vart auka med 300 000 til 1,3 mill. kroner. Dette førte til at 52 av 64 søknader vart innvilga. Konsertaktiviteten til lag og foreiningar har tatt seg gradvis opp etter pandemien.
- [Gjennom ordninga "Kulturrabatt for ungdom"](#) har unge i alderen 15-20 år fått tilgang på rimelegare kulturopplevingar.
- Arkaden (møteplass for datakultur) i Kristiansund er etablert som eit fritidstilbod til ungdom på kveldstid og driftast frå hausten 2021 av Kristiansund kommune som ein del av ungdomssatsinga «Bakgården».
- I verdiskapingsprogrammet UNG kunst og kultur er det inngått nye samarbeidsavtalar med sju kommunar. Samarbeidsavtalane regulerer eit gjensidig tilskot for å fremme UNG kunst og kultur og stimulere til arbeid på feltet i hele fylket.
- Det er gjennomført åtte skrivekurs for ungdom på biblioteka i Aukra, Averøy, Hareid, Rauma, Smøla, Stranda, Surnadal og Tingvoll
- Gjennom 2022 markerte ein Frivilligheitsåret i heile Møre og Romsdal. Fylkeskommunen hadde tre hovudmarkeringar. I tillegg så var vi medarrangør då Norske Frivilligsentralar sykla gjennom fylket i veke 24.
- [Frivilligheitsprisen](#) vart delt ut under fylkeskulturkonferansen 2022
- Det er gjennomført ei undersøking om deltaking i fritidsaktivitet. 3681 elevar frå vidaregåande og ungdomsskolar i fylket svarte.

# Verdiskapingsfylket

Møre og Romsdal skal ha eit internasjonalt leiande næringsliv og ein innovativ offentleg sektor

## Oppsummering av status for 2022:

Skaparkraft, programmet for langsiktig omstilling av næringslivet og satsing på berekraftig eksport, vart operasjonalisert frå 1. januar 2022 og programmet delte ut 15,7 millionar kroner i tilskot til 22 ulike prosjekt. Formålet med programmet er å styrke eksportnæringane i fylket og stimulere til utvikling av nye næringar gjennom samarbeidsprosjekt og tilskotsordningar innanfor fire satsingsområde: Grøne industrielle løft, Smart teknologi, Fornybar energi og Kompetanse i og for næringslivet.

Gründertenesta hoppid.id er utvikla vidare og bidrog til 338 nye forretningsidear og alle kommunane har fått kompetanseheving Reiselivsnæringa har fått støtte til marknadsføring av fylket og det er gjennomført samlingar i dei fire bedriftsnettverka der reiselivsbedrifter, matprodusentar og kulturaktørar samarbeider om nye produkt. Det er ei eiga satsing på kulturarven vår langs historiske strekningar, det er gitt tilskot til utvikling av profesjonell kunst og kultur og det er gitt to filmstipend.

Det er ein tydeleg auke i forskings- innovasjons og digitalseringsprosjekt som fylkeskommunen finansierer og deltek i. Det gjeld innan alle fagområda i fylkeskommunen. Prosjektet Digi Møre og Romsdal har bidratt til kompetanseheving på digitalisering både i fylkeskommunen og i alle kommunane.

Fylkeskommunen har i 2021 prioritert store ressursar på å gjøre transportsystemet trygt, smart og miljøvennleg, og tilpassa innbyggjarane og næringslivet sine behov. Fylkesstrategi for samferdsel er førande for arbeidet.

Ein viktig føresetnad for å ta del i det grøne skiftet, er å ha tilgang på klimanøytral energi. Det er i 2022 fullført konseptvalsutgreiing for framtidig Kraftnett Nordmøre og Romsdal.

Fylkeskommunen har i 2022 lagt grunnlaget for å styrke arbeidet med seriøst arbeidsliv i fylket i den nye fylkesstrategien og modellen for seriøst arbeidsliv.

**Møre og Romsdal skal ha eit omstillingsdyktig næringsliv som grip moglegheitene i det grøne skiftet og opprettheld og styrkar si internasjonale konkurranseskraft**

- Gjennom programmet Skaparkraft er det gitt tilskot til utviklingsprosjekt på 15,7 mill. kroner til 22 ulike prosjekt. Dette har utløyst utviklingsarbeid til ein verdi på 28,8 mill. kroner når eigenandelen frå søker vert medrekna. (Ev lenke til - Årsrapport for Skaparkraft kommer – det blir lagt inn lenke så snart den er klar)

- Produksjon og nyskapande prosjekt har blitt stimulert gjennom den nye tilskotsordninga Profesjonell kunst og kultur. 1 million kroner vart delt ut til 14 mottakarar innan alle kunstnarlege uttrykk.
- Det har blitt arbeidd med ei stimulering av kunstfelte film og scenekunst. To filmstipend er lyst ut med søknadsfrist 15. februar 2023.
- Gjennom programmet Ein Bit av Historia, har fylkeskommunen bidratt til å utvikle kulturminne- og miljø som eit berekraftig produkt i reiseliv. Dette er primært gjort gjennom tilskotsordninga Verdiskaping langs historiske ferdselsårer, og Kulturarv i reiseliv.

## Møre og Romsdal skal skape fleire og betre nyetableringar og løfte fram bedrifter med potensial for vekst og internasjonalisering

- Alle kommunar har deltatt på kompetansehevande tiltak i regi av hoppid.no
- Høg aktivitet i næringslivet har gitt noko lågare tal nyetableringar i 2022 samanlikna med året før.
- Kulturavdelinga og kompetanse- og næringsavdelinga samarbeider om innsiktsanalyse for kulturell og kreativ næring. Denne legg grunnlaget for nye tiltak som skal styrke næringa.
- Nytt tilskot til verdiskaping innan kulturell og kreativ næring er lyst ut.

## Møre og Romsdal skal vere leiande i arbeidet med å skape lokale og miljøvennlege produkt og tenester, basert på lokale ressursar og lokal kultur

- Fylkestinget vedtok i desember Fylkesstrategi for landbruk. [Du kan lese meir om vedtaket for ny fylkestrategi sak T-97/22 i den politiske møtekalenderen](#)
- Det er tildelt til saman 5,8 mill. kroner i tilskot til 17 prosjekt innan næringsutvikling, rekruttering og kompetanseheving i landbruket. Dette har utløyst utviklingsarbeid til ein verdi av til saman 26 mill. kroner.

## Møre og Romsdal skal styrke omstillings- og innovasjonsevna, utnytte digitale moglegheiter, og auke bruken av forsking, internasjonalt samarbeid og innovative innkjøp

- Det er gitt 26 mill. kroner i tilskot til 32 prosjekt frå Regionale forskingsfond Møre og Romsdal og 8 prosjekt frå MobPro - forprosjekt for å mobilisere til forskingsbasert innovasjon. Dette har utløyst FoU-arbeid på totalt 66,5 mill. kroner når eigenandel frå tilskotsmottakarane er medrekna.
- 94 prosent av husstandane i fylket har no fått tilbod om breiband med kapasitet på minst 100 Mbit/s og Møre og Romsdal er no det fylket i landet med best dekning. [Du kan lese meir om dekninga av breiband i nyheitssaka vår på mrfylke.no](#)
- Gjennom Smarerere transport i Norge har SINTEF utarbeidd fleire nye forskingsrapportar for prosjektet i Møre og Romsdal. Doktorgradsstipendiataren som er tilsett ved NTNU Ålesund i samband med Smarerere transport-prosjektet, kvalitetssikrar no eigne bølggesimuleringsmodellar opp mot faktiske ver- og vinddata frå smarte bøyer utplassert i Valderhaugfjorden. Arbeidet skal på sikt kunne gje god og riktig informasjon til autonome system i passasjerbåtar.
- FRAM samarbeider med fleire andre fylkeskommunar og kollektivselskap, for å utvikle ei ny mobilitetsplattform. Dette vil gi ny betalingsløysing på alle bussar og hurtigbåtar, og ny nettbutikk og app.
- Samferdselsområdet har i 2022 bidratt i arbeidet med å revidere Nordsjøkommisjonens handlingsplan for 2030 innanfor transport- og mobilitetsområdet. Gruppa har i tillegg laga ein

rapport med oversikt over miljøvenlege og innovative transport- og shippingløysingar i medlemsregionane.

- Møre og Romsdal 2025 er regional innovasjonspartner i KS Partnarskap for radikal innovasjon sitt arbeid med ung utanforskning.
- Digi Møre og Romsdal (delsatsing i MR2025) - alle kommunane i fylket har inngått avtale om varig digitaliseringssamarbeid frå 1.1.2023.
- Det er laga utviklingsplan for databasen MøreRom som gir oversikt over lokalhistoriske årsskrift i fylket.
- Det er samarbeidd med Riksantikvaren om kulturmiljødata med god praksis for informasjon i kulturmiljøforvaltninga.
- LD studio/DIGGA har laga ei virtuell læringsplattform for å stimulere til meir audiovisuelt innhald i UKM. Rundt 200 barn og unge sjekka ut plattforma og 50 laga innhald i prosjektet.
- Mullanfilm har laga "Fylgja" - ein interaktiv produksjon i den kulturelle skolesekken (DKS) etter eit innovativt innkjøp i 2021. Produksjonen er laga saman med elevar frå Atlanten ungdomsskole i Kristiansund etter fleire workshops.
- Det har vorte jobba vidare med å få oppretta eit regionalt kompetansesenter for dans knytt til Operaen i Kristiansund (OIK).
- Det er inngått eit aktivt eigarskap i Vestnorsk filmsenter
- Fylkeskommunen deltek i det nasjonale prosjektet DigIn, som skal sørge for fleire og betre digitale innhaldstjenester i biblioteka.
- Forprosjekt for tilskot- og dialogplattforma "min side" er gjennomført. Dialog med KS er oppretta og KS har kome med tilbod om prøveperiode. Det arbeidast videre med korleis KS "min side" kan sjåast i samanheng med programmet "Nye digitale arbeidsformer"
- **Fylkeskommunen har gjennom verdiskapingsprogrammet Ein bit av historia utvikla digitale univers basert på kulturhistorisk forsking gjennom FoU-samarbeid**
- Prosjektareaen har gjennomført fysiske kurs i prosessleiing for 70 tilsette, i tillegg til webinar og e-læring tilgjengeleg for alle.
- Prosjektareaen har vore ein aktiv samhandlingsarena for mange tverrfaglege workshops og samarbeid, både med interne og eksterne deltakarar. Eksempel har det vore samarbeid med internasjonal seksjon for å kartlegge og visualisere prosessar for internasjonalt arbeid for betre tilgjengeleg informasjon.

## Møre og Romsdal skal ha eit transportsystem som er trygt, smart og miljøvennleg, og er tilpassa innbyggjarane og næringslivet sine behov

- I 2022 hadde FRAM ein pilot på FRAM Svipp som er ein bestillingstransport til/frå Ørsta/Volda flyplass. Formålet var å pilotere nye mobilitetsløysingar og betre tilbodet til flyplassen.
- Det er i 2022 gjennomført 2 891 intervju med reisande og 1 003 webintervju for å måle kundetilfredsheita med kollektivtransporten i fylket. Undersøkingane viser at 90 prosent av dei spurte er svært godt eller godt nøgd med reisa.
- Det er gjennomført ei kampanje med gratis buss i samband med oppstart av bompengenakkrevjing i Bypakke Ålesund. Resultatet av bompengar og gratis buss har gitt ein auke i talet på kollektivreiser i Ålesund.
- Det vart frakta nærmare 4,3 mill. køyretøy på fylkesvegferjene i Møre og Romsdal i 2022. Dette er over 4 prosent meir enn i 2021, og 1 prosent meir samanlikna med 2019, som er siste normalår før pandemien. Samstundes med at talet på køyretøy auka i 2022, gjekk talet for attståande bilar ned med 15 prosent samanlikna med 2019.
- I 2022 har mobilitetsmiljøet i FRAM på Campus Kristiansund blitt etablert. I denne samanheng har FRAM fokus på å utforme/utvikle transportsystemet og transporttilbodet i samspel med andre aktørar sine tilbod.

- Samferdselsområdet har starta arbeidet med å utarbeide ein plan for kartlegging av vedlikehaldsetterslep. Det er satt i gang fleire tiltak for å få utarbeidd ein slik plan, og arbeidet blir vidareført i 2023.
- Samferdselsområdet skal også utbetre tunnelar etter krav i tunnelsikkerheitsforskrifta i samsvar med vedtatt investeringsprogram 2022-31. Her er måloppnåinga i 2022 på 33 prosent. Grunnen til dette er forsinka framdrift i noko av arbeidet, kor oppstart er flytta til februar 2023.
- To av dei fem store investeringsprosjekta på fylkesvegnettet som vart avslutta i 2022 gjekk over vedteke kostnadsramme, resten var innanfor ramma.
- Undervegsevalueringa som vart gjennomført mot sluttfasen av Nordøyvegprosjektet, kartla økonomiske verknadar og framtidstru hos nærings- og reiseliv på øyene. Dei ulike aktørane opplevde positiv vekst og økt sysselsetting knytt direkte til bygginga og trur at vegen vil ha positiv verknader i framtida.
- På fylkesvegnettet vart det i 2022 utført større vedlikehaldstiltak mellom anna på fv. 63 Grande, fv. 5876 Runde og fv. 5948 Fremmerholen.
- Det er asfalterrert om lag 186 km fylkesveg i 2022.
- Kvart år gjennomfører vi ulike trafikktryggingstiltak langs fylkesvegnettet. Bygging av rundkjøring og gangvegar med gangfelt gir sikrare ferdsel både for mijuke trafikantar og anna trafikk. I 2022 er det utført trafikktryggingstiltak på sju strekningar: fv. 6200 Skjærgådsvegen i Smøla kommunem. fv. 538 Frænavegen i Molde kommune, fv. 6206 Kveldssolvegen i Ålesund kommune, fv. 6102 Kvalvikveien i Kristiansund kommune, fv. 663 Elnesvågvegen og fv. 64 Nåsvegen i Hustadvika kommune og fv. 61 Hareidsvegen i Hareid kommune
- Skredsikring av Ågothammaren (Eikesdalen i Molde kommune) vart ferdigstilt i 2022.
- I 2022 starta arbeidet med bygging av gang- og sykkelveg langs fv. 65 mellom Vindøla og Røv i Surnadal kommune.[Du kan lese meir om gang- og sykkelveg langs fv. 65 mellom Vindøla og Røv på mrfylke](#)
- Ny Folla bru i Surnadal vart opna i oktober 2022. Du kan lese meir om prosjektet på [mrfylke.no](#)

## Møre og Romsdal skal ha eit mangfaldig arbeidsliv som legg til rette for likestilling og inkludering, og som legg reglar og avtalar i arbeidslivet til grunn

- [Fylkestinget vedtok i juni Fylkesstrategi for seriøst arbeidsliv](#)
- For alle vegprosjekt blir det gjennomført inntakskontroll for kvar nye underentreprenør i tråd med seriøsitsbestemmingar og kontrakt.
- Samferdselsområdet hadde mål om å ferdigstille system for kontraktsoppfølging for FRAM i 2022. Arbeidet starta i slutten av 2022, men på grunn av kapasitetsutfordringar vart ikkje arbeidet ferdigstilt og arbeidet blir derfor vidareført i 2023.
- 17 personar har i samarbeid med NAV fått arbeidstrening fylkeskommunen i 2022.
- 6 traineear har fått arbeidserfaring i fylkeskommunen i 2022.
- 27 har hatt lærepllass i fylkeskommunen .
- Inkluderings- og mangfaldsprisen vart tildelt Ekornes for sitt arbeid med å gje fast arbeid til dei som ikkje har det, og for godt samarbeid med flyktingenetensta og NAV.

## Møre og Romsdal skal ha nødvendig nettinfrastruktur og god tilgang på klimanøytral energi for vidare utvikling av nærings- og samfunnsliv

- Det er fullført konseptvalsutgreining for framtidig Kraftnett Nordmøre og Romsdal.
- Gjennom Skapakraft-programmet har åtte prosjekt fått støtte på til saman 5 275 000 kroner, sjå eigen årsrapport

# Større tverrgåande satsingar og prosjekt

Fylkeskommunen har mange ulike prosjekt og satsingar. Her finn du ei oversikt over nokre av dei største satsingane og prosjekta som det blir arbeidd med no.

## Berekraftfylket Møre og Romsdal

Prosjektet skal bidra til at berekraftsarbeidet i Møre og Romsdal har ei felles retning forankra i kunnskap om lokal status på berekraft. Eit sentralt mål er å legge til rette for at kommunane samarbeider om å løyse felles berekraftsutfordringar i partnarskap med ei bredde aktørar, og jobbar med berekraft på ein heilskapleg, systematisk måte.

Berekraftfylket Møre og Romsdal har i 2022 jobba med oppfølging av dei 6 felles regionale satsingsområda identifisert i berekraftskartlegginga frå 2021. Av desse har sirkulær økonomi har vore prioritert, og dette har m.a. resultert i deltaking i EU-prosjektet Circular Cities and Regions Initiative. Saman med kommunane har vi også utvikla eit delprosjekt med formål om å auke kompetanse om korleis ein integrerer berekraft på ei heilskapleg måte i plan- og styringsprosessar.

Berekraftfylket har samarbeidd med andre sektorar og initiativ for å løfte berekraftsarbeidet i regionen, og har ein sentral plass i det nasjonale berekraftsnettverket for kommunesektoren. I løpet av året har vi vore med å arrangere fleire [berekraftsfredagar](#) – opne webinar for alle som er interessert – med ulike tema: FNs berekraftsmål i verksemdstyringa, Berekraftig finans for kommunesektoren, Berekraftig mat – frå jord til bord, Berekraftige tekstilar, Berekraft og deling av dei gode idéane, Berekraftskompetanse, Smultringøkonomi. I tillegg har det vore to fysiske samlingar, blant anna ei i september 2022 med tema måling og indikatorarbeid. [Les meir om berekraftsfylket på mrfylke.no](#)

## Møre og Romsdal 2025

Dette er eit program der offentleg sektor med ansvar for Møre og Romsdal samarbeider for å styrke regionen. Fylkeskommunen er programeigar og samarbeider med kommunane i fylket, Statsforvaltaren og andre statlege aktørar. Programmet arrangerer møteplassar som Nyttårskonferansen, Statsetatstmøter og Levekårnettverket som grunnlag for samarbeid, og fasiliterer fellessatsingar på område der offentleg sektor ser behov for betre samarbeid, m.a. berekraft, digitalisering og utanforskning.

I tillegg til høg aktivitet i dei to største regionale fellessatsingane – Berekraftfylket og Digi Møre og Romsdal, har MR2025 i 2022 fått gjennomført ei kartlegging av ung utanforskning i Møre og Romsdal, og samarbeider med KS' Partnarskap for radikal innovasjon og kommunale og regionale aktørar om ei brei satsing for å motverke ung utanforskning. Programmet har i tillegg fasilitert og støtta fellessatsingar på statlege arbeidsplassar og styrking av Ungt Entreprenørskap.

[Les meir om programmet på mrfylke.no](#)

## Program for berekraftig by- og tettstadutvikling

Programmet vart vedtatt i desember 2021, og hadde første «driftsår» i 2022. Programmet har delprosjekt for utvikling av byane, tettstadene og nye mobilitetsløysingar, og skal bidra til at Møre og

Romsdal er eit attraktivt fylke å bu i, finne arbeid i og besøke.

For å få til dette bidrar programmet med ein kombinasjon av kompetansehevande tiltak på viktige område for by- og tettstadutviklinga, i tillegg til medfinansiering av og deltaking i gode utviklingsprosjekt i byane og tettstadene i heile fylket.

Program for berekraftig by- og tettstadutvikling har i 2022 hatt mykje aktivitet; frå seminar, møteplassar og frukostwebinar til fleire runder med tildeling av tilskot til by- og tettstadutvikling. Til saman 15,5 millionar kroner blei tildelt til by- og tettstadutviklingsprosjekt i totalt ti av kommunane i fylket. Programmet har utarbeida ein eigen årsrapport for 2022. [Du kan lese meir om programmet på mrfylke.no](#)

## Campus Kristiansund

Campusen er under bygging, med fundament og kjeller på plass før jul 2022. Det meste av byggetrinn 1 er no leigd ut, primært til aktørar knytt til hovudprofilen hav og helse. Campus Kristiansund Drift AS er etablert som et utviklingsselskap, eigd av fylkeskommunen og utbyggjarane Devoldholmen Utvikling. I 2022 har prosjektet arbeidd med å få fram nye utdanningsar i samarbeid med t.d. Høgskulen i Molde (IT-utdanning) og Høgskulen i Volda (lærarutdanning), i samarbeid med regionalt næringsliv og kommunar. Hausten 2022 starta også berekraftsprogrammet United Cities Internship Program (pilotår 2022-23) på Campus Kristiansund. [Du kan lese meir om Campus Kristiansund på mrfylke.no](#)

## Skaparkraft

Fylkeskommunen sette i gang satsinga Skaparkraft i 2022, eit tiårig omstettingsprogram med formål å styrke eksportnæringane i fylket og stimulere til utvikling av nye næringar.

Skaparkraft har fire satsingsområde:

- **Grøne industrielle løft:** tilskotsmidlar til utviklingsprosjekt der aktørar i fellesskap går saman om utvikling av grøne industrielle verdikjeder (vertikale, horisontale og sirkulære).
- **Smart teknologi:** tilskotsmidlar til kompetanse, digital og fysisk testinfrastruktur/tenester som bidrar til auka digitalisering og bruk av teknologi
- **Fornybar energi:** bidra til at næringslivet får tilgang til fornybar energi og infrastruktur gjennom samarbeidsprosjekt og tilskotsordningar
- **Kompetanse i og for næringslivet:** tilskotsmidlar til kompetanseheving og utvikling av nye utdanningstilbod

Skaparkraft har ei økonomisk ramme på 15 mill. kroner årleg i økonomiplanperioden. Programmet har ein velfungerande prosjektorganisasjon med styringsgruppe, referansegruppe og prosjektorganisasjon med programleiar og tre prosjektleiarar. I 2022 vart det gjeve tilskot og oppdrag for totalt 15 694 250 kroner til ulike utviklingsprosjekt og samarbeidsprosjekt i fylket fordelt slik på dei fire satsingsområda:

- **Grøne industrielle løft:** kr 5.050.000
- **Smart teknologi:** kr 4.819.250
- **Fornybar energi:** kr 5.275.000
- **Kompetanse i og for næringslivet:** kr 550.000

Du kan lese meir om satsinga Skaparkraft på [mrfylke.no](#)

## Opplev heile Møre og Romsdal - heile året

I fylkeskommunen sin økonomiplan er det for perioden 2022-2025 sett av to mill. kroner i året til prosjektet «Opplev heile Møre og Romsdal – heile året!» Målet er å gjere Møre og Romsdal meir

attraktivt som reisemål, ved å utvikle fleire berekraftige heilårssopplevingar.

Prosjektet er utvikla og blir gjennomført av kulturavdelinga og kompetanse- og næringsavdelinga i fylkeskommunen. Innovasjon Norge og reiselivsnæringa, gjennom destinasjonsselskapet, er også med på laget. Etter anbodskonkurranse er prosjektleiar hyra inn frå konsulentenselskapet 2469 Reiselivsutvikling.

Dei viktigaste eksterne aktivitetane i 2022 har vore gjennomføring av oppstartseminar i oktober, der prosjektet vart lansert med over 100 påmelde opplevingsaktørar i salen. Der vart også pilotprosjektordninga lansert, ei støtteordning for nettverk av bedrifter som vil utvikle nye opplevingar saman. Ni nye samarbeid fekk 50 000 kroner kvar til å kome i gang med verdiskapande samarbeid, og i 2023 vil desse kunne vere med i konkurransen om støtte til hovudprosjekt. [Du kan lese meir om prosjektet på mrfylke.no](#)

## Ein bit av historia

I 2022 har prosjektet:

- Gitt tilsgatt for til saman 1.560.000 under tilskotsordningar for Kulturarv i reiseliv, Verdiskaping langs historiske ferdsselsårer og Skilting/skjøtsel, aktivitet/formidling.
- Arrangert arbeidsseminar i Romania i prosjektet *Capital of Dacia – Living museum of European Cultural Heritage*.
- Miniutstillinga Veøy på turne i fylkets folkebibliotek:
  - digital gjenskaping av Veøya frå 900-talet basert på kulturhistorisk forsking.
  - distribuert gjennom Bibliotektransporten.
- Etablering og oppstart av forprosjekt for Nasjonalt postveiprosjekt i samarbeid med Trøndelag FK, Vestland FK og Statens vegvesen, Norsk vegmuseum.
- Samarbeid med kompetanse og næringslivsavdelinga i «Opplev heile Møre og Romsdal – heile året» - workshop med 100 deltakrar frå Opplevingsnæringa og tildeling av forprosjektmiddel til 10 forprosjekt.
- Digital formidling av middelalder-kaupangen Veøy i Tidsmaskin på Romsdalsmuseet (lansering i 2023, men finansiert i 2022)

Du finn meir informasjon om Ein bit av historia på [mrfylke.no](#)

## Omstilling Geirangerfjorden verdsarvområde og omland

Prosjektet jobbar for å legge til rette for nærings- og samfunnsutvikling i Geirangerfjorden verdsarvområde og omland, gjennom koordinering og finansiering av delprosjekt som bidreg til: Auka verdiskaping og lågare miljømessig fotavtrykk per turist/besøkande, fleire heilårssbusette, og betre samarbeid og koordinering mellom forvaltning og næring i Geirangerfjorden verdsarvområde og omland, ved å sikre informasjonsflyt og -deling mellom relevante aktørar.

I 2022 har det vore arbeidd mykje med løysingar for straumforsyning til Geirangerområdet, ei problemstilling som vert stadig meir prekær ettersom fristen for utsleppsfree ferdsel på fjorden i 2026 rykker stadig nærrare. Det manglar avklaringar frå sentrale styresmakter for å finne løysingar på dette.

Saman med Stranda kommune er det starta eit sentrumsutviklingsprosjekt for Geiranger, som ser på korleis bygda bør utformast til det beste både for store mengder besøkande og lokalbefolkinga. Samtidig er arbeidet i gang med småbåthamn og betre tilgang til sjøen, i regi av havnevesenet.

Ny heilårs vegløysing mot aust vil vere av avgjerande betydning for Geirangersamfunnet. Derfor har prosjektet gitt støtte til Geiranger Veginvest, som skal utgreie denne løysinga, i takt med planane for opprusting av Strynefjellsvegen.

Reiselivsnæringa i Geiranger har fått støtte til å utvikle og teste ut nye opplevingsprodukt som kan gi fleire besøk også i vinterhalvåret. Skal fleire finne vegen på vinteren, må vi ha opne tilbod, som er tilpassa den årstida. Les meir om tiskotsordninga

## Nordøyvegen

Heile Nordøyvegen opna 27. august 2022. Dei 2700 innbyggjarane på Nordøyane og resten av Ålesund kommune blir knytt nærmare saman gjennom fastlandssambandet. Næringsliv og private vil spare transportkostnadar og få eit meir fleksibelt og forutsigbart transportsystem.

Nordøyvegen erstattar to ferjesamband og eitt hurtigbåtsamband.

Prosjektet omfattar:

Lepsøybrua, 800 meter lang høgbru frå Skjeltene på fastlandet over skipsleia til sjøfylling mot Lauka og Hestøya.

- Laukebrua, ei 110 meter lang bru som ligg rett søraust for Lauka og Lisjelauka.
- Hamnaskjersundbrua, ei 200 meter lang bru i Hamnaskjersundet.
- Haramsfjordtunnelen, frå Hestøya til Austnes, 3500 meter.
- Nogvafjordtunnelen, frå Longva på Flemsøya til Fjørtofta, 5730 meter.
- Fjørtoftfjordtunnelen, frå Fjørtofta til Myklebust på Harøya, 3680 meter.
- Burbergtunnelen, ein miljøtunnel på Fjørtofta, 170 meter.
- Veg på sjøfylling over Lepsøyrevet, totalt 2735 meter.
- Ny veg over Fjørtofta.

[Nordøyvegen oversikt kart](#)

## Skredsikring Korsmyra – Indreeide

Indreedstunellen på fv. 63 mellom Korsmyra i Stranda kommune og Indreeide i Fjord kommune er under bygging. Tunnelen går forbi 13 skredpunkt på strekninga og vil gje sikrare og meir føreseieleg framkome for innbyggjarar, turistar og næringsliv.

Sommaren 2022 var det gjennomslag i tunnelen og etter planen blir den opna for trafikk før vintersesongen 2023/2024. I tillegg til tunnelen, inneheld prosjektet også 400 meter veg i dagen, ei 25 meter lang bru og ein 135 meter lang ledevoll for skred på Indreeide.

[Les meir om prosjektet på mrfylke.no/korsmyra](#)

## Smartare transport

Prosjekt skal utgreie løysingar for eit framtidsretta system for kollektivtransport med autonome og utsleppsfree passasjerbåtar i byar. Måla for prosjektet er mellom anna å:

- Bruke vassvegen som avlastning til vegnettet
- Bidra til eit framtidsretta og fleksibelt kollektivtilbod i byane
- Gi kollektivreisande betre oversikt, mobilitet og brukarvennlegheit
- Skape nærings- og kunnskapsutvikling

Med Ålesund og Kristiansund som utgangspunkt har prosjektet gjennomført transportfaglege analysar og gjort ei grundig kartlegging av status for autonomi til sjøs i dag. Basert på dette grunnlaget har prosjektet arbeidd med ulike fartøykonsept, framdriftssystem, seglingsfrekvensar og -mønster, smarte styringssystem og nødvendig landbasert infrastruktur for definerte konsept i kvar av dei to byane. Passasjertryggleik, regulatoriske utfordringar og datatryggleik er også viktige tema.

Avslutningsvis i prosjektet blir det utarbeidd kost-nytteanalysar som vil kunne legge grunnlaget for vidare realisering av konsepta. 2023 vil bli nytta til formidling, forankring og avslutning av prosjektet.

Prosjektet blir utvikla i samarbeid mellom SINTEF, NTNU, Ålesund og Kristiansund kommune.

[Les meir om prosjektet her](#)

## Nytt betalingssystem i kollektivtrafikken

I samarbeid med fleire andre fylkeskommunar og kollektivselskap er det starta eit offentleg-offentleg samarbeid for utvikling av ein ny mobilitetsplattform. Dette medfører at FRAM får ny betalingsløysing på alle bussar og hurtigbåtar, og ein ny nettbutikk og app. Gjennom denne satsinga får FRAM tilgang til ein mobilitetsplattform som bygger eit økosystem som fremmar digital innovasjon. Viktig stikkord i dette utviklingsløpet er open source, transparente prosessar, brukarsentrale løysingar, integrasjon mot Entur og smidig arbeidsmetodikk. Formålet med denne satsinga er å sikre alle innbyggjarar eit trygt, berekraftig og effektiv reisesystem. Appen har spesielt fokus på å optimalisere daglege reisebehov, òg dei lengre turane til spanande stader i vår region.

## Ny Nerlandsøybru

Bygging av ny Nerlandsøybru i Herøy kommune vart starta opp i 2022. Den eksisterande Nerlandsøybrua vart opna i 1968 og er ein del av fylkesveg 5878. Som ei rekke andre bruer som vart bygd på den tida, har bruva ein veldig slank konstruksjon som gjer den utsett for korrosjonsskader. Det er nettopp korrosjonsskader som er bakgrunnen for at det er behov for ei ny bru, der ein samtidig sikrar ei betre løysing for mjuke trafikantar, med gang- og sykkelvegar og nye busslommer.

Nye Nerlandsøybrua blir 574 meter lang. Bredda blir 11,5 meter, inkludert ein tre meter brei gang- og sykkelveg med rekksverk mot bilvegen. Ny bru skal stå ferdig i 2025.

[Les meir om prosjektet her](#)

## Ferjekaier

Fylkeskommunen er i gang med bygging av nye ferjekaier fleire stader i fylket. Ferjekaier er kompliserte konstruksjonar og anleggsarbeida skjer samtidig som det skal avviklast trafikk som normalt.

Ferjesambandet Sølsnes–Åfarnes er det tredje største fylkesvegsambandet i Møre og Romsdal og er svært viktig for trafikken mellom Nordmøre og Romsdal og Austlandet. Kaiene skal tilpassast dei nye nullutsleppsferjene med nye tilleggskaier (pirar), som skal stå ferdige til 2024. Det skal også byggast ny liggekai på Sølsnes (Gjertrudhammaren).

[Arbeidet med bygging av nye ferjekaier på sambandet Eidsdal–Linge starta også opp i 2022.](#) Kaiene skal kunne ta i mot nye og større ferjer med nullutsleppsløysning frå 2024. Dei nye ferjene i sambandet Eidsdal-Linge har ein kapasitet på 80 personbileiningar, mot dagens ferjer med kapasitet på 35 personbileiningar

## Tunneloppgradering

Fylkesvegnettet i Møre og Romsdal har 29 tunnelar som er omfatta av tunnelsikkerheitsforskrifta. 25 av dei har behov for oppgradering for å fylle krava i regelverket. Regelverket skal sikre tryggleik for trafikantar i tunnelane gjennom krav til å forebygge kritiske hendingar som kan sette menneske, miljø eller tunnelen i fare og for å sørge for vern i tilfelle ulykker.

I mange av tunnelane er det også nødvendig med andre utbetringar, med omsyn til trafikktryggleik, framkome og på grunn av forfall/vedlikehaldsetterslep.

Kontrakt for utbetring av Remefjelltunnelane på fv. 659 mellom Eidet og Brattvåg i Ålesund kommune vart lyst ut i 2022 og byggearbeidet skal startar opp i februar 2023. Det kører i gjennomsnitt om lag 2 900 køyretøy i døgnet gjennom Remetunnelane. 11 prosent av dei er lange køyretøy (tal frå 2021). Tunnelane er rekna som eitt av dei mest utsigge punkta på fylkesvegnettet i Møre og Romsdal, fordi store køyretøy legg seg inn mot midten av tunnelen på grunn av låg høgde.

Fire tunnelar på fv. 653 mellom Furene i Volda og Ulsteinvik er planlagt lyst ut i 2023. Tidspunkt for oppgradering av dei andre tunnelane blir bestemt etter kvart som gjennomføringsstrategien blir lagt, og i samband med fastsettinga av Møre og Romsdal fylkeskommune si til ein kvar tid gjeldande økonomiplan.

[Les meir om oppgradering av fylkesvegtunnelar på mrfylke.no](#)

## Bypakke Ålesund

Bypakke Ålesund er eit samarbeid mellom Ålesund kommune, Møre og Romsdal fylkeskommune og Statens vegvesen. Om lag fire milliardar kroner skal brukast på betre vegar, eit samanhengande gang- og sykkelvegnett, sikre mjuke trafikantar og legge til rette for auka bruk av kollektivtransport.

Møre og Romsdal fylkeskommune er ansvarleg for bygginga av ei rekke av prosjekta i Bypakke Ålesund. Dei største er Blindheim–Flisnes og nytt kollektivknutepunkt i Ålesund sentrum, men fylkeskommunen har også ansvar for mange mindre prosjekt og som har stor effekt for miljøet, tryggleiken og framkomsten for alle som brukar Ålesund. I 2022 starta fylkeskommunen opp tre trafikktryggingsprosjekt gjennom bypakken:

- Olsvika: Alvikvegen og Brudsalsvegen
- Oppstramming av kryss
- Flytting og forbetring av overgangar
- Betring av lysforholda ved utskifting av lysarmaturar og lysmaster
- Fv. 6210 Blindheimsbreivika
- Oppstramming av kryss
- Flytting og forbetring av overgangar
- Intensivbelysning av overgang ved Shell Vegsund
- Fv. 536 Gåseid, Kryss mellom Borgundvegen og Grønvika
- Oppstramming av kryss
- Flytting og forbetring av overgangar
- Forbetre belysning ved overgang og busslomme

## Bypakke Kristiansund

Fylkeskommunen deltok i treparts-samarbeidet mellom Statens vegvesen, Kristiansund kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune. I 2022 blei det gjennomført fire styringsgruppemøter med planlegging av bypakka. Det blir arbeida ut frå mål om lokalpolitisk behandling av bypakka våren 2023.

# Miljøfyrtårnrapport 2022


Møre og Romsdal fylkeskommune er sertifisert som Miljøfyrtårn-verksemd. Sertifiseringa inneber mellom anna at vi har eit miljøleiingssystem som sikrar at vi har sett oss mål for arbeidet, vi har ein organisasjon som handterer det daglege arbeidet og involverer leiing og tilsette. Gjennom den årlege rapporteringa får vi fram nøkkeltala og faktagrunnlaget som sett oss i stand til å følge opp resultata frå år til år.

## Avfall og ombruk

Vi har i mange år rapportert på avfalls mengdene vi leverer og kor mykje av dette som er sortert. Her har utfordringane vore å få kvalitetssikra tal, ettersom fleire renovasjonsselskap ikkje har kunne gi kvalitetssikra talgrunnlag. Dette ser ut til å bli betre no, ettersom selskapa prioriterer vaging av avfallet i staden for estimat ut frå talet på konteinerar.

Mange einingar har også mangla god infrastruktur for kjeldesortering. Dette er noko som einingane har teke meir på alvor siste året.

CO2- utslepp frå restavfall utgjorde 82 tonn i 2022. CO2 utslepp frå sortert avfall utgjorde 9,5 tonn.




Figur 1: Avfall i kg.

## Energibruk

Dei fleste bygga i fylkeskommunen er oppvarma med elektrisitet. Ved seks skolar er det teke i bruk fjernvarme. Denne fjernvarmen er produsert av brennbart materiale som pellets, LNG og restavfall. CO2-utsleppa frå fjernvarme-anlegg er no om lag det same som CO2-utsleppa frå produksjon av el-krafta vi brukar: El-forbruk: 825 tonn CO2, fjernvarme 834 tonn CO2.

Ved ni skolar har vi installert varmepumpe med grunnboring, to skolar har fått installert solcelleanlegg. Her er vi inne i ein prosess der stadig fleire får installert varmepumpe-teknologi og solcelleanlegg.



Figur 2: Energibruk i kWh.

## Transport

Dette er den desidert største utsleppskjelda vi har i fylkeskommunen. Ferjetrafikken åleine utgjorde i 2022 halvparten av CO<sup>2</sup>-utsleppa i fylkeskommunen. Områda ferjedrift, kollektivtransport og hurtigbåtar utgjorde til saman 93 prosent av dei samla utsleppa til fylkeskommunen.


Den omfattande elektrifiseringa av ferjeruter har ført til ein nedgang av CO<sup>2</sup>-utsleppa frå ferjedrift på 27 prosent frå 2021 til 2022. På den andre sida auka tenestereiser med fly og bilar med 136 prosent i 2022, noko som mellom anna kan forklarast av koronarestriksjonar i 2021.

## Klimagassutslepp

Tala frå energiforbruk, avfallsmengder, tenestereiser og anleggsmaskinar blir henta ut frå den årlege miljøfyrårn-rapporteringa.

Utsleppa frå reiser til-frå arbeidsstaden har vi rekna ut frå miljøundersøkinga som vart gjennomført våren 2022.

Utsleppstala frå ferje, buss og hurtigbåtar blir rekna ut frå drivstoff-forbruket som er motteke frå samferdselsavdelinga.



Figur 3: Klimagassutslepp frå fylkeskommunen si verksemd i tonn CO2e.

# Klimarekneskap 2022

Miljøfyrtaarn, klimabudsjett og klimarekneskap er gode styringsverktøy. I 2021 vart fylkeskommunen sitt første klimarekneskap laga.

Eit klimarekneskap skal presentere dei samla utsleppa i form av CO<sub>2</sub>-ekvivalentar. Målet er å kartlegge dei viktigaste kjeldene og drivarane bak klimagassutsleppa. Då kan ein finne og iverksette tiltak retta mot dei mest sentrale utsleppskjeldene. Klimarekneskapen skal vise om vi klarer å følge opp tiltaka som er beskrive i klimabudsjettet.

Klimarekneskapen som blir presentert i årsrapporten gjeld direkte utslepp frå verksemda til Møre og Romsdal fylkeskommune og samfunnet Møre og Romsdal. Med direkte utslepp meiner vi utslepp frå kjelder verksemda eig eller kontrollerer.

## Klimarekneskap for verksemda (2022)

Det vart laga klimabudsjett for 2022, men klimagassreduksjonane som følgje av tiltaka vart ikkje berekna.


Tal for verksemda sine utslepp er henta frå Miljøfyrtaårnsertifiseringa vår og inkluderer tal frå samferdselsavdelinga (ferje, hurtigbåt og buss), det er nytta tal frå 2022. Tala frå Miljøfyrtaarn inneheld bruk av eigne køyretøy og stasjonær forbrenning til oppvarming (scope 1), innkjøp av energi (scope 2) samt flyreiser og avfall (scope 3). Verksemda jobbar med interne rutinar for å sikre at vi fangar opp alle flyreiser og all køyring knytt til verksemda.

I mangel av samanlikningsgrunnlag er 2019 sett som referanseår, tilsvarande som Samferdsel har gjort i sitt arbeid med å redusere klimagassutsleppa frå kollektivtransporten.

Figuren under viser at dei totale utsleppa i 2022 var på 67 472 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar og at med dei planlagde tiltaka for å fase inn fossilfrie ferjer og bussar vil dei direkte utsleppa frå verksemda bli redusert med meir enn 55 prosent.

I framskrivinga ligg allereie vedtatt tiltak innan elektrifisering av ferjer og nullutsleppsbussar (Rutepakke 1, 2 og 3). I 2022 vart CO<sub>2</sub>-utslepp frå kollektivtrafikk med buss, båt og ferje i Møre og Romsdal redusert med 30 prosent samanlikna med 2018. I 2022 vart det skreve ny kontrakt på rutepakke 2 (Averøy, Kristiansund, Aure og Smøla) som inneber store utsleppskutt. Om lag 1,8 mill. rutekilometer vil frå 2024 bli köyrd med nullutsleppskøyretøy.

I tiltaksbana ligg rutepakke 4, 5 og 6, dei var ikkje vedtatt då årsrapporten blei skrive.



Figur 4: Klimagassutslepp frå verksemda basert på tal frå Miljøfyrtårn (MFT) og eigne tal frå samferdselsavdelinga.

Vi har laga ein tabell som viser eit utval tiltak verksemda har jobba med i 2022 for å redusere både direkte og indirekte klimagassutslepp frå eiga verksemde samt tiltak som påverkar andre sine klimagassutslepp.

Tabellen viser status på tiltaka som var beskrivne i klimabudsjett 2022-2025. Det har òg vore jobba med andre tiltak i fylkeskommunen i 2022, som bidreg til reduksjon i både direkte og indirekte klimagassutslepp frå eiga verksemde samt tiltak som påverkar andre sine klimagassutslepp. Sjå kapittel i årsrapporten om resultat. Dei fleste av tiltaka nemnt under Miljøfylket vil vere med å bidra til reduksjon av klimagassutsleppa. Ein del tiltak under Verdiskapingsfylket, Inkluderings- og kompetansefylket og Samarbeidsfylket bidreg også til klimagassreduksjon.

Tala frå Miljøfyrtårn gir ikkje eit komplett bilde av korleis verksemda påverkar klimaet då verken klimagassutslepp knytt til varetransport eller drift av bygg- og anleggsprosjekt er med.


Fylkeskommunen si verksemd fører og til utslepp andre stader som følgje av våre innkjøp (t.d. skulemateriell, inventar og byggematerialar). For å få eit anslag over kor store dei er og kva deler av verksemda som fører til dei største utsleppa andre stader har fylkeskommunen tidlegare berekna klimafotavtrykket frå verksemda ved hjelp av verktøyet Klimakost. Verktøyet er godt egna til å finne område ein bør sette inn tiltak, men ikkje til å spore årleg utvikling. Analysen er derfor ikkje gjentekne for 2022.

## Klimarekneskap for samfunnet Møre og Romsdal (2020)

Tal for direkte utslepp for samfunnet Møre og Romsdal er henta frå Miljødirektoratet. Tala kan hentast ut på kommune- eller fylkesnivå, ikkje på verksemdsnivå. I januar 2023 vart statistikken

oppdatert med tal for 2021. Utslepp og opptak i sektoren skog og arealbruk inngår ikke i tala.

Figuren under viser at dei direkte klimagassutsleppa i samfunnet Møre og Romsdal har vore relativt stabile i dei åra rekneskapen er publisert (heilstrukken linje). Frå 2009 til 2021 har utsleppa gått ned 5 prosent. Stipla linje (framskriving) viser korleis det er venta at utsleppa vil minke fram til 2030 basert på dagens politikk og beslutta tiltak. Småprikka linje (målbane) viser korleis utsleppa må minke med 55 prosent fram til 2030 og vidare ned til 95 prosent reduksjon i 2050. Framskrivninga viser at samfunnet ikkje planlegg tiltak som gir stor nok utsleppsreduksjon til at samfunnet når måla som er satt.



Figur 5: Direkte klimagassutslepp i Møre og Romsdal fylke, tonn CO<sub>2</sub>e.

Fylkeskommunen nyttar 2009 som referanseår for klimamåla for samfunnet Møre og Romsdal. Målbanan startar derfor i 2009.

I 2021 fordelte utsleppa i samfunnet Møre og Romsdal seg som i figuren under.



Figur 6: Fordeling av direkte klimagassutslepp i samfunnet Møre og Romsdal i 2021.

Dei største sektorane verksemda har direkte innverknad på utsleppa frå er:

- sjøfart, passasjer: gjennom ferje- og hurtigbåttilbodet
- vegtrafikk, bussar: gjennom busstilbodet

*Lokale klimamål i Noreg brukte 1991 som referanseår over lengre tid fordi 1991 var det første året SSB publiserte statistikk for klimagassutslepp i kommunane. Denne statistikken blei avslutta i 2009. Etter nokre års opphold begynte Miljødirektoratet i 2019 å publisere statistikk for perioden frå og med 2009. SSB sin avslutta tidsserie for perioden før 2009 er ikkje direkte samanliknbar med Miljødirektoratets nye publisering, og er ikkje oppdatert årleg på same måten. Miljødirektoratet publiserer utsleppsrekneskap for kommunar og fylkeskommuniar. Dei leverer ikkje tidsseriar lengre tilbake enn 2009. I klimabudsjett for 2022 tilrådde fylkeskommunedirektøren å flytte referanseåret for klimamåla frå 2005 til 2009.*

## Noter om framskriving


Verken kommunar eller private verksemder har plikt til å rapportere tiltak for å redusere klimagassutslepp. Fylkeskommunedirektøren har derfor ikkje oversikt over kva tiltak som er planlagt i Møre og Romsdal fylke. Fylkeskommunedirektøren lagde ei enkel framskriving til klimabudsjettet for 2022 for å synleggjere i kva retning fylket er på veg. Dei sist tilgjengelege utsleppstala var da frå

2019 og framskrivinga startar derfor i 2020. Denne framskrivinga ligg inne som stipla grå linje i Figur 2. Det er ikkje brukt ressursar på å lage ei ny framskriving.

I dag finnast det ikkje nasjonale standardar for å lage framskriving og det er krevjande å utarbeide detaljerte framskrivingar. Fylkeskommunedirektøren støtta seg på arbeidet med nasjonale framskrivingar frå Klimakur 2030. Det er viktig å ta inn over seg at framskrivinga er eit anslag. Målemetodane er usikre og framskrivinga er basert på ein del føresetnader som medfører usikkerheit i resultatet. Det er derfor svært sannsynleg at framskrivinga vil kunne endre seg i framtida.

# Slik er vi organisert

## Organisasjonskart for Møre og Romsdal fylkeskommune



Kart som viser politisk organisering finn du under Politikk

## Leiargruppa til fylkeskommunedirektøren

- Toril Hovdenak, fylkeskommunedirektør (frå 1.1.2023)
- Gunn Randi Seime, ass.fylkeskommunedirektør (konst. fylkeskommunedirektør i 2022)
- Erik Brekken, kompetanse- og næringsdirektør
- Arild Fuglseth, samferdselsdirektør
- Heidi- Iren Wedlog Olsen, kulturdirektør
- Anthony Normann Valen, tannhelsedirektør
- Per Olaf Brækkan, bygg- og eigedomssjef
- Dag Lervik, organisasjonssjef
- Gudmund Lode, juridisk sjef
- Inger Johanne Moene, kommunikasjonssjef

Du kan lese meir om fylkeskommunen som organisasjon på [mrfylke.no](http://mrfylke.no)


# Tilsette og årsverk i tal

Ved slutten av 2022 hadde Møre og Romsdal fylkeskommune 2656 tilsette og 2427 årsverk. Dette er ein nedgang på 39 tilsette frå 2021. Talet på årsverk har gått opp med 19 frå 2021.

Per 31.12.2022


## Tal på årsverk






Talet på tilsette i deltidsställningar har gått ned från 774 till 713 sedan 2017.


# Tal på tilsette i deltidstillingar




## Tal på mellombels tilsette




## Kjønnsfordeling i dei ulike sektorane



# Kvinner og menn i leiande stillingar (tilsette)




# Gjennomsnittsalder på tilsette




Per 31.12 2022


## Sjukefråvær 2013-2022




# Sjukefråvær i ulike aldersgrupper fordelt på kjønn




## Gjennomsnitt tal på veker foreldrepermisjon




# Gjennomsnittleg årslønn i Møre og Romsdal fylkeskommune




## Gjennomsnittleg årslønn, HTA kapittel 3




# Gjennomsnittleg årslønn, HTA kapittel 4



## Gjennomsnittleg årslønn, HTA kapittel 5



## Fag- og stabsavdelingar fordelt på lokasjon/kommune



# Organisasjonsutvikling

## Omstilling av organisasjonen

Med 2600 tilsette fordelt på lokasjonar i heile fylket, er fylkeskommunen ein av dei største arbeidsgivarane i Møre og Romsdal.

## Organisasjonsstrategi

[Organisasjonsstrategien](#) er vår felles plattform for korleis vi som organisasjon skal løyse samfunnsoppdraget og nå måla i den regionale planstrategien og fylkesplan. Frå organisasjonsstrategi til felles praksis gjennom organisasjons- og kulturutvikling, heilskapleg verksemdstyring og systematisk kvalitetsarbeid var tema for årets organisasjonskonferanse som samla nærmere 300 leiarar og tillitsvalde.

## Organisasjonsutvikling

Med utgangspunkt i prosjektet Omstilling 2020 og organisasjonsstrategien er det lagt eit godt grunnlag for utvikling for utvikling av organisasjonen og tenestetilbodet.

Nokre sentrale tiltaksområde i 2022:

- Vidare utvikling nye Ålesund vgs
- Vidare utvikling av Fagskolen i Møre og Romsdal
- Kompetanse- og næringsavdelinga har arbeidd systematisk med interne strategiar og felles målbilete. Det er arbeidd med tilrettelegging og tilpassing i nye lokalar og forarbeid til pilot om nytt bookingsystem for å utnytte plassen i arealet optimalt. Forarbeidet viser allereie at det er mogleg å fristille kontorplassar til tilsette i Ålesund og Kristiansund som er regelmessig til stades i Molde
- Vidareføring av OU-prosessar på samferdsel, her m.a. styrking av kommunikasjonsområdet
- Tannhelse og klinikksstruktur
- Utvikling av det tverrfaglege fagmiljøet ved Fosnagata 13 i Kristiansund. Vi har i dag 55 arbeidsplassar i Fosnagata 13 og ved innflytting i Campus er det tatt høgde for at dette talet kan aukast til om lag 70. Ved inngangen til 2023 blir det etablert ein OU-prosess omtalt som «Vegen til Campus – F13 som øvingsarena for nye arbeidsformer og verdiskapande samarbeid»
- For å følge opp organisasjonsstrategien og styrke digitaliseringa i organisasjonen, er det etablert «Program for nye digitale samhandlings- og arbeidsformer». Programmet består av sju prosjekt som er direkte knytt til utvikling og digitalisering av viktig infrastruktur og sentrale arbeidsprosesser for medarbeidarar i og brukarar av fylkeskommunen. Programmet omfattar desse prosjekta:
  - Retningslinjer for informasjonsforvalting og lagrin
  - Revisjon av kommunikasjons- og kanalstrategi
  - Nytt intranett og nettsideutvikling
  - Sak – og arkivsystem
  - Kvalitetssystem
  - Verksemdstyringssystem
  - Heilskapleg digital HR-løysing

Hausten 2022 og vidare i 2023 og 2024 blir det inngått avtalar om nye digitale støttesystem knytt til dei ulike prosjektområda i programmet.

Oppfølging av undersøkingar knytt til verksemdstyring og intern kontroll, og informasjonssikkerheit og personvern er tydeleg blir sett i nær samanheng med programmet. Det er utvikla ein modell for heilskapleg verksemdstyring og kvalitetsarbeid i samsvar med kommunelova § 25-1.

Fylkeskommunen skal ha eit sertifiserbart kvalitetssystem etter ISO standard 9001.

- Dei siste par åra har det vore auka samarbeid mellom fylkeskommunane på ei rekke viktige områder, og spesielt knytt til digital utvikling. I den samanheng er det etablert ny kollegie- og nettverkstruktur for å strukturere og styrke samarbeidet. Fylkeskommunen er også deltar i det regionale digitaliseringarbeidet gjennom Digi Møre og Romsdal som inngår i Programmet Møre og Romsdal 2025.

## Prosjektarenaen og tenesteutvikling

Prosjektarenaen er fylkeskommunens felles møteplass og ressurs for utviklingsarbeid. Det er tilrettelagt i form av både fysisk og digital arena. Prosesstøtte gis til heile organisasjonen uavhengig av lokasjon. Erfaringane frå både fysiske, hybride og digitale medverkingsprosessar er veldig gode både frå eksterne og interne deltakrar.

Tilnærminga som Prosjektarenaen brukar, er basert på tenesteutviklingsmetodikken Design Thinking. Operasjonalisert gjennom Prosjektarenaens minisprint-prosess, erfarer organisasjonen dette som ei god basistilnærming for dei fleste typar prosessar knytt til organisasjons- og tenesteutvikling. I 2022 har det vore satsa på opplæring i prosessleiing, der omkring 70 tilsette har gjennomført fysisk prosessleiarkurs.

Porteføljestyring for dei store samfunnsutviklingsprosjekta og -programma, er ein del av verksemdstyringa. Årshjulet for porteføljestyringa er koordinert med økonomiplanprosessen. Frå 2023 vil det også bli innført porteføljestyring for digitaliseringsområdet.

Robotisering har blitt eit viktig verktøy for forenkling av dei digitale arbeidsprosessane våre. Den digitale medarbeidaren vår RobOttar arbeidde i 2022 inn tid for til saman i underkant av to årsverk.

## HMS

HMS-arbeidet og arbeidsmiljøet var i 2022 prega av utviklingsarbeid innan kvalitetsleiing, standardisering av prosessar, og anskaffing av eit nytt kvalitetssystem i fylkeskommunen. Sistnemnte vil påverke avviks- og risikovurderingssistema vi har per i dag.

Vi har prioritert lovpålagn HMs-opplæring for verneombod, AMU-medlemmar og leiarar, samt opplæring i bruk av stoffkartotek og handtering av kjemikaliar.

Medarbeidarundersøkinga blei gjennomført i 2021 og 2022 har gått med til oppfølging av handlingsplanar.

## Rekruttering i fylkeskommunen

I 2022 rekrutterte fylkeskommunen 219 nye tilsette.

Av desse var 120 fast tilsette og 99 var tilsette i midlertidige stillinger/vikariat.

(Tala inkluderer tilsette som har starta i arbeid hos fylkeskommunen i 2022 da tilsetting gjeld frå tidspunktet vedkommande trer til i stillinga)

## Lønsutvikling

I 2022 er det gjennomført lokale forhandlingar for tilsette i kapitla 3 og 5 i HTA, jf. kriteria i lønspolitisk plan. Forhandlingsklimaet med organisasjonane opplevast som godt.

For tilsette i kapittel 4 vart all lønn fastsett sentralt i 2022. Lærarorganisasjonane streika over resultatet av meklingane, og i Møre og Romsdal ble skolane Romsdal vgs, Molde vgs og Hustadvika vgs ramma av streiken. Streiken vart avslutta etter vedtak om nemndsbehandling av konflikten hausten 2022. Resultatet frå rikslønnsnemnda er venta i mars 2023.

I kapittel 3 og 5 skjer all lønnsdanning lokalt. Den gjennomsnittlege lønnsutviklinga i kap. 3 vart på 3,89 prosent, og for kapittel 5 vart den på 3,84 prosent.

## Partsamarbeid

Fylkeskommunen legg vekt på gode samarbeidsforhold mellom partane i organisasjonen. Det er etablert mange møteplassar for informasjon, drøfting og samarbeid på ulike nivå i organisasjonen. Hovudsamarbeidsutvalet er arena for partane sentralt i fylkeskommunen, og i 2022 vart 30 saker behandla i utvalet. I tillegg blir tillitsvalte og verneombod inviterte til å delta på viktige møteplassar som læringsnettverk, kompetansetiltak og i arbeidsgrupper for organisasjonsutvikling, jamfør intensjonane i Hovudavtalen.

# Politiske møte

Møre og Romsdal fylkeskommune sitt øvste politiske organ er fylkestinget.

- Det vart gjennomført seks (14 møtedagar) fylkestingssamlingar i 2022. Her vart det behandla til saman 113 saker.
- Fylkesutvalet, som er fylkestinget sitt arbeidsutval, hadde 20 møtedagar og behandla 186 saker.

I tillegg har det vore orienteringar frå bedrifter, organisasjonar og kompetansemiljø i Møre og Romsdal.

Fylkeskommunen har tre hovudutval, ei plannemnd og seks rådgivande utval.

## Fylkesting, fylkesutval og hovudutval

| Utval                                  | Tal på rep. | Leiar   |
|--|-------------|---|
| Fylkestinget                           | 47          | Tove-Lise Torve (Ap)                            |
| Fylkesutvalet                          | 13          | Tove-Lise Torve (Ap)                            |
| Klagenemnda                            | 13          | Tove-Lise Torve (Ap)                            |
| Kontrollutvalet*                       | 5           | Terje Hals (Nml)/ Hans Kjetil Knutsen (SUNML)   |
| Kultur, næring- og folkehelseutvalet** | 13          | Marit N. Krogsæter (Sp) / Henrik Stensønes (Sp) |
| Samferdselsutvalet                     | 13          | Kristin Sørheim (Sp)                            |
| Utdannings- og kompetanseutvalet       | 13          | Per Ivar Lied (Sp)                              |

\* Val av nytt kontrollutval. Ny leiar Hans Kjetil Knutsen, T-60/22

\*\* Marit Nerås Krogsæter permisjon i tida 05.08.2022-05.01.2023, T-62/22

## Rådgivande utval

| Utval  | Tal på rep. | Leiar                       |
|--|-------------|-----------------------------|
| Ungdommens fylkesting                        |             | Niels Adon Leenders *       |
| Ungdomspanelet                               | 9           | Niels Adon Leenders*        |
| Fagskolestyret                               | 9           | Per Ivar Lied (Sp)          |
| Eldrerådet                                   | 7           | Anne Lise H. Følsvik        |
| Rådet for personar med nedsett funksjonsevne | 8           | Siv Katrin Ulla Hagala (Ap) |
| Utbyggingsutval for bygg og vegsaker         | 5           | Anders Riise (H)            |
| Yrkesopplæringsnemnda                        | 10          | Elin Ous (NHO)              |

\* Niels Adon Leenders vart valt som leiar under ungdommens fylkesting november 2022, og tok over

## Oversikt over aktivitet 2021-2022

|  | Møte<br>2022 | Saker<br>2022 | Møte<br>2021 | Saker<br>2021 | Utgifter<br>2022 | Utgifter<br>2021 |
|--|--------------|---------------|--------------|---------------|------------------|------------------|
| Fylkestinget                                 | 4            | 113           | 4            | 116           | 16593            | 15051            |
| Fylkesutvalet                                | 20           | 186           | 18           | 177           | **               | **               |
| Klagenemnda                                  | 2            | 3             | 7            | 24            | **               | **               |
| Kontrollutvalet                              | 10           | 55            | 10           | 58            | 531              | 782              |
| Samferdselsutvalet                           | 12           | 107           | 12           | 107           | 1517             | 1275             |
| Utdannings- og kompetanseutvalet             | 10           | 47            | 7            | 42            | 1353             | 1395             |
| Kultur-, næring- og folkehelseutvalet        | 12           | 146           | 11           | 127           | 1532             | 1170             |
| Ungdommens fylkesting                        | 3            | 8             | 1            | 13            | 1101             | 952              |
| Ungdomspanelet                               | 21           | 30            | 14           | 47            | ***              | ***              |
| Fagskolestyret                               | 6            | 54            | 4            | 23            |                  |                  |
| Eldrerådet                                   | 5            | 20            | 4            | 22            | 227              | 184              |
| Rådet for personar med nedsett funksjonsevne | 4            | 15            | 4            | 17            | 176              | 157              |
| Utbyggingsutval for bygg og vegsaker         | 9            | 37            | 9            | 41            | 720              | 788              |
| Yrkesopplæringsnemnda                        | 4            | 19            | 3            | 12            | 181              | 124              |

Saker= ordinære saker, ikke referatsaker

Utgiftene er oppgitt i 1000 kroner


\*\* Fylkesting + fylkesutval + godtgjersle fylkesordførar, fylkesvaraordførar og andre medlemer + representasjon

\*\*\* Ungdomspanelet + arrangering av Ungdommens fylkesting + Ungdomsmidlane (250 000 kr)

# Politikarane våre

## Politisk organisering

### Politisk organisering Møre og Romsdal fylkeskommune



Du kan lese meir om dei ulike politiske utvala og råda på [mrfylke.no](http://mrfylke.no)

### Fylkesordførar Tove-Lise Torve

Tove-Lise Torve representerer Arbeidarpartiet, og satt som fylkesordførar fram til 31.12.2022.



Fylkesordførar Tove-Lise Torve (Ap)

### Fylkesutvalet



Fylkesutvalet fv: Hans-Olav Myklebust (FrP), Yvonne Wold (Sv), Kristin Marie Sørheim (Sp), Anne Marie Fiksdal (FrP), Monica Molvær (H), Geir Asle Stenseth (FrP), Randi Walderhaug Frisvoll (KrF), Line Hoem (Ap), Anders Riise (H), Carl Johansen (MDG), Pål Farstad (V) og fylkesordførar Tove-Lise Torve (Ap). Ikkje til stades: Jan Ove Tryggestad

## Medlemmar av fylkestinget 2019-2023

Fylkestinget som var valt inn hausten 2019.

| Arbeiderpartiet           | Senterpartiet             | Fremskrittspartiet          | Høyre               |
|---------------------------|---------------------------|-----------------------------|---------------------|
| Tove-Lise Torve           | Kristin Marie Sørheim     | Frank Sve                   | Torgeir Dahl        |
| Line Hatmosø Hoem         | Jan Ove Tryggestad        | Jan Steinar Engeli Johansen | Anders Riise        |
| Eva Mariann Vinje Aurdal  | Marit Nerås Krogsæter     | Anne Marie Fiksdal          | Monica Molvær       |
| Jack Narve Sæther         | Ingunn Oldervik Golmen    | Gunnhild Meringdal          | Kjersti Andersen    |
| Hanne Notøy               | Per Ivar Lied             | Hans Olav Myklebust         | Falk Daniel Øveraas |
| Mellvin Arvid Steinsvoll  | Tove Henøen               | Håkon Lykkebø Strand        | Bente Bruun         |
| Siv Katrin Ulla Hagala    | Henrik Stensønes          | Roger Bach                  | Heidi Nakken        |
| Hege Merethe Gagnat       | Bernt Venås               | Geir Asle Stenseth          |                     |
| Lilly Gunn Nyheim         | Vebjørn Krogsæter         |                             |                     |
| Kristeleg folkeparti      | Sosialistisk venstreparti | Miljøpartiet De Grønne      | Nordmørslista       |
| Randi Walderhaug Frisvoll | Yvonne Wold               | Carl Johansen               | Elisabeth Jørgenvåg |

| <b>Arbeiderpartiet</b> | <b>Senterpartiet</b> | <b>Fremskrittspartiet</b> | <b>Høyre</b>                           |
|------------------------|----------------------|---------------------------|--|
| Harry Valderhaug       | Kim Thoresen         | Joakim Skaar              | Terje Hals                             |
| Victoria Smenes        | Anders Lindbeck      |                           |  |
| <b>Rødt</b>            | <b>Sunnmørslista</b> | <b>Venstre</b>            | <b>Uavhengig valliste for Sunnmøre</b> |
| Silje Alise Ness       | Hans Kjetil Knutsen  | Pål Farstad               | Bjarne Kvalsvik                        |

# Ung medverknad

## Ungdommens fylkesting (UFT)

UFT er ungdommene sitt øvste politiske organ i fylket. Dei diskuterer viktige saker som gjeld ungdom i fylket. Ungdommens fylkesting skal bestå av ungdom frå 13 og 19 år med folkeregistrert adresse i Møre og Romsdal.

Kommunane i Møre og Romsdal blir invitert til å sende to til tre delegatar til ungdommens fylkesting. Kommunar større enn 20 000 innbyggjarar får sende tre delegatarar. Desse blir valt av sine ungdomsråd. Ungdomspanelet inviterer i tillegg inntil ti delegatarar frå organisasjonar som representerer ungdom til UFT.

Ungdommens fylkesting skal gi ungdom meir innflytelse, opplæring i korleis dei kan delta i demokratiske kanalar og bidra til å auke ungdom sitt samfunnsengasjement.

Ei viktig oppgåve for UFT er å lage strategidokument for ungdomspanelet, UFT sitt arbeidsutval med faste møte gjennom heile året. Denne fekk i år nemninga [Ung stemme](#) – ungdomspolitisk program for Møre og Romsdal.

Ungdommens fylkesting vart i 2022 arrangert 18.-20. november i Molde.

## Ungdomspanelet

Under Ungdommens fylkesting blir det innstilt nytt ungdomspanel (UP). Ungdomspanelet har ni faste og fem varamedlemmar. Medlemane blir formelt valt av fylkestinget.

Ungdomspanelet har i perioden 2021/22 hatt 8, der 2 var digitale. Møta blei arrangert over heile fylket og dei har behandla totalt 36 saker. I tillegg til eigen møteverksemeld har Ungdomspanelet deltatt aktivt i ei rekke forskjellige møte, fylkeskommunale prosjekt, grupper, forskjellige samarbeid, konferansar og hovudutvalsmøte. Panelet har også planlagd og gjennomført Ungdommens Fylkesting 2022. I tillegg planla og gjennomførte UP to Erasmusprosjekt, eit med ei gruppe ungdom frå Polen med gjensidig utveksling og eit saman med dei andre fylkesungdomsråda i Norge. [Dette kan du lese meir om i årsrapporten](#).

## Ungdomspanelet 2022/2024

- Niels Leenders, leiar
- Vilde S. Kvalvik, nestleiar
- Nikola Bileska, medlem
- Ola Fredriksen Orset, medlem
- Tuva Johanne Rypdal Hovden, medlem
- Kristine Dimmen, medlem
- Rikke Frilund, medlem
- Kasper Dalhaug, medlem
- Mads Ødegaard Harstad, medlem
- Ida Fjerstad, vara
- Iver Aarebrot, vara
- Magnus Smørdal, vara
- Lisa Marie Nikolaisen, vara
- Guro Rørseth Flatmo, vara



Ungdomspanelet 2022-2023, Foto: Magnar Fjørtoft